


Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Bømlo



Bømlo kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003



Kartlegging og verdisetting av

Naturtypar i Bømlo

Bømlo kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 17/2003

Foto på framsida, frå toppen (foto Bjørn Moe):

1) Jordnøtteng på Spissøy, Siggjo i bakgrunnen, 2) Gammal alm i Engjadalen, 3) Skjelrot, 4) Furuskog ved Tjongspollen, 5) Vestlandsvikke 6) Kulturlandskap ved Finnås.

Ansvarlege institusjonar Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 17/2003
Tittel: Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Bømlo.	ISBN: 82-8060-025-6 ISSN: 0804-6387
Forfattar: Bjørn Moe	Tal sider: 107
Kommunalt prosjektansvarleg: Njål Gunnar Slettebø	Dato: 19.12.2003
<p>Samandrag:</p> <p>Rapporten er i basert på eige feltarbeid i Bømlo kommune i tida mai - september 2002 og litt supplerande arbeid våren 2003. I tillegg er det teke med tidlegare kjende område frå andre prosjekt i Bømlo. Asbjørn Knutsen har vore med som kjentmann og gitt viktige bidrag til kartlegginga. Han har arbeidd mye med beitemarksopp, og resultatata av dette materialet er med i rapporten. Også Jostein Kjærandsen har gitt opplysningar om beitemarksopp. Kartlegginga følgjer metoden omtala i DN-handbok 13 (1999).</p> <p>I Bømlo er det registrert 23 av dei 56 naturtypane som er skildra i DN-handboka. Det er registrert til saman 99 lokalitetar som er verdisett etter ein tredelt skala. Av desse er 38 område vurdert som svært viktige (A-område). Dei mange A-områda viser at det er myke interessant natur i kommunen, og ei rekkje lokalitetar med sjeldne artar. Det er registrert 15 raudlista artar karplantar, der fleire knapt finst i andre kommunar i Hordaland. 36 område er vurdert som viktige (B-område) og 25 område som lokalt viktige (C-område). Kvart enkelt område blir skildra på eigne faktaark. Områda er avgrensa på kart og digitaliserte.</p> <p>Det er laga ei oversikt over alle registrerte karplantar i kommunen med frekvens på dei ulike naturtypane (Vedlegg 1). 509 taxa er registrert, noko som må reknast som eit høgt tal.</p>	
<p>Referanse:</p> <p>Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Bømlo. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 17/2003: 1-107.</p>	
<p>Emneord:</p> <p>Biologi, biologisk mangfald, botanikk, flora, naturtypar, raudlisteartar, vegetasjon</p>	
<p>Bømlo kommune 5430 Bremnes</p> <p>Tlf: 53 42 30 00, Fax: 53 42 30 01</p> <p><i>www.bomlo.kommune.no</i></p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern-avdelinga Postboks 7310 5020 Bergen</p> <p>Tlf: 55 57 22 00 Fax: 55 57 22 01</p> <p><i>www.fylkesmannen.no/hordaland</i> <i>www.miljostatus.no/hordaland</i></p>

FORORD

Det vart i Stortingsmelding 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" sett som mål at alle kommunane i Noreg skulle ha gjennomført kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet i kommunen innan 2003. Eit utval av naturtypar i Bømlo kommune er no kartlagt og verdsett i samsvar med DN-handbok 13-1999, "Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av Biologisk mangfold".

Registreringane i felt vart utført av botanikar Bjørn Moe i 2002, samt litt utfyllande arbeid våren 2003. Asbjørn Knutsen har vore ein aktiv støttespelar i prosjektet. Han har gitt nyttige opplysningar om lokalitetar og vore med mange dagar i felt. Hans studie av beitemarksopp må framhevast spesielt. Parallelt med kartlegginga av naturtypane utførte Magnus Johan Steinsvåg eit tilsvarande oppdrag med å kartleggja viltområda i Bømlo.

Det er brukt mest tid på naturtypekartlegging i den sørlege delen av kommunen. Dette heng saman med at Søre Bømlo har ein langt meir næringsrik berggrunn enn i nord. Det har vore gjennomført relativt grundige synfaringar med båt på øyane i vest, utanfor Søre Bømlo, samt vestsida av Mosterområdet og i Tjongspollen.

Rapporten er skriven av Bjørn Moe i samarbeid med Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling.

Rapporten gir Bømlo kommune eit underlagsmateriale som vil gjere kommunen betre i stand til å ta naudsyn til naturverdiar i framtidig arealplanlegging, og slik ta vare på mangfaldet i Bømlo naturen.

Bremnes, 19.12. 2003

Njål G. Slettebø
Landbrukssjef (miljøansvarleg)

INNHALD

FORORD	5
INNHALD	7
INNLEIING	9
Kva er biologisk mangfald?	9
Bakgrunnen for kartlegging av biologisk mangfald	9
Kvifor ta vare på biologisk mangfald?	10
FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD	11
Kva skal kartleggast?	11
Kartframstilling	11
Brukarar	11
Oppdatering og revisjon	11
NATURGRUNNLAGET I BØMLO	13
NATURTYPAR	15
Generelt	15
Naturtypar i Bømlo	16
Myr (A)	17
Rasmark, berg og kantkratt (B)	18
Kulturlandskap (D)	20
Ferskvatn/våtmark (E)	23
Skog (F)	24
Kyst og havstrand (G)	27
RAUDLISTEARTAR	29
Generelt	29
Raudlista planteartar i Bømlo	30
Karplantar	30
Mosar	35
Lav	35
Sopp	36
LITTERATUR	39
KART OG FAKTAARK	41
ARTSLISTE KARPLANTAR	99

INNLEIING

KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og det samspelet desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og genar.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypene i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem, er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype, er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteikna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og utbreiinga til mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane fortsetter å virke. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhus, fritidshus, næringsverksemd og infrastruktur utgjer eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" uttrykt ei politisk målsetjing om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetjing av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett altfor dårleg. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige natur-

område vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvaltning i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional- og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå.

Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen eller Biodiversitetskonvensjonen (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnen til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både internasjonale- og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane imellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og bekjemping av sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sanking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, kan slike aktivitetar vere ein viktig trivselsfaktor. For mange menneske er naturen ei kjelde til rike naturopplevingar også utan dei tradisjonelle aktivitetane med direkte unytting av naturressursar.

Etiske-/moralske argument: ”Alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket.” Mennesket er den einaste arten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Metoden for kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande område:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekost av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten omhandlar naturtypar og raudlista planteartar. Parallelt med kartlegginga av naturtypar, har kommunen utført kartlegging av viltområde og laga status for viltartane i Bømlo (Steinsvåg & Overvoll 2003).

KARTFRAMSTILLING

Alle temakart blir digitaliserte med grunnlag i manuskart utarbeidd gjennom kartlegginga. Digitaliseringa gjer at datasetta lett kan tilpassast digitale innsynsverkty, og kommunen kan etter ønskje og behov, relativt enkelt utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

Til bruk i arealplanlegginga er det ønskjeleg at kommunen får utarbeidd samlekart over område med høg verdi for biologisk mangfald. Dette går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av slike kart (DN 2000).

BRUKARAR

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin eigedom. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og nye lokalitetar.

OPPDATERING OG REVISJON

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg ved suksesjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk (Figur 1) og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte med jamne mellomrom. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.



Figur 1. Vest for Vikavatnet ligg det eit område med kystlynghei (lok. 40), driven på tradisjonelt vis gjennom mange generasjonar. Store delar av vestkysten av Bømlo er dominert av denne naturtypen. Hadde det ikkje vore for lyngheidrifta med beitedyr i utmarka, ville det opne kulturlandskapet langs kysten vore dekt av skog og kratt, på same måte som denne holmen i Vikavatnet.

NATURGRUNNLAGET I BØMLO

Bømlo er ei øykommune samansett av ei rekkje store og små øyar, og nærleiken til havet set på mange måtar sitt preg på naturen. Vinteren er relativt mild (kaldaste månad er februar med ca. 1,8 °C), og det er mykje vind og fuktig luft, spesielt i den vestlege delen av kommunen. Talet på nedbørsdagar er høgt, men mengdene er nokså moderate med 1200-1300 mm i året.

Våren kjem tidleg og varer lenge. Sjøen dempar lufttemperaturen slik at den høgste middeltemperaturen kjem først seint på sommaren, i midten av august. Når lufttemperaturen kjem opp mot 20 grader på varme sommardagar, vil havlufta hindre vidare oppvarming i områda på vestsida av kommunen. På austsida kan temperaturen om dagen difor bli fleire grader høgare enn på vestsida. Dette gjeld både om våren og sommaren. Det beste sommarklimaet ligg ven-teleg i indre Håvik. Klimaet her er relativt lunt og varmt fordi området ligg i le av fjellet Siggjo og er godt skjerma mot nordavind.

Med 474 m o.h.. er Siggjo det desidert høgste fjellet i Bømlo, dei andre høgdene ligg lågare enn 200 m o.h.. Men sjølv om landskapet er lågt, er det svært oppreve med mange kollar og bratte fjellveggar. Dette gjer at det kan vere tungt å ta seg fram i terrenget. Landskapet er berglendt mange stader, noko som skuldast mangel på morenemateriale og andre lausmassar. Furu er det treslaget som er best tilpassa desse forholda, men mykje av skogen er glissen og småvaksen på dei skrinne stadane. Under dei bratte skråningane der det ligg rasmateriale, finn vi dei beste forholda for lauvskog. I sørvendte lier veks det varmekjære og kravstore lauvtre som eik, lind, hassel, ask og alm i rasmarka. Mange stader er det forvittringsjord, danna frå dei mjuke bergartane.

Berggrunnen er i stor grad frå kambro-silurtida, og dei mange ulike bergartane kan delast i eruptive, sedimentære og metamorfe bergartar. Søre Bømlo har den mest interessante geologien, med store veksingar over korte avstandar. Ein utbreidd eruptiv bergart er gabbro, som vi finn mykje av på vestkysten, frå Geitung over Hiskjo og vidare nordover omtrent til Meling. Men det finst gabbro også fleire andre stader. Dette er ein bergart som kan vere ganske rik på plantenæringsstoff, og difor veks det fleire kravstore artar her. Grønstein og grønskifer er andre utbreidde bergartar sør i kommunen, danna ved at basiske eruptivbergartar (basaltlava) er blitt omdanna. I desse bergartane er det amfibol og fleire andre viktige mineral. Forvittringsmaterialet frå dei basiske minerala i grønsteinen gir eit næringsrikt grunnlag for vegetasjonen.

I Mosterområdet går det ei sone med kalkstein, omlag i retning aust-vest. Kalksteinen vart avsett i ei tid då området var dekt av hav. Nokre stader har kalksteinen blitt omdanna til marmor. Marmor finst i Mosterområdet saman med fyllitt. Også i sørvest på Bømlo finst område med fyllitt. Denne bergarten forvittrar lett og gjev gode vilkår for vegetasjonen.

Den nordlege delen av kommunen er dominert av hardare bergartar som granitt, granodioritt og gneis. Den kjemiske samansetnaden er svært ulik bergartane på Søre Bømlo. Fordi dei er rike på kvartsmineral, blir jordsmonnet surt og fattig på plantenæringsstoff. Bergartane i nord forvittrar også langt dårlegare enn bergartane i sør.

Mosaikken av myr, lynghei og berg i dagen er eit karakteristisk trekk i landskapet. Vest i kommunen ligg det ei sone med skoglaus lyngmark og myr, medan mykje av austsida er dekt

med furuskog. Når ein køyrer sørover søre Bømlo, kan ein sjå at denne grensa omtrentleg følger riksvegen (Kart 1).

I floraen finn vi mange artar som ikkje tåler streng kulde. Desse tilhøyrer kystfloraen sidan dei berre veks i eit belte langs vestlandskysten (jfr. Fægri 1960). Blant slike artar finn vi vestlandsvikke, kusymre, purpurlyng, hinnebregne og havburkne. I Bømlo veks desse artane frå den vestlege skjergarden til områda lengst i aust, noko som viser at kystfloraen famnar over heile kommunen. Fleire av artane i floraen har ei sørleg utbreiing og veks ikkje nord for Sunnhordland, slik som bergflette og blodstorkenebb (Figur 2). Mange av artane krev kalk eller basiske mineral i berggrunnen. Dette i kombinasjon med nærleiken til havet, gjer at floraen i Bømlo er artsrik med spesielle særtrekk og fleire sjeldne artar. Det er registrert godt over 500 karplantar i Bømlo (Vedlegg 1).

Dei mange oseaniske plantane er eit viktig kriterium for å plassere Bømlo i den sterkt oseaniske vegetasjonsseksjonen, O3 (Moen 1998). Heile kommunen ligg også innanfor grensa til O3t som er ein vintermild underseksjon. Denne er karakterisert av eit planteliv med særleg frostvare artar. Havet jamnar ut temperaturen i lufta gjennom skiftande årstider. Havvatnet blir varma opp om våren og forsommaren, og som eit stort magasin held det lenge på varmen utover hausten og vinteren. Dette reduserer risikoen for tidleg nattefrost om hausten. Vekstsesongen blir dermed lang, som ein kompensasjon for at han ikkje er særleg varm.



Figur 2. Blodstorkenebb veks i kyststrok i Sør-Noreg frå Oslofjorden og nord til Sunnhordland. Denne vakre planten er meir vanleg i Bømlo enn i nokon annan kommune i Hordaland. Blodstorkenebb veks helst på kalkrike strandberg eller i skogkantar der det er godt med lys.

NATURTYPAR

GENERELT

Direktoratet for naturforvaltning har definert 56 naturtypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald og som difor skal kartleggast (DN-handbok 13, 1999). Om lag femti av desse naturtypene finst i Hordaland. Naturtypene som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå. Kriteria som er brukt ved utveljinga av kva naturtypar som skal kartleggast er:

Førekomst av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er trua, ofte ved at habitatet/leveområdet blir øydelagt.

Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttemarkar.

Særleg artsrike område, område som har eit stort artsmangfald på eit avgrensa areal. Omgrepet "artsrik" er relativt og må sjåast i samband med potensialet som finst i regionen. Rikmyr og fukteng er døme på naturtypar som ofte er artsrike.

Sjeldne naturtypar. Dette gjeld naturtypar som er sjeldne på landsbasis. På kommunenivå er det likevel òg viktig å få registrert naturtypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader. Område med rik edellauvskog i Bømlo er eit døme på dette. I andre tilfelle kan ein naturtype som er relativt sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg lokalt. Kystfurskog i Bømlo er eit døme på dette. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda.

Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.

Spesielle artar og samfunn. Ein del naturtypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturtypar er fossesprøytsoner, brannfelt og kjelder.

Høg biologisk produksjon. Naturtypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.

Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturtypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarkar, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle lokalitetar med ein bestemt naturtype er ikkje alltid like viktige. Verdisettinga kan variere frå lokalitet til lokalitet, sjølv om vi har med den same naturtypen å gjere. Her bruker ein eit sett kriterium som støtte under verdivurderinga.

Kriteria for verdisetting:
<ul style="list-style-type: none">• Storleik• Grad av tekniske inngrep• Førekomst av raudlisteartar• Kontinuitetspreg• Sjeldne utformingar

Skala for verdisetting:
A: Svært viktig
B: Viktig
C: Lokalt viktig

NATURTYPAR I BØMLO

I Bømlo kommune er det registrert 23 naturtypar av dei 56 som er skildra i DN-handbok 13. Dei er fordelte på seks av hovudtypane (berre kalkrike område i fjellet manglar). I tillegg er det registrert nokre naturtypar som ikkje blir fanga opp av DN-handboka, men som er viktig veksestad for enkelte lokalt sjeldne artar, t.d. dvergbjørk. Det er òg registrert spesielle førekomstar av raudlisteartar i område som ikkje fell inn under nokon undertype. I Tabell 1 er desse førte opp under dei aktuelle hovudnaturtypane. Totalt 99 lokalitetar er kartlagde med til saman 135 naturtypeeiningar. Korleis desse fordeler seg på dei ulike naturtypane går fram av Tabell 1. Den geografiske fordelinga er vist på Kart 2a og 2b og ei liste over lokalitetane er gitt i Tabell 6. Kvar enkelt lokalitet er til slutt gitt ein eigen omtale (s. 51-98).

Tabell 1. Kartlagte naturtypar i Bømlo fordelt på naturtype og verdi.

Hovedtype	Undertype	Kode	Verdi			Total*
			A	B	C	
Myr	Intakt låglandsmyr	A01	1			1
	Rikmyr	A05	3	4	3	10
	Andre	H00			1	1
Rasmark, berg og kantkratt	Sørvendte berg og rasmark	B01	15	3	2	20
	Kantkratt	B02	1	2	4	7
	Nordvendte kystberg	H00			1	1
Kulturlandskap	Slåtteeng	D01	1			1
	Naturbeitemark	D04	11	3		14
	Skogsbeite	D06			1	1
	Kystlynghei	D07	4	3	2	9
	Kalkrike enger	D08	4	3	1	8
	Skrotemark	D15	1	1		2
Ferskvatn/våtmark	Mudderbankar	E02	1			1
	Rike kulturlandskapssjøar	E08		2	6	8
	Førekomst av raudlistearter	H00	5			5
Skog	Rik edellauvskog	F01	3	4	2	9
	Gammal edellauvskog	F02		1		1
	Kalkskog	F03	1	1	1	3
	Rikare sumpskog	F06			1	1
	Gammal lauvskog	F07			1	1
	Bekkekløfter	F09	1			1
	Kystfuruskog	F12	1	2	2	5
Havstrand/kyst	Strender (sand/grus/rullestein)	G04		1		1
	Strandeng og strandsump	G05	1	10	1	12
	Brakkvasspollar	G08		4		4
	Kalkrike strandberg	G09	2	4	1	7
	Fuglegjødsla strandberg	H00		1		1
Totalt			56	49	30	135

* Det er kartlagt 99 lokalitetar i Bømlo (Tabell 6, Kart 2a og 2b). Nokre av dei inneheld meir enn ein naturtype, og dette er grunnen til at talet på naturtypeførekomstar er høgare enn talet på lokalitetar.

I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike hovudnaturtypane og førekomsten av desse i Bømlo. For ei generell og meir detaljert skildring av hovudnaturtypane viser ein til Fremstad (1997), Fremstad & Moen (2001) og DN (1999).

Myr (A)

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. På slike stader blir det mangel på oksygen, og nedbrytinga av daudt organisk materiale stoggar heilt eller delvis opp. Difor skjer det ei opphoping av planterestane, og det blir danna ei organisk jord eller torv.

Myr er ein viktig naturtype fordi mange artar av både plantar og dyr direkte er knytt til myr som veksestad eller leveområde. Myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

I heile fylket er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Men i kyststrokk, der det er høg luftfukt og relativt kjølige somrar, kan det lettare bli danna myr på fast grunn enn lengre inne i landet. Dette heng saman med at det heilt ute ved kysten er lite skog som kan suge opp vatnet frå jorda, noko som aukar myrdanninga. Der myr blir danna i skråningar i kupert terreng, gjerne i lyngheia mellom knausane, vert det kalla terrengdekkande myr. Det er lite av denne myrtypen i Bømlo i dag, og dei terrengdekkande myrane hadde ei vidare utbreiing tidlegare. Gjennom lang tid har mennesket skore torv til brensel, og restane av jorda og torva vart vaska vekk. Mange stader der det i dag berre er nakent berg, har det tidlegare vore torv.

Det finst fleire måtar å klassifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). I Bømlo er det mykje attgroingsmyr, eller blautmyr som ofte står i samband med små tjørn (Figur 3). Langs vatnet veks det flytande matter som gradvis fyller tjørnet med torv. I slike tjørn er det blitt funne enkelte svært sjeldne artar, slik som storak (s. 30) og toppstarr (s. 33). Dersom vatnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodd og forsvinne. Mange stader der det i dag ligg tett torv på ei jamn myroverflate, har det vore eit tjørn tidlegare, kanskje for berre nokre få hundre år sidan.



Figur 3. Attgroingsmyr i kanten av eit tjørn i furuskogsområdet på Søre Bømlo. I slike habitat veks det fleire sjeldne artar. Brunskjene er ein karakterart for dei mange rikmyrane i dette området.



Figur 4. To karakterartar for rikmyr i Bømlo. Engmarihand (t.v.) er ganske sjeldan, medan briuell (t.h.) veks ei rekkje stader, ofte i fuktige parti i mosaikk med lyngheia.

Mange av myrane i Bømlo er minerogene myrar som er sterkt påverka av dei kalkrike eller basiske bergartane som ligg under torva. Slike rikmyrar har ein vegetasjon med mange kravstore artar som myrsaulauk, jåblom, briuell og engmarihand (Figur 4). I feltsjiktet er det ofte gras og halvgras, slik som blåtopp, brunskjene, blåstorr, tvebustorr, loppestorr og engstorr. Brunskjene er ein sjeldan art i fylket, med eit klart tyngdepunkt i Bømlo (Fægri 1944). Rikmyr finst i kanten av små tjørner, gjerne som ein del av eit lite vassdrag i små dalar i furuskogen. Ytst mot ope vatn er lausbotn og mjukmatte dei dominerande myrstrukturane. Dikesoldogg og gytjeblererot, samt den meir sjeldne nøkkesiv er karakteristiske artar. Dei veks ofte på rikmyr sjølv om dei ikkje er strengt bundne til dette habitatet.

Heilt i vest finst det rikmyr som er tilknytt lyngheia. Dette kan være små parti med torv i fuktige søkk som dannar ein artsrik mosaikk med lyngmark på dei tørre knausane (Figur 4). Desse rikmyrane har ofte grunn torv, og dei har truleg vore mykje påverka av beiting og slått tidlegare. Fordi dei ofte er såpass små, må dei oftast kartleggjast som ein del av mosaikken i lyngheia.

Vegetasjonen på dei fattige myrane er meir einsarta og består av nøysame artar som torvull, duskull, klokkeløng, rome og storbjønnskjegg. På to av myrane i lyngheia veks det dvergbjørk, og det er svært uvanleg på kysten av Hordaland. Planten kan ha overlevd som relikt utmed kysten like sidan seinglasial tid (pionertida like etter istida).

Rasmark, berg og kantkratt (B)

Denne naturtypen omfattar vegetasjon på grunnlendt eller ustabile, tørre stader og finst i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, steinete bakkar, skrentar og strandberg ved havet. Naturtypen dekkjer typisk nokså små areal, men kan likevel vere voksestad

for ei rekkje interessante og sjeldne artar som er bundne til opne habitat der det er godt med lys.

Landskapet i Bømlo er som nemnt oppreve med mange bratte berghamrar. Men fordi høgdeforskjellane er såpass små, vert det ikkje danna store rasmarker i dette landskapet. Rasmarkene er altså ikkje noko viktig trekk i landskapet, men dei kan innehalde interessante artar. Det er viktig med innslag av finkorna forvittringsjord blant det grovare materialet av stein og blokker. Breiflangre og bergfaks kan være typiske på slik jord. Dette habitatet finst ofte i skogsmiljø under berghamrar, både i furuskog og i edellauvskog.

I rasmarka veks det buskar og kratt med dvergmispel, roser, rogn og asal. Desse kratta finst og som kantsoner i skogen, i kulturlandskapet og i vegkantar. Her veks trollnype (s. 32) og fagerrogn (s. 34), begge raudlista artar som er vanlege i kommunen, men sjeldne elles i landet. Slåpetorn (Figur 6) er ein søraustleg art som veks i mengd i kanten av lauvskogen og ut mot stranda ved Bømmelhamn. Planten finst og i Kallevågen. Strandberga kan vere artsrike habitat, og inneheld gjerne ein fargerik flora av blodstorkenebb (Figur 2), strandlauk, strandsmelle og rundskolm som grensar til ei sone med kantkratt innanfor.

Vest i kommunen ligg det mange stader bratte klipper som er eksponert mot det opne havet. Dei er særleg karakteristiske på Søre Bømlo og på fleire av øyane i den ytre skjergarden. Ei



Figur 5. Sørvendt berg med overheng er typisk habitat for dei sjeldne bregnane havburkne og hjortetunge. Bak dei to nausta på Nordre Lyklingholmen veks dei i den same bergsprekken.



Figur 6. På Søre Bømlo ved Bømmelhamn og i Kallevågen veks det slåpetornkratt.

rekkje stader finn ein den sjeldne bregnen havburkne (s. 31). Den veks i sprekker i dei vertikale strandklippene, spesielt der det er fjellgrunn med grøntstein, metabasalt eller gabbro. I mange av sprekkene med havburkne vart det observert utfelling av kalk, og det tyder på at berget har god tilgang på mineral og næring.

Den vintergrøne havburkna er avhengig av at noko sollys slepp inn, og difor er sprekkene den veks i alltid vendt mot sør eller vest. Berga med havburkne ligg like over flomålet, men planten veks i tuer, godt skjerma under overheng der det er eit konstant drev av fuktig havluft. Veksestaden i sprekker under overheng i berget er avgjerande for å oppnå høge temperaturar og minimalt med frost om vinteren. Dermed kan denne bregnen vekse mange stader i Bømlo. Bømlo er det sørlegaste av fleire område med havburkne på ytterkysten av Vestlandet.

Ein annan vintergrøn bregne, hjortetunge (s. 32), veks også i bergskårer, men ofte på meir skuggefulle stader enn havburkne. På Nordre Lyklingholmen og i Kvernavika veks det havburkne og hjortetunge på dei same lokalitetane (Figur 5). Hjortetunge er ikkje like knytt til drev frå havet som havburkne.

Hjortetunge og havburkne veks aldri i berg som vender mot nord. Men her finn vi ein annan bregne, hinnebregne (s. 31), som alltid unngår direkte innstråling frå sola, sidan dei tynne blada ikkje tåler uttørking. Nordvendte berg med hinnebregne er ikkje knytt til havet, og finst også i den austlege delen av kommunen, ofte i skuggefulle kløfter. I dei ”riktige” habitata er denne bregnen vanleg i Bømlo.

Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket, og det gjeld eigentleg svært mykje av naturen omkring oss, ikkje minst i Bømlo. Men i denne samanhengen brukar ein dette omgrepet

på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og utvalet av artar. Dette gjeld først og fremst jordbrukslandskapet. Gjennom ulike bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt utforma mange ulike leveområde for plantar og dyr i kulturlandskapet. For mange av artane er det truleg dei gode lysforholda, som ei følgje av slått og beiting, som er spesielt viktige.

Områda som skal takast med i naturtypekartlegginga er først og fremst landskap med restar av gamle, småskala driftsformer. Mange slike område har spesiell verdi for biologisk mangfald, både ved høg artsrikdom og med spesielt godt tilpassa artar. Etter kvart som dei gamle driftsformene forsvinn, blir fleire av dei artane som er tilknytt slike område stadig sjeldnare. Det er spesielt to årsaker til at mange artar i det tradisjonelle kulturlandskapet har gått tilbake: Intensiv drift med kraftig gjødsling av jordbruksareala fører til at mange artar forsvinn raskt frå beitemarka. Den andre faktoren skuldast attgroing med buskar og tre på dei areala som ikkje lenger blir haldne i hevd. På slike stader vil engartar kunne klare seg ei lang stund, kan hende i nokre tiår, men dei blir gradvis sjeldnare, og sluttar gjerne å bløme før dei endeleg er heilt borte.

I Bømlo har det som på resten av Vestlandet, skjedd ei attgroing av mange gamle, tradisjonelle kulturlandskap. Mykje av arealet som tidlegare var utmarksbeite, har blitt til skog og kratt med furu, bjørk, hassel og andre lauvtre. Ein omfattande bruk av kunstgjødsel har redusert mangfaldet i mange av dei områda der marka framleis er i bruk til slått og beite. Artar knytt til det gamle, tradisjonelle jordbruket har difor blitt sjeldne eller heilt borte. Det er også blitt planta gran og buskfuru i dei gamle kulturlandskapa, spesielt i den nordlege delen av Bømlo.



Figur 7. Lyngheilandskap med steile klipper eksponert mot havet, nord for Bømlahuk.



Figur 8. Skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea* er ein av dei mange beitemarksoppene som vekst i kulturlandskapet i Bømlo. Foto: Asbjørn Knutsen.

Den kulturlandskapstypen det framleis finst mykje att av i Bømlo er kystlynghei (Figur 7). Under tidlegare registreringar har det blitt kartlagt ei rekkje lyngheiområde, frå Bømlahuk i sør til Goddo i nord (Fremstad m.fl. 1991). Elles ligg det fleire kartlagde lyngheiområda lengst vest i kommunen.

Både lengst vest på Bømlo og på øyane utanfor er mange område i relativt god stand. Lyngheiane ytst ved havet er minst attgrodd av fleire grunnar. Klimapåkjenninga er større enn i aust, og det tar difor lengre tid for skogen å vekse opp. Det er også større avstand til eksisterande skog og dermed frø. Det ser òg ut til at det er flest beitedyr i utmarka i den vestlege delen av kommunen. Sommaren 2002 vart det registrert ein god del beitedyr i lyngheia, både på Søre Bømlo og på fleire av øyane i den ytre skjergarden. Mange av desse dyra er av ein utegangarrase som kan gå ute heile året. Det kan sjå ut til at talet på desse sauene er aukande og at dette er viktig for å halde landskapet i hevd. Talet på vanleg sau går derimot tilbake i takt med at stadig fleire bønder sluttar med dyr i utmarka.

Kystlyngheia i Bømlo er og mange stader i dårleg tilstand med mykje høg, forveda og grovaksen røsslyng. Slik lyng er ueigna som beiteplante. Spesielt på lune stader har eineren breidd om seg til tette kratt. Det krev omfattande brenning og andre tiltak for å setje desse lyngheiane i stand. I fleire område vart det registrert spor av brann som viser at forveda lyng og einar har vore brent for å få fram betre beitetilhøve med nye spirer av lyng med god beiteverdi.

I lyngheia veks det lokalt mykje purpurlyng, heistarr, kystmaure, kystmyrklegg og ei rekkje andre karakteristiske artar som er bundne til vestkysten av fylket. Den kalkhaldige berggrunnen gjer at vi finn typar av lynghei som er sjeldne andre stader i landet.

Naturbeitemarker som er haldne i hevd finst det mange av i Bømlo. Her er det gras og urter som dominerar, medan lyngen manglar eller inngår meir spreidd. På Hiskjo veks det solblom (s. 31) i store mengder, meir enn noko annan stad i Hordaland. Denne planten var mykje vanlegare før, men forsvinn der marka blir gjødsla eller gror att. På Hiskjo finst det òg kalkrik naturbeitemark med engkall, engstarr, marinøkkel og vestlandsvikke.

Enkelte beitemarker i Bømlo er artsrike og spesielt interessante, ikkje berre fordi dei er haldne i hevd, men og fordi berggrunnen inneheld mye kalk. Grasartar som hjartegras og kamgras er typiske på kalkrike enger saman med vill-lin, blåfjør og rundskolm. Mangfaldet av soppar på beitemark er uvanleg høgt i Bømlo, med ei rekkje sjeldne artar innan gruppene vokssopp (Figur 8) og jordtunger. Også beitemarksoppene står i fare for å forsvinne når det skjer endringar i det tradisjonelle kulturlandskapet.

Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar, større og mindre innsjøar. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drive jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreingskorridorar. Generelt har ferskvasslokalitetar i stor grad blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. drenering, attfylling, oppmuring, bekkelukking, bekkeutretting og forureining.

Vassdraga i Bømlo er små men talrike som ein følgje av den oppreve, låge topografien. Talet på små tjørn knytt til dei mange myrane er ganske høgt. Slike myrtjørn finst helst i område med furuskog og lyngmark. Eininga rik kulturlandskapssjø er ferskvatn som ligg i område med aktivt jordbruk. Næringsrikdommen i vatnet er dels eit resultat av tilsig frå dei gjødsla markene omkring, men kan også skuldast næringsrik leire på botnen. I Bømlo er det helst områda kring Svortland (Bremnes) som har dei fleste kulturlandskapssjøane. Eit anna område er dei små vatna på dei oppdyrka markene ved Langevåg og Andal.

Takrøyr er ein karakterart i mange kulturlandskapssjøar i kommunen. Dette graset som kan bli opp til 3 m høgt, dannar ofte tette bestand, og det er ikkje så mye anna som kan vekse inne mellom stråa. Slike lokalitetar kan være fuglerike habitat og dermed viktige for det biologiske mangfaldet. Små grunne tjørn kan bli heilt attgrodde med takrøyr. Smalt dunkjevle er ein annan storvaksen sumpplante som er langt mindre vanleg i kommunen enn takrøyr. Den veks i nokre buktar av Storavatnet nord for Svortland.

På finkorna botn finst gode vilkår for vegetasjon på mudderbankar, med kortskotsplantar som tjønngas, botnegras, evjesoleie og krypsiv. Desse artane veks på stader med grunt vatn der strandsona er utsett for å tørke ut. På slike stader er vilkåra for høge sumpplantar dårlege. Bustsivaks (s. 31) er ein ørliten og svært sjeldan sumpplante som vart funnen i berre eit tjørn i Bømlo. I kanten av tjørnet ligg det beitemark, og fordi det er ein viss grad av trakk og slitasje frå husdyr, blir ikkje vegetasjonen i vatnet særleg tettvaksen (Figur 9). Dermed blir det betre lystilhøve for vekst og frøspiring og mindre konkurranse i vasskanten.



Figur 9. Lenutetjørn har ei strandsone med finkorna sand og grus. Her veks den sjeldne og raudlista planten bustsivaks. I beitemarka omkring finst sauevokssopp og mange andre beitemarksoppar.

Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande, men blant naturtypane finst det også tresette område som blir rekna som kulturlandskap (t.d. hagemark og parklandskap). Etter høg fjell er skog den mest utbreidde naturtypen i Noreg. Omlag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet i landet er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Desse tala stig etter kvart som utmarka gror att. Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og danner dermed ei lang rekkje ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet, er knytt til skogen. Også svært mange raudlistearter, både dyr og plantar, lever i dette økosystemet. Dei fleste tilhøyrer artsrike grupper som insekt og sopp.

I Bømlo er det den austlege delen som har best skogdekning. I nordaust ligg det eit skogdekt område som strekker seg frå Rubbestadneset og sørover til Moster, vestover omlag til Ersland. Det største, samanhengande skogsområdet ligg på Søre Bømlo aust for riksvegen (Kart 1). Utanfor desse områda veks skogen berre lokalt og i blanding med lynghei og andre kulturlandskap. Som elles i Hordaland vart det planta ein god del skog i Bømlo på 1960-talet, særleg nord i kommunen. Men generelt sett har kulturskogen eit avgrensa omfang i Bømlo samanlikna med kystkommunar lenger nord i fylket.

Naturskog med furu er best tilpassa det opprivne landskapet, særlig der det er lite lausmassar. Her kan skogbotnen vere dekt av tjukke lag med humus. Røsslyng-blokkébærskog er ein vanlig skogtype, dominert av ulike lyngartar som røsslyng, blokkébær, klokkeling og tytebær. Ei spesiell utforming av denne skogtypen inneheld mykje purpurlyng (Figur 11). Denne veks helst i sørvendte skråningar der jorda er tørr og veldrenert og lokalklimaet relativt varmt. Purpurlyng-furuskog er ein sjeldan type kystfuruskog som i Noreg har si hovudutbreiing i Bømlo.

Dei finaste utformingane ligg i dei to barskogreservata Skogafjellet og Sagvatnet (Kart 2b), men typen finst òg mange andre stader i kommunen. Skogtypen er svært utbreidd i Bømlo, og innanfor budsjettammene for dette prosjektet, har det ikkje vore mogleg å kartleggja dei mange små områda.

På kalkhaldig berggrunn er furuskogen rik på urter og gras, slik som kusymre, sanikel, skogfredlaus, lundgrønaks, breiflangre og vårmarihand (Figur 10). Snau vaniljerot er ein karakteristisk, men sjeldan art i kalkskog. Blant treslaga er hassel typisk i eit lågare tresjikt under furukronene. Elles førekjem kristtorn spreidd, medan bergflette klatrar i fjellveggar, på bakken og på furustammane. Rikare lågurtskog eller kalkskog finst fleire stader i Bømlo, men typen dekkjer små areal.

I rik edellauvskog er skogbotnen ofte dominert av ramslauk om våren (Figur 12). Skjelrot har snylterøter på hassel og er blant dei tidlegaste vårplantane. Denne veks på fleire lokalitetar i edellauvskogen. Det sjeldne graset bergfaks (s. 33) finst på steinete stader, ofte under bergamrar. Elles finst ei lang rekkje artar som stortveblad, myske, skogbingel, stortrollurt og skogsvingel og skogstarr.

Edellauvskog er oftast knytt til område med rasmateriale under bratte bergamrar. Her veks kravstore lauvtre som ask, lind og alm. Hassel er også svært vanleg, men finst òg i mange andre habitat, t.d. i kanten av kulturlandskapet og spreidd i furuskogen. Hassel er det edellauvtreslaget som er best tilpassa klimaet og terrengformene i Bømlo. Blant dei varmekjære treslaga er hassel og ask vanlegare enn alm og lind. Også eika er ganske vanleg, spesielt i området ved indre Håvik der sommarklimaet er relativt varmt. Eikeskogane i Bømlo er helst små, men eika er i spreining på fleire av stadene der utmarka held på å gro att. Eika har eit fortrinn framfor dei andre edellauvtreslaga fordi den ikkje er så avhengig av djup, næringsrik jord som t.d. alm og ask. Difor veks det fram skogar med eik i kanten av kulturlandskapet. Grasdominerte eikeskogar med sølvbunke, engkvein og gulaks tyder på beiting og annan kulturpåverknad.



Figur 10. Vårmarihand er ein vanleg orkidé på Søre Bømlo. Det er kombinasjonen av kystklimaet og den kalkrike berggrunnen som gjer at planten trivst svært god her. Vårmarihand veks både i kulturlandskapet og i skog, særleg rik edellauvskog og rik furuskog. Planten blømer tidleg, i midten av mai før lauvsprettet, - ei tid det er godt med lys i skogbotnen.



Figur 11. Kystfuruskog med purpurlyng er ein svært sjeldan skogtype i Noreg. Ingen andre stader i landet finst det så mykje av denne skogtypen som i Bømlo.



Figur 12. I rik edellauvskog er ramslauk ein av karakterplantane. I byrjinga av juni kan heile skogbotnen vere dekt med ramslauk, som her ved Vetahaugen.

Edellauskogen i Bømlo er generelt ikkje særleg gammal, og det kan sjå ut til at den er eit resultat av attgroing etter opphøyr av kulturpåverknad i byrjinga på 1900-talet. Det er svært sjeldan å finne gamle tre i skogen. Gamle styvingstre er ikkje registrert, noko som tyder på at lauving ikkje har gamle tradisjonar ytst på vestkysten, slik det er kjent frå områda lenger aust i Sunnhordland, t.d. i Etne og Kvinnherad.

Svartor er karakteristisk for fuktige stader, og dannar sumpskog i kantsoner langs vatn, strender og bekkar. Svartora trivst godt på fuktig, finkorna leirjord. Medan svartor er eit nokså vanleg treslag, er gråora svært sjeldan. Gråora si austlege utbreiing i fylket er velkjend, og i Bømlo er dette treslaget berre registrert lengst i aust, ved Mosterhamn og på Spissøy.

Kyst og havstrand (G)

Kyst og havstrand omfattar naturtypar som er knytte til saltvatn eller saltvasspåverka miljø og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). Områda mellom land og hav byr på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som kan vere sjeldsynte. Eit stort press på strandområda mange stader, gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste strendene slik at ein i størst mogleg grad kan unngå inngrep her.

Bømlo er ein øykommune med svært lang strandlinje i forhold til landarealet. I dei mange buktene ligg det førekomstar av strandvegetasjon som er bunden av lausmassar med grovt materiale som grus og stein eller meir finkorna leire, silt og sand. Strendene i Bømlo er talrike, men små. På vestkysten er det ganske lite lausmassar, og her er kystlinja dominert av strandberg som ligg eksponert mot det opne havet. Nokre av desse berga kan være floristisk svært interessante, og kartlagte som sørvendte berg (B01).



Figur 13. Østersurt er ein spesialisert plante som veks berre på rullesteinstrand der det ikkje er annan vegetasjon. Dette er ein nordleg strandplante som er sjeldan på Vestlandet.

Kalkrike strandberg finst fleire stader på Søre Bømlo der berggrunnen er baserik. I bergsprekker veks bregnene murburkne og blankburkne saman med med urter som rundskolm, gulmaure, vill-lin, strandlauk og knavel. Bergflette kan finnast på dei meir skjerma lokalitetane. Nokre stader veks det blodstorkenebb ut over strandberga (Figur 2), og denne planten dannar ein overgang til naturtypen berg og kantkratt (B02).

På holmar og strandberg vest i havet er det avsett guano frå sjøfuglar, og dette gjev ekstreme mengder gjødsel til vegetasjonen. I slike habitat kan det bli utvikla ein sær s frodig vegetasjon med store og kraftige individ av artar som skjorbuksurt, strandbalderbrå, strandsmelle og fjørrekoll. Slike plantesamfunn er fargerike, men mangfaldet av plantar treng likevel ikkje vere spesielt høgt, fordi det er mange artar som ikkje tåler den kraftige gjødslinga. Dei fleste guanoøyane ligg truleg i dei viktigaste sjøfuglområda (Steinsvåg & Overvoll 2003), men desse er ikkje undersøkte under naturtypekartlegginga.

Rullesteinstrand er eit karakteristisk habitat på den eksponerte vestsida. Her har bølgiene vaska bort dei finaste massane, medan grovare grus og stein ligg att. Desse massane er i stadig rørsle og det er lite vegetasjon på slike stader, men østersurt er ein sjeldan art som er spesielt godt tilpassa rullesteinstrand (Figur 13).

I dei godt skjerma buktene er det ofte akkumulert finare sediment av leire, silt og sand, og her finst ein meir samanhengande strandvegetasjon. På slike strandenger veks det artar som er relativt sjeldne på Vestlandet, som t.d. strandarve, knortestarr, bogestarr, havsivaks, skjoldblad og pusleblom (s. 32). Salturt er ein strandplante i sterk tilbakegang i Hordaland (Lundberg 1989). Den blei funnen på fire lokalitetar i Mosterområdet, i til dels rikelege mengder (Figur 14). Dette kan tyde på at planten er har vore i framgang det siste tiåret, og at den ikkje er så truga i Hordaland som tidlegare rekna med. Den må likevel reknast som svært sjeldan i fylket fordi den, utanom Bømlo, berre er kjent frå ein lokalitet på Tysnes.

I enkelte tronge pollar eller vatn som er i kontakt med sjøen gjennom ein tidevasskanal, er det utvikla brakkvassmiljø. Her finst fleire brakkvasstilpassa artar som pollsivaks, havgras og skruehavgras.



Figur 14. Salturt veks på kalkgrus i stranda på Store Trettholmen. Den finst elles på tre lokalitetar i Mosterområdet. Svært sjeldan elles i Hordaland og er berre funnen på Tysnes i tillegg til Bømlo.

RAUDLISTEARTAR

GENERELT

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald. Både som kriterium for verdisetjing av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt.

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte, med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Mange artar på raudlista er naturleg sjeldne og krev av den grunn spesielle omsyn. Ein del av artane "nedst" på lista (DC og DM) er plasserte der mest av "føre var" grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette auka fokus på artar som er trua regionalt og lokalt og som kanskje ikkje blir fanga opp i nasjonal samanheng fordi dei er vanlege i andre landsdelar. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Eit typisk døme på dette er trollnype som er ganske vanleg i store deler av Bømlo.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriene i raudlista, DC og DM, særleg innan gruppene sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Nokre av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre. På den andre side kan nye artar kome til som følge av ny kunnskap.

Denne rapporten byggjer på Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998 (DN 1999). Dei ulike kategoriene ein finn i denne raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

Direkte truga - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane held fram.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane held fram.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species) Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som truga. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla *ansvarsartar*. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi ein har store delar av totalbestanden innan sine landegrenser.

RAUDLISTA PLANTEARTAR I BØMLO

Karplantar

Det er registrert 15 raudlista karplantar i Bømlo (Tabell 2), noko som er eit høgt tal samanlikna med andre kommunar i Hordaland. Med den baserike berggrunnen og dei spesielle klimatilhøva, inneheld floraen i Bømlo ei rekkje sjeldne artar som kommunen har eit spesielt forvaltingsansvar for.

Tabell 2. Raudlisteartar og ansvarsartar av karplantar i Bømlo

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Trugsmål lokalt
Sårbar (V)	Storak	<i>Cladium mariscus</i>	attgroing, skogbruk
	Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	ingen
	Bustsivaks	<i>Isolepis setacea</i>	attgroing
Sjeldan (R)	Havburkne	<i>Asplenium marinum</i>	ingen
	Hjortetunge	<i>Asplenium scolopendrium</i>	ingen
	Trollnype	<i>Rosa pimpinellifolia</i>	attgroing
Omsynskrevjande (DC)	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	attgroing
	Solblom	<i>Arnica montana</i>	attgroing, gjødsling
	Bergfaks	<i>Bromus ramosus</i>	skogbruk
	Toppstorr	<i>Carex paniculata</i>	ingen
	Lodnefølblom	<i>Leontodon hispidus</i>	attgroing, gjødsling
	Kvitkurle	<i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>	attgroing, gjødsling
	Blanktjønnaks*	<i>Potamogeton lucens</i>	attgroing
Ansvarsartar	Fagerrogn	<i>Sorbus meinichii</i>	ingen
	Rognasal	<i>Sorbus hybrida</i>	ingen

* registrert av Bjørndalen & Odland (1978)

Storak *Cladium mariscus*

Funnen på berre seks lokalitetar i Noreg, derav to i Bømlo kommune: Ved Andal i 1986 (Vassnestjørn, lok. 30) og ved Lykling (lok. 56, jfr. foto) i 2002. Pollenanalysar har stadfesta at planten er ein rest frå varmetida for meir enn 8000 år sidan (Midtbø 1995). Storak veks i kanten av små tjørn, og etter kvart som desse gror til med torv, kan planten til slutt bli "kvelt" av annan vegetasjon. Arten har blitt sjeldnare både pga. klimaendringar og attgroing av veksestadene. Problemet med attgroing er størst på lokaliteten ved Lykling, medan Vassnestjørn ligg nær skogsveg og hogstfelt. Storakførekomsten i Vassnestjøren er langt større enn den ved Lykling.



Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii*

Denne vesle bregnen veks berre i eit oseanisk klima, og nesten alltid i nordvendte bergveggar og kløfter. I slike habitat er dei tynne blada godt skjerma mot uttørring. På eigna veksestader er hinnebregna ein vanleg art, både i Bømlo og elles på Vestlandet. Det er ikkje spesielle trugsmål mot planten, og det er noko misvisande at hinnebregna står på raudlista som sårbar (V). Biletet er frå Kuhillerdalen (lok. 63) der planten veks i ekstremt store mengder.



Bustsivaks *Isolepis setacea*

Funnen på berre ein lokalitet i Bømlo. Planten har ei sørvestleg utbreiing og er svært sjeldan i Noreg. I Bømlo veks bustsivaks i kanten av eit lite vatn, Lenutetjørn (lok. 38), på finkorna sandbotn der det er lite vegetasjon. Fordi planten er ørliten, vil den vere truga av attgroing og konkurranse frå annan vegetasjon som grensar til vatnet.



Havburkne *Asplenium marinum*

Havburkne veks berre nær havet, ofte like over flomålet i klipper som vender mot sør og vest. Her får den eit konstant drev av fuktig havluft. Denne vintergrøne planten veks alltid under overheng der den er godt skjerma mot frost. Havburkne er kjend frå Bømlo tidlegare, men i løpet av naturtypekartlegginga har det blitt oppdaga ei rekkje nye lokalitetar. Arten er òg meir vanleg nord i Hordaland enn det som var kjent før (Guntveit 1997). Bømlo var tidlegare sørgrensa for havburkne i Noreg, men den er blitt funnen i Rogaland i nyare tid (Johnsen 1985). Dei ekstreme veksestadene i strandklipper gjer at det ikkje er spesielle trugsmål mot planten i Bømlo under dagens klimatilhøve.

Biletet er frå Geitung. Legg merke til den kvite fargen i berget som skuldast utfelling av kalk i sprekksoner.



Hjortetunge *Asplenium scolopendrium*

Hjortetunge er kjent frå fire lokalitetar i Bømlo og er langt sjeldnare enn havburkne. På to lokalitetar, Nordre Løklingholmen (lok. 12) og i Kvernavika (lok. 22) veks dei på same staden. Hjortetunge veks som havburkne i steile berghamrar under overheng, men gjerne på meir skuggefulle stader.



Trollnype *Rosa pimpinellifolia*

Trollnypa er ein særleg art som veks langs kysten, og planten er ikkje kjend nord for Sunnhordland. Arten er lokalt vanleg i søre del av Bømlo, og dette er truleg tyngdepunktet for utbreiinga i Noreg. Planten veks i ulike habitat, i kulturlandskapet, i skogkantar, i kantkratt ved stranda og langs vegar. Trollnypa krev gode lysforhold, og vil kunne gå tilbake der veksestadane gror til med skog. På den andre sida vil arten kunne ekspandere den første tida når gamle beitemarker gror att. Tilstanden til trollnype på Bømlo er god, og den veks på mange lokalitetar.



Pusleblom *Anagallis minima*

Pusleblom er ein ørliten plante som veks på strender, særlig i bergsprekker og der det er litt open, finkorna jord. Planten er utsett for å bli skugga ut der stranda gror att med gras og annan vegetasjon. Det er grunn til å tru at arten har blitt sjeldnare der strendene ikkje lenger blir beita. Men planten vil likevel ha god sjanse til å overleve i sprekker på svaberg, der attgroing ikkje er noko trugsmål. Pusleblom veks på mange lokalitetar i Bømlo, men fordi den er så liten, er den lett å oversjå. Planten veks truleg på fleire stader som ikkje er blitt registrert.



Solblom *Arnica montana*

Solblom veks i gamle, tradisjonelle kulturlandskap, særleg i naturtypane slåttemark og naturbeitemark. Planten er ekstremt følsam for attgroing, og sluttar raskt å bløme når vegetasjonen blir for tett. Kulturlandskapet på Berge er eit døme på dette. Overgang til moderne drift og bruk av kunstgjødsl fører også raskt til at solblom blir borte. Fordi begge desse faktorane er så utbreidde i dagens kulturlandskap, har solblom hatt ein kraftig tilbakegang, ikkje berre i Bømlo, men i heile landet. Det finst likevel ein svært god lokalitet igjen på Hiskjo (biletet) som det er viktig å ta vare på ved å halde naturbeitemarka der i hevd. Dei andre lokalitetane i kommunen er ved Mosterhamn og Urangsvåg, mens den på Berge kanskje er utgått no.



Bergfaks *Bromus ramosus*

Bergfaks er eit stort gras som veks i rik edellauvskog og kalkfuruskog. Planten krev lune habitat og trivst best oppunder sørvendte berghamrar og i rasmak mellom stein og grove blokker. Bergfaks krev eit klima med både milde vintrar og relativt varme somrar, og difor er det i Sunnhordland og inn til midtre Hardanger at det finst mest av den i heile landet, særleg på kalkhaldig grunn. I Bømlo er den funnen på fleire lokalitetar, både ved Mosterhamn, Finnås og Andal.



Toppstarr *Carex paniculata*

Toppstarr veks i kanten av små tjørn, men sjeldnare kan den og finnast på myr. Planten dannar grove tuer og er funnen på fire lokalitetar i Bømlo. Ein av desse er den klassiske lokaliteten Søråtjørn på Moster, der toppstarr har vore kjend heilt sidan den blei samla av Blytt i 1884. Då Knut Fægri besøkte lokaliteten i 1955, fann han berre ei tue (Fægri 1960). Arten har imidlertid hatt ei positiv utvikling ved Søråtjørn og i dag finst det mykje meir av den. Kan hende er dei tre andre lokalitetane av nyare dato etter spreing frå Søråtjørn? Toppstarr er truleg tilpassa frøspreing med fugl som flyg mellom våtmarksområda.



Lodnefølblom *Leontodon hispidus*

Lodnefølblom har ei sørvestleg utbreiing og er sjeldan på landsbasis. Planten er knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet, og er sårbar for dei endringane som skjer der. Lodnefølblom er best kjend frå Vetahaugen ved Mosterhamn, men har òg blitt funnen sør på Børøya (Lundberg 1992). Ved Mosterhamn blei planten funnen på berghyller i fleire av dei gamle, nedlagte kalkbrota (bilete frå Litle-synken, lok. 85). Her må den ha kome inn etter at kalkdrifta opphørde. Lodnefølblom har som korgplantar flest, lette svevande frø som blir effektivt spreidde med vinden. At planten har klart å etablere seg i kalkbrota, er ein positivt kompensasjon for at den truleg har blitt sjeldnare i kulturlandskapet.



Kvitkurle *Leucorchis albida ssp. albida*

Orkidéen kvitkurle veks i utmarksområde som har vore beita og slått, ikkje ulikt habitata til solblom. På same måte som solblom har arten gått sterkt tilbake, og den blei i 2002 funnen på berre ein lokalitet, ved Urangsvåg (lok. 5). Kvitkurle er tidlegare kjent frå Berge, men her er den no borte pga. attgroing. Planten blei sist sett på Berge i 1996 (Rabben 1997). Kvitkurle i Bømlo er ein låglandstype av arten. I fjellet veks ein annan underart, fjellkvitkurle *ssp. straminea*, som er langt vanlegare.



Fagerrogn *Sorbus meinichii*
og **rognasal** *S. hybrida*

I slekta *Sorbus*, rogn og asal, finst det enkelte artar som er dårleg utgreidde systematisk. Variasjonen innan denne slekta er spesielt stor i Sunnhordland, og nokre av artane er lite kjende frå andre område, både i og utafor Noreg. Både fagerrogn (biletet) og rognasal er norske ansvarsartar. Begge er ganske utbreidde i kulturlandskapet og i skogkantar i Bømlo.



Blanktjønnaks *Potamogeton lucens*

Blanktjønnaks veks i tjørn i kulturlandskapet, og skal tidlegare ha blitt funnen i Hovlandstjørn (Bjørndalen & Odland 1978). I eit atlas over søraustlege plantar (Fægri & Danielsen 1996) er denne lokaliteten ikkje med, noko som kan tyde på at funnet er usikkert. Arten vart heller ikkje funnen i 2002, men planten er lett å oversjå fordi den veks neddykka i grumsete vatn. Blanktjønnaks har ei søraustleg utbreiing i Noreg, og er ikkje funnen andre stader i Hordaland.

Mosar

Ei oversikt over raudlista mosar i Bømlo er vist i Tabell 3. Fordi denne informasjonen er henta frå ei samstilling av herbariemateriale (Frisvoll & Blom 1997), er dagens status for desse artane usikre, spesielt for dei innsamlingane som er relativt gamle.

Artane purpurmose (*Pleurozia purpurea*) og flaumrose (*Hyocomium armoricum*) som er funne i Bømlo, står ikkje på raudlista, men er to interessante artar som er lite kjende frå Hordaland.

Tabell 3. Raudlista moseartar samla i Bømlo

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Funnstad
Direkte truga (E)	Trådmoldmose	<i>Eurhynchium pumilum</i>	Mosterhamn, 1936. På fyllitt nær sjøen.
Sårbar (V)	Kantknollvrangmose	<i>Bryum riparium</i>	Siggjarvåg, 1967. På torvjord i vegkanten.
Omsynskrevjande (DC)	Dvergperlemose	<i>Lejeunea ulicina</i>	Sørvest for Dromsdalen, 1985. På bjørk i bekkeløft.
Bør overvakast (DM)	Åkerknollvrangmose Beitesteinmose Midjehårstjerne	<i>Bryum ruderales</i> <i>Hedwigia integrifolia</i> <i>Syntrichia intermedia</i>	Siggjarvåg, 1967 Melingsvågen, 1967 Mosterhamn, 1967. På kalkklipper.

Lav

Opplysningar om raudlista lavartar ligg tilgjengeleg i Norsk Lavdatabase på Internett. Databasen er basert på alle innsamlingar til universitetsherbaria. Ei oversikt over funn av raudlisteartar i Bømlo er vist i Tabell 4. Mange innsamlingar av dei sjeldne artane er gamle, og for fleire av dei er det usikkert om dei framleis eksisterer. På 1990-talet vart fleire av dei "gamle" lokalitetane oppsøkt gjennom "trua lav prosjektet" (Tønsberg m.fl. 1996). Dette arbeidet viser at dei raudlista lavartane er sårbare, ettersom 5 av dei 14 artane i Bømlo ikkje vart funne att.

Tabell 4. Raudlista lavartar samla i Bømlo

Raudlistestatus	Namn	Funnstad
Direkte truga (E)	Skjellporelav <i>Sticta canariensis</i> Hårkrinslav <i>Parmotrema crinitum</i> - <i>Leptogium cochleatum</i>	Lykling. I skyggefull lauvskog. KM 850 247. Sparsamt (T. Tønsberg 1994). Sætravik 1978, Mosterhamn 1915. Ikkje funnen i nyare tid. Spissøy. Kobbavågen. KM 954 275, 5 m o.h. På stein. P.G. Ihlen (1995).
Sårbar (V)	Kystprikklav <i>Pseudocyphellaria norvegica</i> Randprikklav <i>Pseudocyphellaria intricata</i> Sandgaffel <i>Cladonia glauca</i>	Mosterhamn 1915. Ikkje funnen i nyare tid. Lykling. KM 849 248. Svært sparsomt. (T. Tønsberg 1993). Sør for Ekornåsen. KM 902 334. 70 m o.h. På humus. (T. Tønsberg 1997).
Sjeldan (R)	Skjørbeget <i>Cladonia fragilissima</i> Grå buktrinslav <i>Hypotrachyna laevigata</i> Kystrosettlav <i>Physcia semipinnata</i> Kystsaltlav <i>Stereocaulon delisei</i>	Lykling. KM 849 248. Ganske rikelig (T. Tønsberg 1993). Mosterhamn (1915), men no utgått (T. Tønsberg 1993). Moster (1915), men no utgått (T. Tønsberg 1993). Mosterhamn (1912). Mellom Kallevåg og Sætravik (1978). Ikkje attfunnen (T. Tønsberg 1993).

Tabell 4. forts.

Raudlistestatus	Namn	Funnstad
Omsynskrevjande (DC)	Kystkorallav <i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Sørvest for Kallevåg, i kløften øst for Kvernåvika, 20 m o.h. KM 847 111. Svært rikelig (T. Tønsberg 1993). Også kjent frå Mosterhamn.
	Kystblåfiltlav <i>Degelia atlantica</i>	Lykling. KM 849 248. 10-20 m o.h. Ganske rikelig (T. Tønsberg 1993). Også kjent frå Nordre Lyklingholmen (1939).
	Kyststry <i>Usnea fragilesceus</i>	Sørvest for Bjørkåsen. KM 868 175. (H. H. Blom 1985). Også kjent frå Moster (1915), Sætravik (1978) og Sig-gjarvåg (1939)
Bør overvakast (DM)	Strandhinnelav <i>Leptogium magnussonii</i>	Kallevåg (1978). På stein i sørøstvendt li.

Sopp

Opplysningar om raudlista soppartar ligg tilgjengeleg i Norsk Soppdatabase på internett. Databasen er basert på innsamlingar til universiteta, men det finst òg annan informasjon. Asbjørn Knutsen har undersøkt soppfloraen i kulturlandskapet i Bømlo, og her har det kome fram ei rekkje interessante funn av artar som er svært sjeldne eller truga. Jostein Kjærandsen har gjort nokre funn av sjeldne artar på Søre Bømlo. Det er registrert heile 34 artar av raudlista beitemarksopp i Bømlo (Tabell 5). *Hygrocybe calyptraeformis* som vart funnen i Bømlo i 2003, er berre funnen ein gong tidlegare i Noreg!

Kulturlandskapet har i lang tid vore gode lokalitetar for sjampinjongar, vokssoppar og mange andre soppar som lever på døde restar av gras, urter og anna strøfall på bakken. Mange av desse artane er spesielt knytte til gamle beite- og slåttemarkar som vert drevne på tradisjonelt vis. Det er kombinasjonen av naturbeitemark med lang kontinuitet og kalkhaldig grunn som er årsakene til den rike soppfloraen i Bømlo. Mosterområdet er best undersøkt, men også på Søre Bømlo er det gjort funn som stadfestar ein interessant soppflora på beitemarkar. Dei rikeste lokalitetane er med som eigne område i naturtypekartlegginga (Lok. 37, 75, 77, 79, 80 og 92).

Omlegging til meir intensiv drift og bruk av kunstgjødsel har ført til at mange av beitemark-soppene er i ferd med å forsvinne. Med færre dyr i utmarka skjer det ei stadig aukande atting av dei gamle kulturlandskapa. Mange stader i landet har det vore ein dramatisk tilbakegang for ein rekkje soppartar. Det er i den tradisjonelle beitemarka vi finn flest sårbare og truga artar, spesielt innan gruppene jordtunger, vokssopp, raudskivesopp og fingersopp.

I ei utredning om beitemarksopp frå Direktoratet for naturforvaltning (1997), er det nemnt 19 artar som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Sju av desse er òg funne i Bømlo: Gulbrun narrevokssopp, vrangjordtunge, vanleg jordtunge, gulfotvokssopp, raudnande lutvokssopp, gul slimvokssopp og raud honningvokssopp (Figur 15).

Kartlegging av soppar på Bømlo har til no vore sporadisk, og det er grunn til å rekne med at det kan gjerast fleire interessante funn, spesielt på øyar i vest der beitemarka har blitt halden relativt godt i hevd.



Figur 15. Raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* er ein av dei mange raudlista beitemarksoppene i Bømlo. Foto: Asbjørn Knutsen.

Tabell 5. Raudlista soppantar på beitemark i Bømlo

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Lokalitetar
Direkte truga (E)	Sauevokssopp	<i>Hygrocybe ovina</i>	Serklau, Totland, Sætradalen
	Praktraudskivesopp	<i>Hygrocybe calyptraeformis</i> <i>Entoloma bloxamii</i>	Totland Grønås
Sårbar (V)	-	<i>Camarophyllopsis</i> <i>cf. hymenocephala</i>	Grønås
	Raud honningvokssopp	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Grønås, Serklau, Austnes, Totland, Steinsland, Vestre Vika, Vorland, Bømmelhamn
	Raudnande lutvokssopp	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Grønås, Serklau
	Gul slimvokssopp	<i>Hygrocybe vitellina</i>	Serklau
Sjeldan (R)	Brun engvokssopp	<i>Hygrocybe colemanniana</i>	Sætradalen
	Beltebrunpigg	<i>Hydnum conrescens</i>	Andal, Bjørnevik
	Røykkøllesopp	<i>Clavaria fumosa</i>	Bømmelhamn
	Skjeggfrynnesopp	<i>Thelephora penicillata</i>	Eikeland
	Hasselskrubb	<i>Leccinum pseudoscabrum</i>	Grønås, Notland, Vorland, Spissøy, Berge
Omsynskrevjande (DC)	Silkesnyltehatt	<i>Asterophora parasitica</i>	Grønås, Notland, Vorland, Berge, Vestvik, Spissøy
	Marsipankremle	<i>Russula grata</i>	Spissøy
	Gulbrun narrevokssopp	<i>Camarophyllopsis schulzeri</i>	Serklau
	Bleik kantarell	<i>Cantharellus pallidus</i>	Spissøy

Tabell 5. forts.

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Lokalitetar
Omsynskrevjande (DC)	Vrangjordtunge	<i>Geoglossum atropurpureum</i>	Grønås, Serklau, Totland, Spissøy, Vestre Vika
	Skjelljordtunge	<i>Geoglossum fallax</i>	Grønås, Serklau, Totland, Spissøy, Austnes, Vestre Vika, Sætradalen
	Sleip jordtunge	<i>Geoglossum glutinosum</i>	Grønås, Serklau, Totland, Austnes, Spissøy, Vestre Vika, Sætradalen
	Brunsvart jordtunge	<i>Geoglossum umbratile</i>	Grønås, Serklau, Totland, Austnes, Spissøy, Vestre Vika
	Gulfotvokssopp	<i>Hygrocybe flavipes</i>	Grønås, Serklau
	Musserongvokssopp	<i>Hygrocybe fornicata</i>	Grønås, Serklau
	Skifervokssopp	<i>Hygrocybe lacmus</i>	Grønås, Serklau, Vestre Vika, Vorland
	Raudskivevokssopp	<i>Hygrocybe quieta</i>	Grønås, Serklau, Totland
	Russelærvokssopp	<i>Hygrocybe russocoriacea</i>	Grønås, Serklau, Totland, Spissøy, Austnes, Vestre Vika, Bømmelhamn
	Kjemperøyksopp	<i>Langermannia gigantea</i>	Serklau, Steinsland, Vorland
	Dvergstanksopp	<i>Mutinus caninus</i>	Spissøy
	Stripehette	<i>Mycena pelliculosa</i>	Serklau
	Lodnesølvpig	<i>Phellodon amicus</i>	Grønåsvågen
	Svartkvit sølvpig	<i>Phellodon melaleucus</i>	Andal, Bjørnevik
	Svartsølvpig	<i>Phellodon niger</i>	Andal
	Grå trompetsopp	<i>Pseudocraterellus undulatus</i>	Grønåsvågen, Spissøy
	Kvit småfingersopp	<i>Ramariopsis kunzei</i>	Totland
	Kolskorpe	<i>Ustulina deusta</i>	Grønås, Skimmeland, Notland, Finnås

LITTERATUR

- Bjørndalen, J.E. & Brandrud, T.E. 1989. Verneverdige kalkfuruskooger. DN-rapp. 10/1989: s 1-148.
- Bjørndalen, J.E. & Odland, A. 1978. Botaniske undersøkelser på Søre Bømlo. Botanisk museum, UiB. Rapport 5: s 1-59.
- Dahl, E., Elven, R., Moen, A. & Skogen, A. 1986. Vegetasjonsregionkart over Norge 1:1 500 000. – Nasjonalatlas for Norge, kartblad 4.1.1. Statens kartverk, Hønefoss.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. DN-rapp. 6.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for Naturforvaltning 2000. Veileder for kartproduksjon – tema biologisk mangfold. – DN-notat 2000-5.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. – NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truede vegetasjonstyper i Norge. – Norges teknisk-naturvitenskap. Univ. Vit.skapsmus. Rapp. bot. serie 2001-4. 231 s.
- Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. – NINA Utredning 029. 172 s.
- Frisvoll, A.A. & Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førebels faktaark. Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Fægri, K. 1944. On some finds of *Schoenus ferrugineus* in Western Norway. Bergens mus. årb. 1944. Naturvit. rekke, nr. 6.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian plants. I. The coast plants. Univ. i Bergen. Skr. 26.
- Fægri, K. & Danielsen, A. 1996. Maps of distribution of Norwegian vascular plants. Vol III. The southeastern element. Fagbokforlaget, Bergen.
- Guntveit, S. 1997. Nye forekomster av hjortetunge *Asplenium scolopendrium* og havburkne *Asplenium marinum* i Øygarden og Fjell kommuner, Hordaland. Blyttia 57: s 88 – 93.
- Johnsen, J.I. 1985. Ny sørgrense for havburkne (*Asplenium marinum*) i Norge. Blyttia 43: s 45.
- Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellauvskogreservater i Norge. IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Lundberg, A. 1989. Havstrand i Hordaland. Flora og vegetasjon. – DN-rapp. 9/1989: s 1-286.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. - DN-rapp. 2/1992: 1-181.
- Lundberg, A. & Moe, B. 1982. Ekskursjon til Søre Bømlo (ekskursjonsreferat). Blyttia 40: 126-127.
- Midtbø, I. 1995. En vegetasjonshistorisk studie av *Cladium mariscus*-lokaliteten på Bømlo, Hordaland. Cand.scient oppg. UiB.
- Moe, B. 1994. Storak, *Cladium mariscus*, på Bømlo i Sunnhordland. Blyttia 52: 55-60.
- Moe, B. 2001. Inventering av verneverdig barskog i Hordaland. Mva. rapp. 2/2001: s 1 – 68.
- Moe, B. 2001. Floraen i eit gamalt kulturlandskap. s 160 – 165 i Hauge, S. (red.): Under fjord – over flu. Trekantsambandet – ei ny tid for Sunnhordland og Haugalandet. Eide forlag.
- Moe, B., Heegaard, E. & Ihlen, P.G. 1996. Botaniske registreringer i det planlagte ”Trekantsambandet” i Sunnhordland. Univ. i Bergen. Botanisk inst. 21 s. (Upubl.).
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. – Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Rabben, J. 1997. Naturen i Sunnhordland. Eige forlag.
- Rabben, J. 2002. Det blømer på Bømlo. Harpiks Forlag.

- Ragnhildstveit, J., Naterstad, J., Jorde, K. & Egeland, B. 1998. Geologisk kart over Noreg; Berggrunnskart Haugesund - M 1: 250.000. Norges geologiske undersøkelse.
- Stavland, A. 1990. Natur- og kulturverdiar på Bømlo. – Bømlo kommune (hefte).
- Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2003. Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapp. 2/2003: s 1-55.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway – 1995. *Sommerfeltia* 23: 1-258.
- Øvstedal, D.O. & Sæthre, H.Å. 1988. Hasselskogar i ytre Hordaland, eit verneforslag. Arboha, UiB.

SENTRALE DOKUMENT I MILJØVERNPOLITIKKEN

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfald. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.


- St. meld. nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. meld. nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndep. sitt rundskriv til kommunane (T-937) ”Tenke globalt - handle lokalt”
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. meld. nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning

Kart og faktaark

Kart 1. Bømlo kommune

Arealdekke

- Skog
- Dyrka mark
- Myr



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)

Kart 2a. Bømlo nord


Viktige naturtyper


- Svært viktig
- Viktig
- Lokalt viktig



0 1 2 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50)





Tabell 6. Kartlagte naturtypelokalitetar i Bømlo.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
1	Utslåttøya	Brakkvasspollar (G08)	84,2	B
2	Goddo-Holmavatnet	Kystlynghei (D07)	121,0	C
3	Goddevågspøyla	Gammal lauvskog (F07)	4,2	C
4	Goddestakken	Andre (H00): Nordvendte kystberg	0,6	C
5	Urangsvåg	Slåtteeng (D01), Naturbeitemark (D04)	11,4	A
6	Storavatnet nord	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	15,6	B
7	Mørketjørna	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	5,2	C
8	Brømsundsholmen	Andre (H00): Fuglegjødsla strandberg	7,8	B
9	Strutsøya	Kystlynghei (D07), Strandeng (G05)	248,6	B
10	Hiskjo	Kystlynghei (D07), Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)	556,7	A
11	Litla Holmsundet	Sørvendte berg (B01)	0,7	A
12	Nordre Lyklingholmen au	Sørvendte berg (B01)	0,8	A
13	Søre Lyklingholmen	Naturbeitemark (D04), Sørvendte berg (B01)	218,2	A
14	Toska	Kystlynghei (D07), Strandeng (G05)	247,0	B
15	Geitung	Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08), Sørvendte berg (B01)	235,8	A
16	Nautøy	Sørvendt berg (B01)	1,7	A
17	Lyngøya	Naturbeitemark (D04), Sørvendte berg (B01)	237,3	A
18	Søre og nordre Gissøya	Kystlynghei (D07)	1 264,3	B
19	Pollen, Espevær	Strandeng og strandsump (G05)	16,9	B
20	Espevær	Kystlynghei (D07), Kantkratt (B02)	278,3	C
21	Ternahaugen	Sørvendte berg (B01)	2,1	A
22	Kvernavika	Sørvendte berg (B01)	7,8	A
23	Sætravika	Sandstrender (G04)	1,3	B
24	Barlindfjellet	Sørvendte berg (B01)	1,4	A
25	Bømmelhamn	Kantkratt (B02)	14,3	B
26	Hovlandstjørn	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	3,2	C
27	Vorlandstjørn	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	7,4	C
28	Andalstjørn	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	9,3	C
29	Aråsen	Kystfurskog (F12), Kalkskog (F03)	40,9	A
30	Vassnestjørn	Andre (H00): Sjeldan, raudlista planteart	4,9	A
31	Andersvatnet	Rikmyr (A05)	13,6	B
32	Kykjetuftene	Rikmyr (A05)	35,6	C
33	Stormyra	Intakt lavlandsmyr (A01), Rikmyr (A05)	52,7	A
34	Roaldsfjord	Strandsump (G05)	3,4	B
35	Slettevika	Strandsump (G05)	2,3	C
36	Helleneset	Kantkratt (B02)	4,3	C
37	Sætradalsvika	Strandeng (G05)	6,8	A
38	Lenutetjørn	Naturbeitemark (D04), Mudderbankar (E02)	14,9	A
39	Berge	Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)	32,4	B
40	Vikaneset	Kystlynghei (D07), Rikmyr (A05), Sørvendt berg (B01)	1 000,6	A
41	Lakreivika	Sørvendte berg (B01)	2,8	A
42	Gjertrudvika	Sørvendte berg (B01)	1,7	B
43	Holme	Kantkratt (B02), Kalkrike strandberg (G09)	4,5	A
44	Kvernabekken	Rikmyr (A05)	14,5	B
45	Hattaberget - vest	Rikmyr (A05)	11,1	B
46	Hagardsfjellet - nord	Rikmyr (A05)	11,4	B
47	Hodnavarden	Andre (H00): Vestleg førekomst av dvergbjørk	0,5	C
48	Grutle - vest	Sørvendte berg (B01)	0,4	B
49	Stokkvika	Sørvendte berg (B01)	0,7	A
50	Nappavika	Sørvendte berg (B01)	0,6	A
51	Træsvika	Sørvendte berg (B01)	0,4	A

Tabell 6. Forts.

Lokalitet	Namn	Naturtype	Areal (da)	Verdi
52	Husatjødna	Andre (H00): Sjeldan, raudlista planteart	5,3	A
53	Naustdalen	Rik edellauvskog (F01)	12,2	A
54	Lykling - vest	Sørvendte berg (B01)	0,5	A
55	Risvika	Strandsump (G05)	1,4	B
56	Lykling - nord	Andre (H00): Sjeldan, raudlista planteart	3,6	A
57	Litla Børøya	Rik edellauvskog (F01)	31,2	B
58	Fuglatjørn	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	6,5	C
59	Hopatjørn	Brakkvasspollar (G08)	14,0	B
60	Meland	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	5,3	B
61	Sør for Tomastjørn	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	26,6	C
62	Finnås prestegard	Rik edellauvskog (F01), Kalkrike strandberg (G09)	26,2	A
63	Kuhillerdalen	Bekkekløfter (F09)	6,5	A
64	Engjadalen	Kystfuruskog (F12), Gammal edellauvskog (F02)	428,9	B
65	Ytre Håvik	Rik edellauvskog (F01)	13,0	C
66	Steinsland	Rik edellauvskog (F01), Kystfuruskog (F12)	34,4	B
67	Håvikvågen	Skogsbeite (D06)	28,5	C
68	Leirpollen	Strandsump (G05)	46,2	B
69	Eikelandstjørna	Andre (H00): Sjeldan, raudlista planteart	1,8	A
70	Søratjørna	Andre (H00): Sjeldan, raudlista planteart	1,7	A
71	Skardholmen	Kalkskog (F03), Kalkrike strandberg (G09)	25,4	B
72	Store Trettholmen	Kalkrike strandberg (G09)	10,3	B
73	Lille Trettholmen	Kalkrike strandberg (G09)	2,8	C
74	Rutsøya	Kystfuruskog (F12), Rikmyr (A05), Kalkskog (F03)	1 441,5	C
75	Totland	Naturbeitemark (D04)	26,2	A
76	Båvågen	Brakkvasspollar (G08), Sørvendt berg (B01)	6,3	B
77	Vestra Grønås	Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)	1,8	A
78	Grønåsvågen	Strandeng og strandsump (G05)	3,1	B
79	Kobbavika	Naturbeitemark (D04)	42,5	A
80	Serklau	Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)	33,1	A
81	Austneshamn	Naturbeitemark (D04)	2,2	B
82	Hamnahammaren	Sørvendte berg (B01), Kantkratt (B02)	7,9	C
83	Stora Televika	Sørvendte berg (B01), Kantkratt (B02)	4,8	C
84	Televika nord	Rikare sumpskog (F06)	7,9	C
85	Litlesynken	Skrotemark (D15)	2,9	A
86	Notlandsvågen	Skrotemark (D15)	7,4	B
87	Skimmeldsdalen	Rik edellauvskog (F01)	34,7	A
88	Vetahaugen	Rik edellauvskog (F01), Kantkratt (B02)	22,3	B
89	Kobbavågen	Strandeng (G05)	4,2	B
90	Vestra Spissøya	Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08), Kalkrike strandberg (G09), Rik edellauvskog (F01)	11,9	B
91	Spissøya	Rik edellauvskog (F01)	19,3	C
92	Spissøyhamn	Kystlynghei (D07), Naturbeitemark (D04)	49,6	A
93	Skranevågen	Brakkvasspollar (G08), Strandeng (G05)	18,8	B
94	Hallvardsvika	Strandeng (G05)	2,8	B
95	Hovlandshagen	Kystlynghei (D07), Rikmyr (A05)	674,1	A
96	Tollevik	Kalkrik eng (D08)	8,3	C
97	Eidesfjellet	Rikmyr (A05)	17,2	C
98	Børøyvika	Kalkrik eng (D08), Kalkrike strandberg (G09)	10,6	B
99	Tjødnanes	Kystfuruskog (F12)	354,6	C

Lokalitet 1 Utslåttøya

Hovudtype	Kyst/havstrand	Areal	82 da
Undertype	Brakkvasspollar (G08)	Verdi	B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Utslåttøya ligg lengst nordvest i Bømlo. Øya er svært kupert med bratte formasjonar av blankskurt berg i massiv granitt. Mellom desse berga ligg det ei rekkje små basseng av tjørn og pollar. Nokre av dei er i kontakt med saltvatn slik at sjøvatnet kjem inn ved flo eller springflo. Dei minste bassenga har ikkje direkte kontakt med sjøen og får truleg berre tilført salt gjennom sjødrev. I to slike basseng er det registrert trådtjønnaks. I alle bassenga er det grov skjellsand. På dei tørrlagte delane av sandbankane dominerer raudsvingel og saltgras, medan grisenestarr er meir sjeldsynt. Det er ein sjeldan kombinasjon av skjellsand, brakkvatn og spesielle terrengformasjonar som gjer lokaliteten interessant. (ikkje undersøkt i 2002).

Karakteristiske artar

Ålegras *Zostera marina*, grisenestarr *Carex distans*, trådtjønnaks *Potamogeton filiformis*, raudsvingel *Festuca rubra*, saltgras *Puccinellia* sp.

Aktuelle forvaltningstiltak

Sauebeitinga i området bør fortsette.

Litteratur

Lundberg (1992)

Registrert av Anders Lundberg **Dato** 24.06.1985

Lokalitet 2 Goddo - Holmavatnet

Hovudtype	Kulturlandskap	Areal	121 da
Undertype	Kystlynghei (D07)	Verdi	C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg i den nordlege delen av Goddo. Terrenget er småkupert med ryggar av bergknausar, og små myrar i dei flatare partia som ofte ligg i tilknytning til små tjørn. Dette er eit skoglaust lyngheiområde, men enkelte små furutre med buskform (1-2 m høge) førekjem. Lyngheia er òg temmeleg tilgrodd med einer med krypande vekstform, ca. 0,5 m høg. Innanfor eit areal på 200 x 600 m veks det dvergbjørk ei rekkje stader, til saman ca. 20-30 enkeltførekomstar. Den største førekomsten er ca. 20 m², men dei fleste er ein del mindre. Planten veks både på myr og i fuktige parti av lyngheia. Dvergbjørk er svært sjeldan på kysten av Hordaland, men arten finst òg på ein myr på Søre Bømlo (lok. 47), og dessuten på Fedje i Nordhordland. Planten er truleg ein gammal rest (relikt) frå perioden like etter siste istid.

Karakteristiske artar

Dvergbjørk *Betula nana*, einer *Juniperus communis*, krypvier *Salix repens*, røsslyng *Calluna vulgaris*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, klokkelyng *Erica tetralix*, purpurlyng *Erica cinerea*, blåtopp *Molinia caerulea*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, kornstarr *Carex panicea*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, rome *Narthecium ossifragum*, tepperot *Potentilla erecta*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, tettegras *Pinguicula vulgaris*, lusegras *Huperzia selago*, kystreinlav *Cladonia portentosa*, heigråmose *Racomitrium lanuginosum*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 29.05.2002

Lokalitet 3 Goddevågspøyla

Hovudtype	Skog	Areal	4,2 da
Undertype	Gammal lauvskog (F07)	Verdi	C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Frå Goddevågspøyla går det ein liten dal nordvestover. Langs nordsida av dalen går det ein bratt fjellhammar med litt rasmateriale under. Materialet er grovt og består av til dels store blokker. På dette rasmaterialet ligg det ein liten ospeskog med ei utstrekning på om lag 50 x 100 m. Nokre tre er relativt gamle, med ein diameter på ca. 40 cm, men dei fleste er yngre. Kristtorn inngår i tresjiktet saman med selje. Her er òg mykje einer, ofte som 2-3 m høge stammar. I vegetasjonen er det vanlege urter, gras og store bregner. Særleg einstape dominerer enkelte stader. Ospeskog er ikkje vanleg i denne delen av Bømlo.

Karakteristiske artar

Osp *Populus tremula*, einer *Juniperus communis*, selje *Salix caprea*, kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, krattlodnegras *Holcus mollis*, einstape *Pteridium aquilinum*, ormetelg *Dryopteris filix-*

mas, vivendel *Lonicera periclymenum*, blåknapp *Succisa pratensis*, revebjelle *Digitalis purpurea*, legeveronika *Veronica officinalis*, gaukesyre *Oxalis acetosella*, gullris *Solidago virgaurea*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, jordnøtt *Conopodium majus*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 29.05.2002

Lokalitet 4 Goddestakken

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,6 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00): Nordvendte kystberg

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Goddestakken ligg lengst sør på Goddo. Terrenget i dette lyngheilandskapet er kupert med kollar og steile bergveggar. I ei av kløftene vart det registrert hinnebregne. Kløfta ligg inntil ein 5 m høg bergvegg som er eksponert mot nordvest. Her er det høg luftfukt og innslag av moseartar som ikkje tåler uttørring. Førekomsten av hinnebregne dekker ca. 0,5 m² av bergveggen.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Bjønnekam *Blechnum spicant*, hengeveng *Phegopteris connectilis*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, heigråmose *Racomitrium lanuginosum*, kystpute *Cladonia subcervicornis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 29.05.2002

Lokalitet 5 Urangsvåg

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 11 da

Undertype Slåtteeenger (D01), Naturbeitemark (D04)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg søraust for Urangsvåg, omlag 1,5 km nord for Bremnes. På eit lite høgdedrag i ca. 50 meters høgde, ligg det eit jordbruksområde med slåtte- og beitemarker. Markane ser ut til å bli dreve etter moderne metodar med bruk av kunstgjødsel. Det finst likevel parti der marka ikkje blir gjødsla, særleg i kanten av området, gjerne inn mot område der det har kome opp krattskog ved attgroing. Jorda er noko magrare her, og der det er berg i dagen veks det tørkeresistente artar som kystbergknapp og dvergsmyle. Eit særleg interessant område i storleiken 150 x 100 m ligg i nokre bakkar i kanten av eigendomen til Willy Sjøvoll. Bakken er dominert av vanlege beitemarksgras, men har òg innslag av ei rekkje urter. Nokre av urtene er interessante fordi dei indikerer gammal tradisjonell slåtteemark. Solblom og orkidéen kvitkurle er to slike artar som har hatt ein dramatisk tilbakegang i kulturlandskapet. I dette området er det relativt rikelig med solblom, medan det berre vart funne to plantar av kvitkurle. Begge desse artane er sårbare og vil truleg forsvinne også frå denne lokaliteten dersom dei gamle driftsformene ikkje blir haldne i hevd. Kunstgjødsel og attgroing verkar svært negativt inn på desse artane. Det har kome opp litt lyng i området, særleg røsslyng og blokkebær som indikerer byrjande attgroing. Fordeling av naturtypar: Slåtteeeng 50%, naturbeitemark 50%.

Registrerte raudlisteartar

Solblom *Arnica montana* (DC), kvitkurle *Leucorchis albida* ssp. *albida* (DC)

Karakteristiske artar

Kornstarr *Carex panicea*, knegras *Danthonia decumbens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, blåtopp *Molinia caerulea*, dvergsmyle *Aira praecox*, kattedot *Antennaria dioica*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, gullris *Solidago virgaurea*, ryllik *Achillea millefolium*, blåknapp *Succisa pratensis*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, hårsveve *Hieracium pilosella*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, jordnøtt *Conopodium majus*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, smalkjempe *Plantago lanceolata*

Aktuelle forvaltingstiltak

Halde marka i hevd med slått og/eller beiting av området for å hindre attgroing med lyng og deretter buskar og tre. Unngå bruk av kunstgjødsel.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 02.08.2002

Lokalitet 6 Storavatnet nord

Hovudtype	Ferskvatn/våtmark	Areal	16 da
Undertype	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	Verdi	B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Storavatnet ved Bremnes har ei utstrekning på ca. 1,5 x 1,0 km. Vatnet ligg berre 7 moh., noko som tyder at det har vore ein del av sjøen den gongen havet stod høgare enn i dag. På botnen ligg det difor truleg leire, skjelsand og andre marine avsetjingar som bidrar med næringsstoff. Kulturlandskapet med markane rundt blir gjødsla, og det skjer difor eit tilsig av næringsstoff ut i vatnet. Storavatnet har fleire bukter, og det ligg ei spesielt trang bukt i nordenden. Tilsiget frå jordbrukslandskapet kjem frå nord- og vestsida av bukta. Rundt bukta veks det ein bord med smalt dunkjevle. Denne planten dominerer, og står gjerne ytst i ei sone med andre sumpplantar. Breidda på denne sona er ca. 2-10 m. Dunkjevle ragar høgt i vegetasjonen, gjerne 2 m over vassflata. Innanfor dunkjevlebeltet er det ei rekkje høge stauder som sverdlilje, åkersvinerot og kattehale. Flaskestarr er òg vanleg. Noko av sumpvegetasjonen er påverka av beiting. Smalt dunkjevle er utbreidd i kantsona av Storavatnet, ikkje berre i nord, men òg i fleire av buktene i andre delar av vatnet, særleg i sør og vest. Dette er ein søraustleg plante som berre finst på nokre få lokalitetar på Vestlandet nord for Jæren (regionalt sjeldan). Førekomstane i Storavatnet er truleg dei største i Hordaland.

Karakteristiske artar

Smalt dunkjevle *Typha angustifolia*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, flaskestarr *Carex rostrata*, lyssiv *Juncus effusus*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*, åkersvinerot *Stachys palustris* dikeminneblom *Myosotis laxa ssp. cespitosa*, andmat *Lemna minor*, kattehale *Lythrum salicaria*, amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

I aust ligg det ei steinfylling nedanfor vegen. Det er òg granplanting her.

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 08.09.2002

Lokalitet 7 Mørketjørna

Hovudtype	Ferskvatn/våtmark	Areal	5,2 da
Undertype	Rike kulturlandskapssjøar (E08)	Verdi	C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Mørketjørn ligg sør for Økland, like nedanfor vestsida av vegen. Tjørnnet har ein rund fasong og ligg i eit område med dyrka mark. Det går kyr på marka ved tjørnet, og noko av sumpvegetasjonen med flaskestarr og andre sumpplantar er beitepåverka. I nord grensar tjørnet til eit plantefelt med sitkagran. Ein god del av tjørnet er tilgrodd med eit tett belte av takrøyr. Takrøyrbeltet er ca. 20 m breitt i sør, men smalnar av til 5 m i nord. Stråa er høge, 2,5 m, sjeldnare 3 m. I det opne vatnet utanfor takrøyrbeltet dominerer myrhatt, medan eit belte med flaskestarr, grøftesoleie og andre sumpplantar danner ein overgang frå takrøyersona og inn mot beitemarka.

Karakteristiske artar

Øyrevier *Salix aurita*, takrøyr *Phragmites australis*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, skogrøyrkvein *Calamagrostis purpurea*, flaskestarr *Carex rostrata*, lyssiv *Juncus effusus*, knappsviv *Juncus conglomeratus*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrmaure *Galium palustre*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, myrmjølke *Epilobium palustre*

Registrert av Bjørn Moe **Dato** 02.08.2002

Lokalitet 8 Brømsundsholmen

Hovudtype	Kyst/havstrand	Areal	8 da
Undertype	Andre viktige førekomstar (H00): Fuglegjødsla strandberg	Verdi	B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Brømsundsholmen er ein liten holme i skjærgarden vest for Meling, som ligg eksponert mot ope hav. Mellom dei grå og blankskurte svaberga er det ein svært frodig vegetasjon som er forårsaka av fuglegjødsling. Artane som inngår er vanlege i dette habitatet, men plantane framstår med kraftige blomsterfargar som gir holmen eit særpreg.

Karakteristiske artar

Strandbalderbrå *Matricaria maritima ssp. maritima*, skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*, raud jonsokblom *Silene dioica*, strandsmelle *Silene uniflora*, fjørekoll *Armeria maritima*, rosenrot *Rhodiola rosea*

Litteratur

Rabben (1997), Rabben (2002).

Registrert av Jan Rabben

Dato

Lokalitet 9 Strutsøya

Hovudtype Kyst/havstrand, Kulturlandskap

Areal 249 da

Undertype Kystlynghei (D07), Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Strutsøya ligg like nord for brua over til Hiskjo. På sør- og vestsida av vegen ligg det eit område med ein fin mosaikk mellom lynghei og strand (ca. 90% lynghei og 10% strand). Berggrunnen består av gabbro, som ofte gir eit karakteristisk, knausete landskap med mykje fjell i dagen. Vegetasjonen er dermed noko flekkvis fordelt, men stadvis med bra utvikla lynghei, dominert av røsslyng, klokkeling, purpurlyng og krekling. Høgda på røsslyngen kan bli over halvmetere, men småvokste og lite forveda plantar er meir karakteristisk. Også eineren i området er liten og har delvis ei krypende vekstform. Lyngbrann og beiting har halde vegetasjonen i hevd. Vegetasjonen er stadvis dominert av beitegras, særlig finnskjegg.

I nokre av buktene ligg det små strandenger der det er akkumulert lausmassar av sand og grus. Vegetasjonen er dominert av strandkryp, saltsiv og gåsemure. Desse plantane var kraftig nedbeita i byrjinga av september. Tiggarsoleie vart registrert på stranda, og denne er sjeldan i Hordaland.

Strutsøya er tidlegare vurdert som ein del av eit større område med kystlynghei (Fremstad m.fl. 1991). Området, som er omtalta som Hiskjo-Sønstabø, har svært stor bevaringsverdi i regional samanheng. Området er svært veileigna som typeområde for svakt varmekjær og tørr kystlynghei i flatt terreng og verhardt klima.

Fordeling av naturtypar: Kystlynghei 90%, strandeng 10%.

Karakteristiske artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea*, klokkeling *Erica tetralix*, heistarr *Carex binervis*, bråtestarr *Carex pilulifera*, dvergsmyle *Aira praecox*, heisiv *Juncus squarrosus*, finnskjegg *Nardus stricta*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, tiggarsoleie *Ranunculus sceleratus*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, gåsemure *Potentilla anserina*

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitetrykket både i lyngheia og på strendene.

Litteratur

Fremstad, Aarrestad & Skogen (1991).

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 08.09.2002

Lokalitet 10 Hiskjo

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 557 da

Undertype Kystlynghei (D07), Naturbeitemark (D04), Kalkrike enger (D08)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Den langstrakte øya Hiskjo har i dag veg- og brusamband nordover til Meling. Øya høyrer til den vestlege skjærgarden i Bømlo og er eskonert mot ope hav. Den undersøkte lokaliteten ligg lengst sørvest på Hiskjo, der det er registrert eit kulturlandskapet med store naturverdiar. Grunnlaget for dette ligg delvis i berggrunnen som består av gabbro som gjer jorda baserik. Men jordsmonnet er mange stader grunnlendt med mykje knausar og berg i dagen, spesielt i den vestlege delen ut mot ope hav. Nær hamna på austsida er jordsmonnet djupare, og her er det grunnlag for jordbruk med åker og slåttemark. Gjennom tradisjonell bruk har utmarka på Hiskjo fått sin spesielle karakter av lynghei og grashei, meir eller mindre med innslag av ein artsrik flora. Karakterplanten er solblom, og den førekjem i store mengder, kanskje i tusental. Planten veks gjerne i kanten av bergknasur, men krev ei viss jorddjupne for å klare seg. Dei store, breie bladrosettane kan vekse tett i tett i beitemarka, men òg enkeltvis.

I Hordaland er det ikkje kjent stader med like mykje solblom som på Hiskjo. Planta var relativt vanleg i kulturlandskapet rundt vestlandsgardane før i tida, men den har blitt borte dei fleste stadane. Årsaka ser ut til å vere todelt: For det første er planta ekstremt ømfintlig for kunstig gjødsling, og for det andre blir den raskt utkonkurrert når marka gror att. Difor er det avgjerende at kulturmarkane med solblom blir haldne i hevd med beiting og lyngbrenning på tradisjonelt vis. I dag er røsslyngen på Hiskjo stort sett kortvokst og i svært god stand.

I bergskårer og søkk er det kratt med vivendel og buskar og tre som trollnype og fagerrogn (begge raudlisteartar) i tillegg til solblom. Trollnype førekjem òg på beitemarka med små, beitetilpassa former. Innslag av fagerrogn, vanleg rogn og bjørk i beitemarka indikerer at beitetrykket enkelte stader er lågt.

Der det er fuktige sig opptrer myrsaulauk, jåblom og andre artar som er karakteristiske for rikmyr eller fuktenger. Fleire

sumpplantar er knytte til strendene på Hiskjo, m.a. kattehale og blodtopp. Strandplanten østersurt førekjem i ei bukt lengst i sør. Denne arten har ei nordleg utbreiing og er sjeldan på Bømlo som på Vestlandet elles. Fordeling av naturtypar: Kystlynghei 50%, Naturbeitemark 40%, Kalkrike enger 10%.

Registrerte raudlisteartar

Solblom *Arnica montana* (DC), trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R), fagerrogn *Sorbus meinichii* (Ansvarsart)

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, krypvier *Salix repens*, vestlandsvikke *Vicia orobus*, kusymre *Primula vulgaris*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, jordnøtt *Conopodium majus*, bakkesøte *Gentianella campestris*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, knopperteknapp *Lathyrus linifolius*, kattefot *Antennaria dioica*, jåblom *Parnassia palustris*, marinøkkel *Botrychium lunaria*, vill-lin *Linum catharticum*, gulmaure *Galium verum*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, småengkall *Rhinanthus minor*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, dvergsmyle *Aira praecox*, hjartegras *Briza media*, blåstarr *Carex flacca*, engstarr *Carex hostiana*, loppestarr *Carex pulicaris*, geitsvingel *Festuca vivipara*

Strand:

Blodtopp *Sanguisorba officinalis*, klourt *Lycopus europaeus*, kattehale *Lythrum salicaria*, østersurt *Mertensia maritima*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Oppslag av lauvtre i beitemarka er tegn på attgroing som vil vere eit trugsmål mot solblom og andre beitemarksplantar. Små plantar av sitkagran har spreidd seg frå frøtre i området.

Aktuelle forvaltningstiltak

Fjerne buskar frå beitemarka. Hogge ned sitkagran, spesielt frøtre. Oppretthalde tradisjonell drift med sauebeiting som i dag. Brenne lyng som har blitt stor og forveda.

Etter at Hiskjo vart landfast har busetjinga halde seg oppe, noko som er viktig for å halde på kontinuiteten i drifta av dette svært verdifulle kulturlandskapet.

Litteratur

Rabben (2002).

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 27.06.2001
08.09.2002

Lokalitet 11 Litla Holmsundet

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,7 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ved Litla Holmsundet, sør på Nordre Lyklingholmen går det ein steil og ca. 20 m høg, sørvendt bergvegg. Over ein avstand på ca. 50 m har berget eit markert overheng. Spreidd under overhengen veks det havburkne i fleire tuer med til saman ca. 80 frondar (bregneblad). Middels stor lokalitet. Jens Holmboe samla havburkne frå lokaliteten i 1921, og han omtalta denne klassiske førekomsten som "i mengder under berghamren ved sundet".

Det ligg ei rasmark under berget som delvis er naturleg, men det ser òg ut til at noko av steinen har blitt sprengt ut.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Bergflette *Hedera helix*, smørbukk *Sedum telephium*, rosenrot *Rhodiola rosea*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, gulskolm *Lathyrus pratensis*, fjørekoll *Armeria maritima*, brunrot *Scrophularia nodosa*, torskemunn *Linaria vulgaris*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.05.2002

Lokalitet 12 Nordre Lyklingholmen aust

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,8 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nordre Lyklingholmen er ei lyngdominert øy i den vestlege skjærgarden utanfor Bømlo. Lokaliteten ligg bak nauset i Litla Holmsundet, aust på Nordre Lyklingholmen. Terrenget er kupert og berglendt, med vertikale veggjar og fleire skårer i berget. Berggrunnen består av gabbro, og små utfellingar av "stalaktittar" indikerar kalk. Dei vertikale skårene er nokre

meter lange og eit par meter djupe. I to av sprekkene veks det hjortetunge heilt innst, der det er mykje skugge men god skjerming mot frost og uttørking. Det er ca. 10 tuer med til saman over 100 frondar (bregneblad), noko som indikerer ein god tilstand. Jens Holmboe registrerte hjortetunge på lokaliteten alt i 1921. I ein tredje sprekk som ligg nedst og nærast sjøen (2 moh.) veks det havburkne. Det er ein liten førekomst med berre to plantar på høvesvis 10 og 30 blad. Dette er ein klassisk lokalitet for to av dei sjeldnaste bregnene i landet.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R), havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, svartburkne *A. trichomanes*, olavskjegg *A. septentrionale*, torskemunn *Linaria vulgaris*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, purpurlyng *Erica cinerea*, heistarr *Carex binervis*, storfrytle *Luzula sylvatica*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.05.2002

Lokalitet 13 Søre Lyklingholmen

Hovudtype Kulturlandskap, Rasmark, berg og kantkratt

Areal 218 da

Undertype Naturbeitemark (D04), Sørvendte berg (B01).

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Søre Lyklingholmen er dominert av gras og beitemarksplantar, medan lyngmark mangler så godt som heilt. Det er imidlertid lita dekning med vegetasjon på øya, mange stader godt under halvparten av arealet. Dalsøkket med den gamle innmarka har god vegetasjonsdekning. Husa i kanten av innmarka vitnar om tidlegare busetnad og forklarar den sterke bruken av kulturlandskapet på øya. Husa er godt haldne ved like. Den gamle innmarka har i naturtypesamheng ikkje verdi som kulturlandskap pga. gjødsling og attgroing. Naturbeitemarka på resten av øya, derimot, inneheld artar som er typiske i tradisjonell beitemark, med rundskolm, kystmaure og dvergsmyle som er godt tilpassa det knausete landskapet med mykje grunnlendt mark. Den sterke påkjenninga frå havet gjer at snaue strandberg strekkjer seg langt innover holmen, særleg på sør- og sørvestsida. Til tross for mykje bergknauar og lite vegetasjon, kan det gå sauer her ute heile året (Stavland 1990).

Det vart registrert to lokalitetar for havburkne:

1) Ved Stutaklampen, lengst sør på Søre Lyklingholmen, veks havburkne under eit overheng i ein 15 m høg bergvegg som ligg eksponert mot sørvest. Overhenget er ca. 3 m djupt nedst og skrår gradvis oppover. Det er ca. 35 frondar (bregneblad) i vegg. Framfor vegg ligg det ei lita "strandflate" på ca. 30 m ut til sjøen utanfor.

2) Nord for Breiavika. Havburkne veks i to tuer med ca. 20 frondar i kvar. Berget står sterkt utsett til for sjødrev, men planten er godt tilpassa dette.

Fordeling av naturtypar: Naturbeitemark 90%, sørvendte berg 10%.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Naturbeitemark:

Rundskolm, *Anthyllis vulneraria*, smalkjempe *Plantago lanceolata*, flekkmarihand *Dactylorhiza maculata*, kystmaure *Galium saxatile*, loppestarr *Carex pulicaris*, bråtestarr *C. pilulifera*, dvergsmyle *Aira praecox*, markfrytle *Luzula campestris*, hårsveve *Hieracium pilosella*, heiblåfjør *Polygala serpyllifolia*, jordnøtt *Conopodium majus*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, kattedot *Antennaria dioica*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, sylarve *Sagina subulata*, jonsokkoll *Ajuga pyramidalis*, våskrinneblom *Arabis thaliana*, bakkeveronika *Veronica arvensis*.

Sørvendte berg:

Fjørekkoll *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, rosenrot *Rhodiola rosea*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, strandkjeks *Ligusticum scoticum*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, strandmelle *Silene uniflora*

Litteratur

Stavland (1990).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 27.05.2002

Lokalitet 14 Toska

Hovudtype Kulturlandskap, Kyst/havstrand

Areal 247 da

Undertype Kystlynghei (D07), Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Toska ligg i den ytre skjergarden i Bømlo, midt mellom Lyklingholmane og naturreservatet Olvondo. Terrenget er kupert og knausete, men manglar høge, vertikale bergveggar. Det er ei gammal hustuft og ein steingard på øya, noko som viser at det tidlegare har vore busetnad på øya. I dag er det berre sauebeiting som held det gamle kulturlandskapet i hevd. Sauebønder som ikkje har tilgang på fjellbeite brukar Toska og andre øyar til beiting gjennom store delar av sommaren (N. G. Slettebø pers.medd.).

Lyngheia på Toska er stadvis i svært god stand, spesielt eit parti i nordvest har tette, fine matter med kortvokst røsslyng, 10-20 cm høg og lite forveda. Slik lyng har den beste beiteverdien. Andre stader med byrjande attgroing, er lyngen meir grovvokst og forveda. Det er spor etter lyngbrenning i området.

Inst i Breiavika er det ei strandbukt med lausmassar av rullestein. Området er omlag 30 x 30 m. Her er massane i stadig rørsle fordi sjøen står rett på frå sørvest. Nokre interessante artar her er grisnestarr og knortestarr, medan pusleblom veks litt høgere oppe på strandberga.

Fordeling av naturtypar: Kystlynghei 90%, strandeng 10%.

Registrerte raudlisteartar

Pusleblom *Anagallis minima* (DC)

Karakteristiske artar

Lynghei:

Klokkelyng *Erica tetralix*, finnskjegg *Nardus stricta*, heisiv *Juncus squarrosus*, raudsvingel *Festuca rubra*, engkvein *Agrostis capillaris*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, dvergsmyle *Aira praecox*, slåtestarr *Carex nigra*, heistarr *C. binervis*, harestarr *C. ovalis*.

Strand:

Fjørekkoll *Armeria maritima*, sylarve *Sagina subulata*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, grisnestarr *Carex distans*, knortestarr *C. otrubae*

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitetrykket for å halde lyngheia i hevd. Brenne parti der lyngen har blitt for grov.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.07.2002

Lokalitet 15 Geitung

Hovudtype Kulturlandskap, Kyst/havstrand

Areal 236 da

Undertype Naturbeitemark (D04), Kalkrike enger (D08), Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Geitung tilhører den ytre skjærgarden i Bømlo, men øya ligg noko i le av Nautøy og Skotningen som begge ligg meir eksponert mot storhavet. Geitung har òg andre bergartar, m.a. metabasalt og andre basiske bergartar som gir gunstige forhold for vegetasjonen. Dette har igjen danna grunnlaget for busetnaden og kulturlandskapet på øya. Busetnaden er konsentrert til den nordlege delen med båthavn i Geitungssundet. Den øvrige delen av Geitung består av gammalt, tradisjonelt kulturlandskap dominert av naturbeitemark med mange beitemarksplantar, både gras og urter, som til saman utgjer ein artsrik flora. Lyng manglar nesten heilt. Her er mykje grunnlendt jord og knausar som utgjer kalkrike strandberg i beitemarka. På slike stader er blodstorkenebb og blodtopp karakteristiske artar. Nokre parti av marka er noko attgrodd med ein lavvokst, nærmast krypande einer, men det generelle inntrykket er at beitemarka blir halden godt i hevd ved sauebeiting.

Sørvest på Geitung, mellom Skarvaberget og Geitungssundet, ligg det nokre steile bergveggar som tilhører ein langstrakt berghammar som skrår gradvis mot sjøen. Avstanden til sjøen er ca. 20 m. Berget er om lag 8 m høgt og ligg eksponert rett mot sør. Det har eit markert overheng som er ca. 1 m djupt, men dette er ikkje meir enn at sola når inn. Havburkne veks under overhenget, med 3 større tuer på høvesvis 10, 20 og 30 frondar (bregneblad). I tillegg veks det nokre mindre plantar med nokre få blad spreidd i berget.

Fordeling av naturtypar: Naturbeitemark 70%, kalkrike enger 20%, sørvendte berg 10%.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R), trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Rundskolm *Anthyllis vulneraria*, tirltunge *Lotus corniculatus*, torskemunn *Linaria vulgaris*, kornstarr *Carex panicea*, hjartegras *Briza media*, kattedot *Antennaria dioica*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, jåblom *Parnassia palustris*, loppestarr *Carex pulicaris*, vill-lin *Linum catharticum*, gulmaure *Galium verum*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, markfrytle *Luzula campestris*, ryllik *Achillea millefolium*, dvergsmyle *Aira praecox*, kamgras *Cynosurus cristatus*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*

Bergsprekker:

Havburkne *Asplenium marinum*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, smørbukk *Sedum telephium*

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitinga, svi av område med einerkratt.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.07.2002

Lokalitet 16 Nautøy

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,7 da

Undertyper Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nautøy er naboøya til Geitung på vestsida av Geitungssundet. Omlag midt mellom moloen og Ospeneset går det ein steil bergvegg som vender mot aust og søraust. Bergveggen er ca. 15 m høg og har eit overheng som er ca. 5 m djupt. Under overhengen går det fleire sprekker, både horisontalt og skrått i berget. Det vart registrert 4 tuer med havburkne i bergveggen, til saman ca. 50 frondar (bregneblad). I veggen er det òg bergflette og klipperagg.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Bergsprekker:

Olavsskjegg *Asplenium adiantum-nigrum*, torskemunn *Linaria vulgaris*, ramslauk *Allium ursinum*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, gjerdevikke *Vicia sepium*, vivendel *Lonicera periclymenum*, vill-apal *Malus sylvestris*, bergflette *Hedera helix*, klipperagg *Ramalina siliquosa*.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.07.2002

Lokalitet 17 Lyngøya

Hovudtype Kulturlandskap, Rasmark, berg og kantkratt

Areal 237 da

Undertyper Naturbeitemark (D04), Sørvendte berg (B01).

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lyngøya ligg rett vest for Grutlelfjorden og tilhører den ytre skjærgarden i Søre Bømlo. Bergarten er metabasalt, og ligg i dagen mange stader. Fleire stader er det spor etter iserosjon med avrunda former i berget. Særleg i den største bukta på austsida av øya er det ei rekkje plastiske former på strandberga.

Den største berghammaren ligg sør på øya og dannar ein 100 m lang vegg som ligg fritt eksponert mot sør og sørvest.

Veggen er 15 m høg og har fleire overheng. Det er kalkspat i sprekkene, og fleire stader med kalkutfelling som viser gir lyse parti på overflata. I desse sprekkene veks det havburkne ei rekkje stader, og her er tallrike tuer med truleg over 300 bregneblad til saman. Planten veks i sprekker i ulike høgdenivå, men alltid beskytta under overhengen. Dette er den største registrerte førekomsten av havburkne i Bømlo.

Trass i namnet, er det helst lite lyng på Lyngøya, og krekling er vanlegere enn røsslyng. Krekling inngår relativt hyppig i ei grasdominert beitemark med mykje finnskjegg, knegras, geitsvingel og raudsvingel. Floraen i beitemarka er nokså triviell, men blodstorkenebb førekjem spreidd.

Fordeling av naturtypar: Naturbeitemark 80%, sørvendte berg 20%.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Kystlynghei/naturbeitemark:

Røsslyng *Calluna vulgaris*, klokkelyng *Erica tetralix*, krekling *Empetrum nigrum*, heistarr *Carex binervis*, finnskjegg *Nardus stricta*, knegras *Danthonia decumbens*, geitsvingel *Festuca vivipara*, raudsvingel *Festuca rubra*, blåknapp *Succisa pratensis*, følblom *Leontodon autumnalis*, kusymre *Primula vulgaris*, kattedot *Antennaria dioica*, blåkoll *Prunella vulgaris*, smalkjempe *Plantago lanceolata*.

Sørvendt berg:

Blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, smørbukk *Sedum telephium*, rosenrot *Rhodiola rosea*, strandmelle *Silene uniflora*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, klengemaure *Galium aparine*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*.

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing.

Aktuelle forvaltningstiltak

Sauebeiting.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.07.2002

Lokalitet 18 Søre og Nordre Gissøya

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 1264 da

Undertype Kystlynghei (D07)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Utanfor vestkysten av Søre Bømlo, mellom Holme og Vikaneset, ligg dei to øyane Søre og Nordre Gissøya. Øyane ligg tett saman og er berre skilde av eit lite sund.

Øyane vart ikkje undersøkte under båtbeifaringane, og den følgjande vurderinga er gjort frå Vikaneset, på austsida av Søre Gissøysundet. Det viser tydeleg at det har vore lyngbrann på Søre Gissøya. Bakken var såpass mørk på farge at det såg ut til at brannen må ha funne stad denne sommaren (2002). Den nordlegaste delen av Søre Gissøya er ikkje påverka av brannen, men her gjekk det utgangarsau på beite. Det ser ut til at det gamle, tradisjonelle lyngheilandskapet blir halde i hevd. Beite av utgangarsau på Gissøy har truleg pågått ei tid, sidan dette er nemnt av Stavland (1990).

Tilstanden på Nordre Gissøya er meir usikker, men frå avstand ser det ut til at også denne øya er dominert av lynghei.

Verdivurderinga er usikker sidan øyane ikkje har blitt synfarte.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beiting.

Litteratur

Stavland (1990)

Registrert av Ikkje undersøkt i 2002.

Dato 1990

Lokalitet 19 Pollen, Espevær

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 17 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Espevær er ei øygruppe med ei hovudøy, fleire mindre småøyar og nokre holmar. Øya er nesten delt i to av eit smalt eide, og på begge sider av dette ligg det trange bukter. Inst i bukta, på nordsida av eidet, ligg eit godt beskytta strandområde, Pollen, med strandvegetasjon både på nordsida og sørsida av bukta.

Området på nordsida ligg like ved "UFO-ringen" som har blitt eit kjent landemerke på Espevær. Stranda hellar svakt mot sør og substratet er grus med innslag av sand. Ytst er det ei sone med saltsiveng på eit par meters breidde. Her er det spreidde tuer med fjøresaltgras. Innanfor dette er det fukteng med krypkvein og fleire beitegras, før ei sone med skjoldblad tek over på den inste delen. Sona med skjoldblad er 10-20 m brei og når heilt opp til "UFO-ringen". Elles inngår myrklegg, svartknoppurt og småengkall. Vegetasjonen er mykje beitepåverka, til dels med plantar som veks tett ned mot bakken. Det går sauer i området. Det er òg mykje trakk fordi stranda blir brukt som friluftsområde.

Bukta på sørsida av Pollen er meir brakkvassprega fordi den står i samband med eit sumpområde lenger sør. Fordi terrenget er flatt, når springfloa relativt langt innover land. Det blir danna sumpar med typiske artar som rustsivaks, fjøresivaks og småsivaks. I dei små sumpene står vatnet og fordamper etter flo på varme sommardagar, fordi dei ikkje har drenering som leiir vatnet bort. Her blir det danna saltpanner med store veksingar i miljøet. Der vatnet er meir permanent, finst små grunne myrar, med artar som tvebustarr, jåblom og myrklegg. Skjoldblad veks òg på denne lokaliteten, i fukteng, ca. 200 m frå stranda. Også på stranda på sørsida av Pollen er vegetasjonen påverka av beite og trakk frå beitedyr.

Karakteristiske artar

Saltsiv *Juncus gerardii* fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, rustsivaks *Blysmus rufus*, saltbendel *Spergularia salina*, krypkvein *Agrostis stolonifera*, saltstarr *Carex vaccillans*, musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*, slåttestarr *Carex nigra*, strandkryp *Glaux maritima*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, myrklegg *Pedicularis palustris*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, småengkall *Rhinanthus minor*, jåblom *Parnassia palustris*, knopparve *Sagina nodosa*, sylarve *Sagina subulata*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, soleihov *Caltha palustris*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det ligg mykje jernskrap og anna avfall langs stranda.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 01.08. 2002

Lokalitet 20 Espevær

Hovudtype Kulturlandskap, Rasmark, berg og kantkratt

Areal 278 da

Undertype Kystlynghei (D07), Kantkratt (B02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

I nordvest ligg det største området med kystlynghei på Espevær. Terrenget er berglendt og svært kupert, noko som gjer det tungt framkomelig. Dei sørvendte, lune berga er eit gunstig habitat for purpurlyng som førekjem i mengder. Røsslyngen er for det meste stor og grovvokst, men det finst òg parti der den er liten og har betre beiteverdi. Lyngheia er elles noko attgrodd med ein del einer, oftast mindre enn halvmeteren høg. Ein og annan furubusk førekjem òg, noko som skuldast spreiding frå plantefelt lenger aust på øya.

Frå tidlegare undersøkingar er det skildra strandkratt og tørrberg dominert av blodstorkenebb (Lundberg 1992). Desse er ikkje konsentrert til ein bestemt del av Espevær, men finst spreidd på fleire område. Strandkratt av denne typen førekjem innan det avgrensa området. På stranda innanfor Eidsklubben, lengst i vest, er det registrert artar som grisnestarr, kattehale og blodtopp.

Fordeiling av naturtypar: Kystlynghei 90%, kantkratt 10%.

Karakteristiske artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea*, klokkeling *E. tetralix*, kreking *Empetrum nigrum*, heistarr *Carex binervis*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*, bråtestarr *Carex pilulifera*, kornstarr *C. panicea*, grisnestarr *C. distans*, knegras *Danthonia decumbens*, smyle *Deschampsia flexuosa*, finnskjegg *Nardus stricta*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kattehale *Lythrum salicaria*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Brenning av parti med grovvokst lyng. Beiting.

Litteratur

Lundberg (1992)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 01.08. 2002

Lokalitet 21 Ternahaugen

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 2,1 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ternahaugen ligg innanfor Eidsneset på nordsida av Vespestadvågen. På sørvestsida av Ternahaugen går det ein stor og svært markert berghammar eksponert mot sørvest. Ved foten av berget ligg det nokre store steinblokker som danner ei lita rasmark. Nokre av blokkene er gigantiske og tilgrodd med klipperagg. Berghammaren er ca. 20 m høg og har eit overheng

som er ca. 8 m djupt. På tre stader under overhengen veks det havburkne i bergsprekker 5-6 meter oppe i veggen. Det vart registrert ca. 20 bregneblad (frondar). Alle blada er små.

Lenger aust og nærare bukta, ca. 20 m frå sjøen, veks det havburkne i ein vertikal, om lag 5 m høg bergvegg. Ved basis er det eit overheng som er ca. 1,5 m djupt. Det er to små tuer av havburkne med høvesvis 10 og 5 blad. Denne førekomsten ligg eksponert rett mot sør.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Murburkne *Asplenium ruta-muraria*, olavsskjegg *A. septentrionale*, purpurlyng *Erica cinerea*, strandsmelle *Silene uniflora*, vivendel *Lonicera periclymenum*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, klipperagg *Ramalina siliquosa*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 01.08.2002

Lokalitet 22 Kvernavika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 8 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

På neset mellom Kvernavika og Ramnatrevika ligg det nokre mektige, steile klipper like over flomålet. Ved basis av klippene er det ein stor, horisontal sprekk som er fleire meter djup. Inne i sprekk finst ein svært god lokalitet for hjortetunge. Nokre av plantane veks langt inne i den skyggefulle sprekk, og her er plantane godt verna og skjulte. Sprekken gir svært godt vern mot frost. I sprekker med noko bedre lysforhold, men likevel under overheng veks havburkne. Denne klassiske førekomsten av dei to sjeldne vintergrøne bregnene i den same klippa, er først omtala av Bjørndalen & Odland 1978, seinere nemnt av Lundberg 1992. Bjørn Moe har besøkt lokaliteten under ekskursjonar i 1981 og 1992.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R), havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Slakkstarr *Carex remota*, kusymre *Primula vulgaris*, storfrytle *Luzula sylvatica*.

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Ikkje undersøkt i 2002

Dato 1992

Lokalitet 23 Sætravika

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 1,3 da

Undertype Sandstrender (G04): Rullestein- og grusstrand

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sætravika ligg omlag midt mellom Kallevågen og Bømlahuk. I ei bukt mellom ruvende strandklipper og svaberg ligg det relativt mykje rullestein og grus. Materialet er godt avrunda fordi det er god rørsle i steinane når bølgen slår inn ved grov sjø. Rørslene i substratet fører til at det er lite vegetasjon på stranda, men det finst ein strandplante som er godt tilpassa dette barske miljøet: østersurt. Den dannar store tuer med stenglar som ligg nede på grusen. Fordelen ved å vekse i dette habitatet er at den unngår konkurranse frå annan vegetasjon. Det vart registrert 18 tuer av østersurt som veks jamt ut over stranda. Dette er den største bestanden av østersurt i Bømlø, og planten er berre kjend frå eit par andre strender i kommunen. Det kan ha samanheng med at rullesteinstrand er ein sjeldan naturtype både i Bømlø og resten av fylket. Østersurt har ei nordlig utbreiing i Noreg. Planten vart registrert på denne stranda også i 1981.

Karakteristiske artar

Østersurt *Mertensia maritima*, torskemunn *Linaria vulgaris*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 01.08.2002

Lokalitet 24 Barlindfjellet

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,4 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Barlindfjellet er ein fjellrygg som ligg 1 km aust for Bømlahuk, lengst sør på Bømlo. Fjellryggen går parallelt med kystlinjen som består av steile utilgjengelige berg som stuper rett i sjøen. På vestsida går det eit dalsøkk sørover i retning sjøen og langsmed den ca. 20 m høge bergveggen av Barlindfjellet.

I ein 10 m lang og 3 m djup, skråttstilt sprekk i bergveggen vart det registrert ein ny lokalitet for hjortetunge. I sprekk med hovudførekomsten vart det telt 70 bregneblad (frondar) fordelt på 8 tuer, noko som er ein ganske stor bestand. Planten veks i skugge i botnen av sprekk. Det vart registrert fleire unge blad, noko som tyder på god vitalitet og formering ved hjelp av sporar.

Om lag 20 m lenger nede i dalsøkket og like ovanfor ei gigantisk blokk, vart det funne endå nokre plantar av hjortetunge. I denne sprekk var det fire tuer med til saman 20 blad.

Dette er den fjerde registrerte, og truleg den største lokaliteten for hjortetunge i Bømlo.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R)

Karakteristiske artar

Blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, bjønnekam *Blechnum spicant*, fugleteig *Gymnocarpium dryopteris*, heistarr *Carex binervis*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blåknapp *Succisa pratensis*, purpurling *Erica cinerea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 01.08.2002

Lokalitet 25 Bømmelhamn

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 14 da

Undertype Kantkratt (B02)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ved Bømmelhamn finst det nokre store slåpetornkratt og andre trekk i vegetasjonen som er uvanlege på Vestlandet.

Slåpetorn har ei søraustleg utbreiing i Noreg, med hovudførekomst frå Oslofjorden og nedover sørlandskysten. Lokalitetane på Vestlandet er fåtalige og isolerte.

Slåpetornkratta ved Bømmelhamn veks like bak ei naustrekkje sør på Lønningsneset. Her har dei breidd seg ut over strandberg og kalkknausar der jorda er for skrinn til at skogen kan klare seg. Kratta er 1-3 m høge, og hausten 2002 var det store mengder frukter på plantane. På strandberga, inngår artar som strandlauk, blodstorkenebb og skogkløver.

Slåpetorn dannar òg tette kratt lenger inne, ca. 100 m frå sjøen. Desse kratta dekkjer eit større areal enn dei som står nærare sjøen. Dei veks på gammal kulturmark og er ein del av attgroingen når markane ikkje lenger blir haldne i hevd. Slåpetorn er i spreiring her fordi det framleis finst opne parti med gammal beitemark (ofte dominert av sølvbunke) den kan spreie seg til. Planten har òg spreidd seg til hagar. Når slåpetornkratta blir gamle, blir dei invadert av ulike treslag som hassel, ask, platanlønn, osp og selje, og sidan skugga ut. I skog med desse treslaga vart det registrert døde slåpetornkratt.

Slåpetorn er ein utprega pionerplante som berre kan klare seg der det er ope og gode lysforhold. Difor har planten naturlege nisjer i strandsona der skogen ikkje klarar å fortregje den. Ved Bømmelhamn er dei naturlege nisjene små og knytt til berg som manglar jordsmonn. Ei anna nisje er vegkanten, der ein og annan plante vil kunne overleve. Slåpetornkratt er altså ein ustabil naturtype som er i stadig endring. I dagens kulturlandskap i attgroing har slåpetorn ein gunstig periode den første tida etter at slått og beiting opphøyrer, og før skogen tek over. Men på Bømlo, og Vestlandet elles, er suksisjonar med slåpetorn høgst uvanlege, fordi planten er svært sjeldan i landsdelen. Det er kravet til høge sommartemperaturar som knytter slåpetorn til den søraustlege delen av landet.

Karakteristiske artar

Slåpetorn *Prunus spinosa*, hagtorn *Crataegus monogyna*, strandlauk *Allium vineale*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, skogkløver *Trifolium medium*, fulgevikke *Vicia cracca*, gulmaure *Galium verum*, smørbukk *Sedum telephium*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Slåpetornkratt er ein ustabil vegetasjonstype som med tida vil bli utkonkurrert av skog. Planten vil difor forsvinne frå område der den ikkje finn nisjer som er naturleg opne.

Aktuelle forvaltingstiltak

Hogge bort skogen der den representerer eit trugsmål mot slåpetornen.

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 07.09.2002

Lokalitet 26 Hovlandstjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 3,2 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ved kulturlandskapet på Hovland ligg eit ovalt, lite tjørn med eit areal på ca. 20 x 10 m. Botntilhøva rundt tjørnet er ustabile, med mykje lausbotn, og difor har det ikkje vore slåtte- og beitemark heilt ut til kanten av vatnet. Her ute er det utvikla ein frodig sumpvegetasjon med mange sumpplantar som krev eit næringsrikt miljø. Næringa kjem i stor grad frå gjødsling av beitemarkane omkring.

Den sjeldne vassplanten blanktjønnaks *Potamogeton lucens*, som er blitt registrert i tjørnet tidlegare (Bjørndalen & Odland 1978), vart ikkje funnen att. Førekosten kan ha gått ut som ei følge av atgroing. I løpet av perioden på 25 år er det sannsynlig at sumpvegetasjonen har blitt tettare og vatnet mindre, som ein effekt av gjødslinga. Men det er òg svært mogleg at planten framleis finst i tjørnet, men er blitt oversett i 2002. Blanktjønnaks har berre undervassblad og er difor vanskeleg å oppdage i det grumsete vatnet, særleg når vasstanden er høg.

Fordi dagens status for blanktjønnaks er usikker, er tjørnet berre vurdert som lokalt viktig.

Registrerte raudlisteartar

Blanktjønnaks *Potamogeton lucens* (DC) - 1978, ikkje funnen i 2002

Karakteristiske artar

Elvesnelle *Equisetum fluviatile*, vassmynte *Mentha aquatica*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, åkersvinerot *Stachys palustris*, andmat *Lemna minor*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, flaskestarr *Carex rostrata*, trådstarr *C. lasiocarpa*, sjøsivaks *Schoenoplectus lacustris*

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 07.09.2002

Lokalitet 27 Vorlandstjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 7,4 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ved kulturlandskapet på Vorland ligg det ei lita tjørn omgitt av beitemark. Frå den gjødsla marka sig det næring ut i tjørnet, noko som gir grunnlag for ein frodig sumpvegetasjon. Tjørnet er dominert av takrøyr, til dels med høge strå som er opp til 2,5 m. Bestanden med takrøyr dekkjer i dag så godt som heile vatnet, og det ser ut til at planten har vore i sprenging. Frå tidlegare er bestanden omtala som ein høg, tett bord rundt heile vatnet (Bjørndalen & Odland 1978). I dag ser det ut til at takrøyra har ekspandert utover mot midten av tjørnet.

Floraen av sumpplantar er ikkje særleg artsrik, noko som er typisk for mange takrøyrdominerte tjørn. Blanktjønnaks er kjent frå lokaliteten, men er ikkje funne att i 2002. Det kan ha samband med at takrøyrskogen har blitt for tett. Men det er òg mogleg at planten framleis finst i tjørnet, men har blitt oversett i 2002. Blanktjønnaks har berre undervassblad og er difor vanskelig å oppdage, særleg når vasstanden i er høg.

Registrerte raudlisteartar

Blanktjønnaks *Potamogeton lucens* (DC) - ikkje funnen i 2002

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, lyssiv *Juncus effusus*, myrhatt *Potentilla palustris*, myrmjølke *Epilobium palustre*, bogeminneblom *Myosotis laxa*

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 07.09.2002

Lokalitet 28 Andalstjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 9,3 da

Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Andalstjørn tilhøyrrer kulturlandskapet ved Andal og står i kontakt med innmark som er meir eller mindre gjødsla. Dermed aukar tilsiget av næring og grunnlaget for ein frodig sumpvegetasjon. I vegetasjonen inngår artar som er typiske for mange andre kulturlandskapssjøar i kommunen. Bjørndalen og Odland (1978) vurderer verneverdien av Andalstjørn som mindre enn Vorlandstjørn og Hovlandstjørn, men påpeikar at tjørnet har verdi som landskapselement.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, sjøsivaks *Schoenoplectus lacustris*, slåttestarr *Carex nigra*, myrhatt *Potentilla palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, vassmynte *Mentha aquatica*

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Ikkje undersøkt i 2002

Dato 1978

Lokalitet 29 Aråsen

Hovudtype Skog

Areal 41 da

Undertype Kystfuruskog (F12), Kalkskog (F03)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Frå tidlegare er furuskogen i området Aråsen - Andalsåsen omtala som verneverdig, dels på grunnlag av høg artsrikdom, dels fordi den inneheld mykje purpurlyng (Bjørndalen & Odland 1978, Bjørndalen & Brandrud 1989). Då området vart undersøkt i samband med verneplan for barskog i 1986, vart denne furuskogen vurdert til å være relativt mykje påverka av moderne skogbruk. Skogsvegar og hogstflater har fragmentert det som opphavelig var eit interessant område med både kalkskog og kystfuruskog. Det var ikkje aktuelt å vurdere eit større område av denne skogen som eit eventuelt barskogreservat.

Sett i biologisk mangfald samanheng er det likevel store verdiar i dette skogsområdet som det må takast omsyn til i den kommunale forvaltinga (sjå også lok. 30). Eit område med kalkskog er registrert på vest- og sørsida av Aråsen. Denne furuskogen står i bratte skråningar og er gunstig eksponert med parti som inneheld næringsrik forvittringsjord. Skogen er tidlegare omtala som ekstremt artsrik (Bjørndalen & Odland 1978). På sørsida av Aråsen, aust for Sætradalstjørn, er det registrert kystfuruskog med mykje purpurlyng. Vekslinga mellom skog på god bonitet og parti med impediment er karakteristisk. Skogen har kystskogstruktur, særleg opp mot plataet av Aråsen der trea har bøyde stammar og greinrike kroner som er flate i toppen.

Purpurnose er ein oseanisk levermose som i Hordaland berre er kjent frå Søre Bømlo. Det vart registrert nokre store matter av denne arten i eit nordvendt sig på Aråsen.

Lokaliteten vart ikkje undersøkt i 2002, og det er difor usikkert om den er framleis er intakt slik den vart registrert i 1986. Fordeling av naturtypar: Kystfuruskog 80%, Kalkskog 20%.

Registrerte raudlisteartar

Bergfaks *Bromus ramosus* (DC)

Karakteristiske artar

Kristtorn *Ilex aquifolium*, kusymre *Primula vulgaris*, skogfiol *Viola riviniana*, teiebær *Rubus saxatilis*, markjordbær *Fragaria vesca*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, vivendel *Lonicera periclymenum*, skogstorkenebb *Geranium sylvaticum*, legeveronika *Veronica officinalis*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, sanikel *Sanicula europaea*, loppestarr *Carex pulicaris*, fingerstarr *C. digitata*, hengeaks *Melica nutans*, hjartegras *Briza media*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, Purpurnose *Pleurozia purpurea*

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978), Bjørndalen & Brandrud (1989).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 03.08.1986

Lokalitet 30 Vassnestjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 5 da

Undertype Andre viktige førekomst (H00): Sjeldan, raudlista plante

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Under registreringsarbeidet med verneplan for barskog i 1986, vart det funne ein lokalitet med storak i Vassnestjørn, 0,5 km vest for Andal (Moe 1994). Dette var det første funnet i Bømlo, det tredje på Vestlandet og det femte i Noreg. Som på fleire av dei andre storaklokalitetane veks planten i kanten av eit lite skogstjørn. I den sørlege bukta av Vassnestjørn dannar storak eit belte på omlag 20 x 4 m. Heile Vassnestjørn er 40 x 25 m. Det er furuskog i området rundt, og tjørnet ligg i eit lite dalsøkk med eit lunt lokalklima der sommartemperaturen er relativt høg, samtidig som vintrane er milde med lite frost. Desse klimatiske forholda er ein viktig føresetnad for at storak skal klare seg i Noreg i dag. Planten er ein relik (rest) frå ein varmare periode for fleire tusen år sidan.

Pollenanalytiske studie av Vassnestjørn viser at storak var etablert her for ca. 8.700 år sidan. På denne tida vart planten truleg etablert i fleire andre tjørn, både på Bømlo og elles på Vestlandet. Klimaet var svært gunstig for denne varmekrevjande arten i nokre tusen år framover. Fram mot vår tid går utbreiinga til storak tilbake, dels fordi klimaet blir kjøligare, men òg fordi det skjer ei attgroing av veksestadane. I små tjørn der storak veks, står planten i fare for å bli konkurrert ut når miljøet med tida blir omgjort frå tjørn til myr. Mange myrar på Bømlo er attgrodde tjørn, kan hende har det vore storakførekomst i fleire av desse tidlegare.

Sjølv om det er ein del attgroingstov rundt planten, er det òg rikelig med ope vatn, slik at førekomsten i Vassnestjørn ikkje kan reknast som truga av attgroing. Bestanden her er framleis stor og livskraftig bestand. Storak produserer mange fertile aks trass i at planten truleg ikkje er i stand til å formere seg med frø. Men fertile aks er eit mål på vitaliteten til planten. På tre ulike år har ein registrert talet på fertile aks, og resultatet viste 53 i 1991, 70 i 1992 og 110 i 2002. Det er truleg ein samanheng mellom klimaet og produksjonen av fertile aks frå år til år. Det høge tallet i 2002 kan henge saman med den varme og solrike hausten i 2001.

Registrerte raudlisteartar

Storak *Cladium mariscus* (V)

Karakteristiske artar

Trådstarr *Carex lasiocarpa*, dystarr *C. limosa*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, pors *Myrica gale*, tjønnaks *Potamogeton natans*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, kjøttormose *Sphagnum magellanicum*, tvaretormose *S. russowii*, vortetormose *S. papillosum*.

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Ein traktorveg frå Andal til Andersvatnet går like sør for Vassnestjørn. Veggen er i seg sjølv ikkje noko trugsmål mot lokaliteten, men etter hogst i skogen har kvistar mm. blitt deponert ut mot vasskanten. Furuskogen i området er ganske kraftig påverka av skogbruk.

Aktuelle forvaltningstiltak

Unngå granplanting og andre tiltak som kan påvirke lokalklimaet rundt Vassnestjørn.

Litteratur

Moe (1994), Midtbø (1995).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 1986, 1991

Lokalitet 31 Andersvatnet

Hovudtype Myr

Areal 14 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Andersvatnet er eit av dei større skogstjørna i området ved Andal. I nordenden av vatnet ligg det eit myrområde, dels som ei attgroingsmyr og dels eit myrområde som fyller dalsøkket der bekken renn ut av vatnet mot Tollevik. Ytst mot vatnet dominerer takrøyr, elvesnelle og trådstarr. Lenger inne der det er meir samanhengande dekning med torv, er det rikmyr med brunskjene og brunmyrak som spesielt karakteristiske artar. Her er det òg ein lokalitet for nøkkesiv som stadfestar at myra har ei artssamansetjing det knytter seg spesiell interesse til.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, brunskjene *Schoenus ferrugineus*, brunmyrak *Rhynchospora fusca*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, nøkkesiv *Juncus stygius*, tjonngras *Littorella uniflora*

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978), Lundberg & Moe (1982).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 04.07.1981

Lokalitet 32 Kyrkjetuftene

Hovudtype Myr

Areal 36 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nedanfor kyrkjetuftene på vestsida av vegen, nord for Langevåg, ligg det eit dalføre med eit lite vassdrag som drenerer sørvestover til Eidesvatnet. Aust for Havåsen er dalen flat og vid med ein stilleflytande bekk som renn gjennom eit stort myrområde. Myra består av ei rekkje strukturar frå tuer, fastmatter til lausbotn. Spesielt tuestrukturane er dominerande over store delar av området, noko som gjer myra tungt framkomelig.

I sørvest der myra er fuktigast, veks takrøyr i eit tett bestand, til dels ute i vatnet. I nordaust er det berre nokre mindre vasspyttar, og på torva inngår ei rekkje starrartar som loppestarr, engstarr og tvebustarr. Dette er indikatorartar på rikmyr saman med jåblom, svarttopp og fleire andre. Delar av myra er intermediaær med store førekomstar av trådstarr. Myra er kartlagt som rikmyr sjølv om delar av området er intermediaær eller fattigare.

Karakteristiske artar

Svarttopp *Bartsia alpina*, myrsaulauk *Triglochin palustre*, jåblom *Parnassia palustris*, pors *Myrica gale*, rome *Narthecium ossifragum*, klokkelyng *Erica tetralix*, loppestarr *Carex pulicaris*, engstarr *C. hostiana*, tvebustarr *C. dioica*, kornstarr *C. panicea*, trådstarr *C. lasiocarpa*, ryllsiv *Juncus articulatus*, takrøyr *Phragmites australis*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 07.09.1981

Lokalitet 33 Stormyra

Hovudtype Myr

Areal 53 da

Undertype Intakt lavlandsmyr (A01), Rikmyr (A05)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

I det kuperte landskapet nord for Roaldsfjorden går det eit dalsøkk opp mot riksvegen. Gjennom dalen renn det ein bekk, og omlag i den midtre delen ligg det eit stort myrområde, Stormyra. Myra dekkjer heile dalen, men det finst ei rekkje parti med opne vasshol i ein attgroingsfase. Fleire vasshol står i samband med bekken som renn gjennom den austlege delen av myra.

Intermediaær myrvegetasjon er karakteristisk, med artar som trådstarr og flaskestarr, desse dominerer på den store flata der torvdekninga er størst. Rikmyr førekjem i kanten av myra og der myra smalnar inn i dalen i nordvest. Breiull, loppestarr og engstarr er rikmyrsindikatorar som førekjem i mengder. I kanten av myra vart det registrert to store tuer av den sjeldne toppstarr. Denne planten førekjem helst ved tjørn, men kan ein sjeldan gong vekse på myr.

Fordeling av naturtypar: Intakt lavlandsmyr 80%, rikmyr 20%.

Registrerte raudlisteartar

Toppstarr *Carex paniculata* (DC)

Karakteristiske artar

Breiull *Eriophorum latifolium*, kvitmyrak *Rhynchospora alba*, tvebustarr *Carex dioica*, loppestarr *C. pulicaris*, engstarr *C. hostiana*, trådstarr *C. lasiocarpa*, blåtopp *Molinia caerulea*, flaskestarr *C. rostrata*, pors *Myrica gale*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 31.07.2002

Lokalitet 34 Roaldsfjord

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 3,4 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Inst i Roaldsfjord er det registrert ein strandsump og eit tilhøyrande fuktig drag som strekkjer seg inn over land. Omlag 60 m inne på land er det eit fuktig sig med skjoldblad. I strandsona står det eit bestand med havsivaks på 5 x 2 m. Det er typisk at arten veks der det er litt tilsig av ferskvann, og saman med nitrofile artar som klourt, strandvindel og kveke. I baklandet av stranda veks det høgstaudar, særleg mjødurt og stadvis blodtopp og blodstorkenebb.

Lokaliteten er liten, men har ei variert artssamansetjing, dels med artar som er sjeldne i fylket.

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, myrklegg *Pedicularis palustris*, klourt *Lycopus europaeus*, strandvindel *Calystegia sepium*, gåsemure *Potentilla anserina*, kveke *Elymus repens*, strandrug *Elymus arenarius*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, saltbendel *Spergularia salina*, strandstjerne *Aster tripolium*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, havsivaks *Schoenoplectus maritimus*, blåstarr *Carex flacca*, engstarr *C. hostiana*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det veks sitkagran spreidd innanfor stranda, med fare for at den vil spre seg og gi mykje skugge. Det er òg naturleg gjenvekst av hassel som vil skugge ut lyskrevjande artar i strandsona.

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge vekk skogen som veks opp like innanfor stranda.

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 31.07.2002

Lokalitet 35 Slettevika

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 2,3 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Slettevika er ein lita bukt på vestsida av indre del av Roaldsfjord. Stranda har fin sonering i vegetasjonen frå sjøen og inn mot land. Ytst er det eit saltsivbelte med strandkryp, raudsvingel og saltbendel. Dette går over i ei sone dominert av skjoldblad og med mykje gåsemure. Innanfor dette dominerer høgstaudevegetasjon med mjødurt. Her førekjem strandkvann og andre nitrofile artar.

Karakteristiske artar

Skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, strandkryp *Glaux maritima*, saltbendel *Spergularia salina*, havbendel *Spergularia media*, gåsemure *Potentilla anserina*, raudsvingel *Festuca rubra*, saltsiv *Juncus gerardii*, strandkvann *Angelica sylvestris* ssp. *litoralis*.

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 31.07.2002

Lokalitet 36 Helleneset

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 4,3 da

Undertype Kantkratt (B02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Helleneset ligg i Roaldsfjorden, og som namnet indikerer er berggrunnen meir eller mindre skifrig. Like innanfor strandsona går det ein liten, sørvendt brattkant. Det opne havet ligg like utanfor, men nokre mindre holmar utanfor Helleneset gir eit visst vern mot grov sjø. I framkant av brattkanten er det utvikla eit kantkratt med buskvegetasjon, særleg trollnype, krossved, ask og einer. Det er rikelig med trollnype her, men planten er vanleg mange andre stader på søre Bømlo.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Ask *Fraxinus excelsior*, krossved *Viburnum opulus*, purpurlyng *Erica cinerea*, einer *Juniperus communis*, skogbingel *Mercurialis perennis*, kusymre *Primula vulgaris*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 31.07.2002

Lokalitet 37 Sætradalsvika

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 7 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sætradalen er eit gammalt beitelandskap med lyng- og grasmark. Området haldes framleis i hevd, og det vart i 2002 observert utegangarsau her. Hausten 2003 gjorde Asbjørn Knutsen og Jostein Kjærandsen svært interessante funn av beitemarksopp i Sætradalen. Spesielt på strandenga i Sætradalsvika, nedst i dalen vart det innanfor eit lite område registrert jordtunger, vokssoppar og andre artar knytt til beitemark. Fleire av artane er raudlista. Området er elles kjent for fleire steinalderfunn, m.a. buplassar og rydningsrøyser.

Registrerte raudlisteartar

Brun engvokssopp *Hygrocybe colemanniana* (V), skjelljordtunge *Geoglossum fallax* (DC), sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* (DC)

Karakteristiske artar

Skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, seig vokssopp *H. laeta*, honningvokssopp *H. reidii*, grøn vokssopp *H. psittacina*, kjeglevokssopp *H. conica*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, skjør vokssopp *H. ceracea*, engvokssopp *H. pratensis*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, gul småkøllesopp *C. helvola*, silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, vanleg jordtunge *Geoglossum starbaecki*, svart jordtunge *Trichoglossum hirsutum*

Registrert av Asbjørn Knutsen og Jostein Kjærandsen

Dato 2003

Lokalitet 38 Lenutetjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark, Kulturlandskap

Areal 15 da

Undertype Naturbeitemark (D04), Mudderbankar (E02)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På austsida av Lenutetjørn og i den tilstøytande skråninga opp mot Lenuten ligg det eit interessant område med fleire naturtypar. Strandsona langs austsida av tjørnet er grunn med finkorna materiale av sand og grus. Flaskestarr førekjem spreidd i eit belte ute i vatnet. Innanfor dette, i overgangen til tørt land, er det ei sone med kortskotsplantar. Slike plantar er tilpassa svingingar i vasstanden, og for mange av dei er det gunstig at plantane blir tørrlagde utpå sommaren. Dette skjer i varme, nedbørfattige periodar. Svingingar i vasstanden fører til at det blir lite samanhengande vegetasjon i strandsona. Dette er årsaka til at sjeldne og konkurransesvake artar kan vokse her. Bustsivaks førekjem i eit meterbreitt belte som strekkjer seg over 100 m av stranda. Planten krev finkorna sand og grus, og veks saman med botnegras, småsivaks og fleire andre kortskotsplantar. Tilstanden til denne svært sjeldne planten er god på denne staden.

Skråninga ovanfor tjørnet ligg nedanfor ein bratt bergvegg, og frå denne rasar det lausmassar ned mot tjørnet. Her er det mykje finkorna materiale, danna både ved utrasing og forvitring. Naturbeitemarka er artsrik og dominert av gras og urter, m.a. fleire artar knytt til det tradisjonelle kulturlandskapet. Det går utegangarsau i Sætradalen som i dag er med på å halde kulturlandskapet i hevd. Den svært sjeldne og direkte truga sauevokssopp vart registrert i området.

I beitemarka er det parti med fuktige sig og karakteristiske artar som jåblom og loppestarr. På nordsida av Lenuten inngår brunskjene i eit fuktig sig.

Fordeling av naturtypar: Naturbeitemark 90%, mudderbankar 10%.

Registrerte raudlisteartar

Bustsivaks *Isolepis setacea* (V), sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (E)

Karakteristiske artar

Ferskvatn:

Botnegras *Lobelia dortmanna*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, knopparve *Sagina nodosa*, krypsiv *Juncus supinus*, ryllsiv *Juncus articulatus*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, gytjeblererot *Utricularia intermedia*, myrsaulauk *Triglochin palustre*, vasspepper *Persicaria hydropiper*

Naturbeitemark:

Vill-lin *Linum catharticum*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, jåblom *Parnassia palustris*, purpurlyng *Erica cinerea*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, blåkoll *Prunella vulgaris*, kystgrisor *Hypochoeris radicata*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, sylarve *Sagina subulata*, dvergmispel *Cotoneaster integerrimus*, kattedot *Antennaria dioica*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kystmaure *Galium saxatile*, kusymre *Primula vulgaris*, vårmarihand *Orchis mascula*, knegras *Danthonia decumbens*, hjartegras *Briza media*, loppestarr *Carex pulicaris*, kornstarr *C. panicea*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing ved opphøyr av beite.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitetrykket som i dag. Beite og trakk er med på å halde vegetasjonen i strandsona open.

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 31.07.2002

Lokalitet 39 Berge

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 32 da

Undertype Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

På Berge finst naturtypar som er forma etter langvarig, tradisjonell drift av eit gammalt kulturlandskap. Eit rikt botanisk mangfald med lett tilkomst gjer Berge til eit sær særeigna ekskursjonsområde (brukt av Universitetet og Høgskolen i Bergen i ei årrekke). Men kulturlandskapet er i rask endring mot eit gradvis meir skogdekt og einsformig landskap. Prosessen har pågått i fleire tiår. Fram til for omlag 30 år sidan hadde søre Bømlo ei lang rekkje gode lokalitetar med blomsterrike enger i tilknytning til jordbruksområda. Dei vart slått og beita, og vegetasjonen var rik på urter og gras. Slike tradisjonelle enger har dei fleste stader gått tapt pga. endra driftsmåtar. Etter kvart har vegetasjonen blitt meir einsformig og har mist særpreget på grunn av av intensiv drift med bruk av kunstgjødsel, medan restområda gror att. I ei undersøking frå 1977 vart det konkludert med at dei kalkrike engene ved Berge den gongen var blant dei beste lokalitetane for slik vegetasjon på Søre Bømlo (Bjørndalen & Odland 1978).

På Berge er det godt dokumentert kva som har skjedd med engene etter at dei har grodd att svært mykje sidan 1977. Frå 1992 har Universitetet i Bergen brukt Berge som ekskursjonsområde for biologistudentar. Fleire artar har gradvis blitt vanskelegare å finne. I dag er det knapt noko att som kan kallast for tradisjonell engvegetasjon, men fleire av dei typiske artane, t.d. solblom, marinøkkel, småengkall, stortveblad og kamgras førekjem framleis i området. Dette er små restar frå den tida då markane vart slått og beita. Desse artene står no i akutt fare for å gå ut. Nokre artar har alt forsvunne frå området, t.d. rundskolm, brudespore, kvitkurle, flekkgrisøyre og bakkeseite.

Fordeling av naturtypar: Naturbeitemark 80%, kalkrik eng 20%.

Registrerte raudlisteartar

Solblom *Arnica montana* (DC), kvitkurle *Leucorchis albida* ssp. *albida* (DC)

Karakteristiske artar

Marinøkkel *Botrychium lunaria*, brudespore *Gymnadenia conopsea*, stortveblad *Listera ovata*, engkall *Rhinanthus minor*.

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Nokre av dei typiske engplantane som er att har stort sett slutta å bløme, og det er no berre blada att, t.d. hos solblom og småengkall. Engane er kraftig attgrodde, særleg av tettvekst einer med ei vekstform som breier seg effektivt ut over marka. Her er òg mykje krypvier, og på fuktige stader tette kratt med pors. Av tre (ca. 20 år gamle) har det kome opp mykje furu, bjørk og hassel. Skuggevverknaden er særleg sterk under den tette hasselen. Også lyngplantar, mest røsslyng og blåbær, har spreidd seg på bekostning av fleire urter og gras.

Aktuelle forvaltningstiltak

Ved den gamle kjerrevegen og inn mot berget langs austsida av åsen, ligg det mindre rester av ei gammal slåttemark. Området er langstrakt (ca. 250 m) og smalt (10 m på det breieste). Her vil det vere aktuelt å gjere tiltak for å vinne tilbake noko av den gamle, tradisjonelle engvegetasjonen. Dette vil kunne betre tilhøva for solblom og andre lyskrevjande artar. Tiltak: Mest mogleg av trea og all eineren bør hoggast eller rivast opp med rot. Fjerning av einer bør ha høgeast prioritet. Grovvaksen lyng må kappast eller slåast. Tiltak som hindrar nye rotskudd hos lauvtree er ønskjeleg. Etter ryddearbeidet må vegetasjonen slåast og beitast for å halde gjenveksten til dei forveda artene nede. Marka må ikkje tilførast kunstgjødsel. Ved Bergesvatnet ligg eit lite ope felt som er omgitt av tett skog med hassel og granplanting. Storleiken er ca. 50 x 70 m. Her finst framleis ei rekkje typiske engplantar som hjartegras, kamgras, nattfiol, marinøkkel, svartknoppurt, blåstarr, loppestarr, engstarr, knollerteknapp, augentrøyst og storblåfjør. Området skrumpar svært raskt inn og blir invadert av furu, hassel, einer, rosebuskar, rogn, selje og hegg. Om få år vil det ikkje vere noko att av denne gamle enga. Einstape er òg eit betydelig trugsmål.

Tiltak: Heile flata må ryddast, dvs. alle tre og buskar må fjernast. Tiltak som hindrar rotskot må vurderast. Einstape må slåast så ofte som mogleg. Det må ryddast heilt ned til kanten av vatnet, inn mot den tette hasselskogen og opp til plantefeltet. Helst bør nokre av granene hoggast ut for å redusere skuggeverknaden på enga. Skal tiltaka ha effekt, må dei setjast i verk så raskt som råd.

Litteratur

Bjørndalen & Odland (1978)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 31.07.2002

Lokalitet 40 Vikaneset

Hovudtype Kulturlandskap, Myr, Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1001 da

Undertype Kystlynghei (D07), Rikmyr (A05), Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vikaneset ligg på nordsida av Vikafjorden, og det undersøkte området strekkjer seg inn til Vikavatnet i nordaust. I vest går grensa langs strandberg som ligg eksponert mot ope hav. Terrenget er småkupert med ei rekkje kollar rundt 30-50 moh. Kystlynghei er den dominerande naturtypen i området. Sørvest for Melkevika har lyngen nyleg blitt brent (truleg i 2000 eller 2001), og det har resultert i ein kortvokst, lite forveda vegetasjon, dominert av røsslyng, klokkelyng og purpurlyng. Særleg purpurlyng er svært vanleg i området. Det kan sjå ut til at brannen enkelte stader har vore kraftig og skada jordsmonnet, noko som har resultert i mykje død lyng enkelte stader. Ei mogleg forklaring på dette kan vere at området har blitt brent for seint på året. Dette kan favorisere ei etablering av gras, særlig geitsvingel, smyle og dvergsmyle. Hardt beite kan òg føre til at gras tek over for lyngen. Lyngheia har tilsynelatande vore godt skjøtta. I ei tidlegare undersøking vart det funne at vegetasjonen inneheldt artsrike pionerstadie og nyleg brente område. Området vart difor trekt fram som eit aktuelt område å halde i hevd på tradisjonelt vis (Fremstad et al. 1991).

Mellom dei mange kollane ligg det flate parti med myrvegetasjon. Hovudmyra, Storemyr, utgjer ei stor flate i området, og hovuddreneringa går gjennom denne myra og vidare mot sørvest. I tillegg finst det fleire mindre parti med myr, og mange stader er det fuktige sig på ganske grunn torv. Myrvegetasjonen er ekstremt rik, med karakterartar som brunskjene, breiull, myrsaulauk m.fl.

Vest for Karlbergshaugen ligg det ein stor vertikal bergvegg, ca. 20-30 m høg. Veggene er eksponert mot sørvest og har eit overheng på ca. 5 m. Her veks det havburkne, ca. 10 blad, i ein vertikal sprekk. Plantane veks 5 m oppe i veggene, og avstanden til sjøen er 20 m. Blankburkne er vanleg og elles førekjem kratt med trollnype og vivendel.

Fordeling av naturtypar: Kystlynghei 75%, rikmyr 20%, sørvendte berg 5%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R), havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Kystlynghei og sørvendt berg:

Purpurlyng *Erica cinerea*, klokkelyng *E. tetralix*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, bergflette *Hedera helix*, hjartegras *Briza media*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, bråtestarr *Carex pilulifera*, heistarr *C. binervis*, dvergsmyle *Aira praecox*

Rikmyr:

Brunskjene *Schoenus ferrugineus*, jåblom *Parnassia palustris*, engstarr *Carex hostiana*, tvebustarr *C. dioica*, loppestarr *C. pulicaris*, blåstarr *C. flacca*, småsivaks *Eleocharis quinqueflora*, breiull *Eriophorum latifolium*, vill-lin *Linum catharticum*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, myrklegg *Pedicularis palustris*, myrsnelle *Equisetum palustre*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde bruken av området med beiting og brenning.

Litteratur

Fremstad, Aarrestad & Skogen (1991).

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 07.09.2002

Lokalitet 41 Lakreivika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 2,8 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lakreivika ligg i Nordre Gissøysundet. På nordsida av bukta ligg ein markert aust-vest gåande bergvegg frå sjøen og inn over land, totalt ca. 200 m lang. Veggan har svært store dimedanjonar og når opp mot 30 m på det høgaste. Delar av veggan er vertikal, med eit tydeleg overheng på eit par meter i nedre del. Under ligg det nokre enorme blokker som har rasa ut frå veggan. Enkelte stader er det spor etter kalkutfelling, og her har det òg blitt danna sprekkar. Det veks havburkne i store og små tuer i fleire av sprekkene. Til saman er det over 100 bregneblad. Nokre av plantane står utilgjengeleg til. Havburkne førekjem over eit stort område, frå 60 m inn frå sjøen til ut mot Svartaneset.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Bergflette *Hedera helix*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, fjørekoll *Armeria maritima*, murburkne *Asplenium rutamuraria*, blankburkne *A. adiantum-nigrum*, smørbukk *Sedum telephium*, fuglevikke *Vicia cracca*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 01.08.2002

Lokalitet 42 Gjertrudvika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 1,7 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Gjertrudvika ligg ved Nordre Gissøysundet. Her er det klipper som ligg eksponert mot havet i sørvest. Berget blir godt oppvarma av sola som står rett på dei vertikale veggane. I bergsprekkar er det utfelling av kalk som danner små stalaktittar. Under overheng veks det havburkne i tuer, til saman ca. 90 bregneblad. Førekomsten ligg ca. 20 moh. Det er mykje blankskurt svaberg og lite vegetasjon i området, men strandsmelle og fjørekoll er karakteristiske artar.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Strandsmelle *Silene uniflora*, fjørekoll *Armeria maritima*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 30.05.2002

Lokalitet 43 Holme

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt, Kyst/havstrand

Areal 4,5 da

Undertype Kantkratt (B02), Kalkrike strandberg (G09)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg nord for båthavna i Holmesjøen. Dei kalkrike strandberga ligg eksponert mot sør og sørvest. Berga ligg òg delvis i le av den markerte bergknausen Jotulskollen. Blomeprakta er imponerende i juni med mengder av trollnype og blodstorkenebb. Artsmangfaldet er stort, med ei blanding av strandplantar og kulturmarksplantar. Vegetasjonen er dels kortvokst med urter, men har òg betydelege innslag av kratt med små tre og rosebuskar. Strandberga utgjer ei sone på ca. 50 m frå sjøen og innover land. Innanfor ligg det dels lyngmark og dels krattvegetasjon med mykje einer. Dersom kratta med einer brer seg utover, vil dei kunne truge det fargerike mangfaldet på strandberga. Det er difor usikkert kor vidt strandberga på Holme har ein stabil vegetasjon ut i frå dei lokalklimatiske tilhøva, og om den artsrike floraen vil halde seg som i dag. Alternativt står den i fare for å gro att med tre og buskar (årsaka er at det er færre beitedyr i utmarka). Fordeling av naturtypar: Kantkratt 50%, kalkrike strandberg 50%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Bergasal *Sorbus rupicola*, bergflette *Hedera helix*, purpurlyng *Erica cinerea*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, dvergmispel *Cotoneaster integerrimus*, kattefot *Antennaria dioica*, blåfjør *Polygala vulgaris*, blodtopp *Sanguisorba officinalis*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, fjørekoll *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, teiebær *Rubus saxatilis*, fuglevikke *Vicia cracca*, skogvikke *V. sylvatica*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, dunhavre *Avenula pubescens*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 30.05.2002

Lokalitet 44 Kvernabekken

Hovudtype Myr

Areal 14 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kvernabekken renn frå Tjongevatnet og ut i den nordre bukta av Vikavatnet. Mellom vegen og vatnet ligg det ei myrflate, ca. 200 m lang og 50 m brei. Bekken renn gjennom vestkanten av myra. Langs bekken veks det litt takrøyr. Strukturane i myra er fastmattedominert, dvs. at torva er relativt fast å gå på, unnatt etter periodar med mykje nedbør. Tuestrukturane er svake, noko som er typisk for mange rikmyrer. Brunskjene er ein karakterart som dannar tette tuer på store deler av myra. Elles er myra rik på starrartar. Engmarihand førekjem sparsomt, og dette er ein av dei sjeldne orkidéane på Bømlo.

Karakteristiske artar

Brunskjene *Schoenus ferrugineus*, breiull *Eriophorum latifolium*, tvebustarr *Carex dioica*, loppestarr *C. pulicaris*, engstarr *C. pulicaris*, blåstarr *C. flacca*, engmarihand *Dactylorhiza incarnata*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, dvergjamne *Selaginella selaginoides*, myrklegg *Pedicularis palustris*, takrøyr *Phragmites australis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 2001

Lokalitet 45 Hattaberget vest

Hovudtype Myr

Areal 11 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Hattaberget er ein rygg med furuskog lengst sørvest i Tjongspollen. Vest for ryggen ligg eit større myrområde. Delar av myra er ekstremrik, særleg eit parti som følgjer dalsøkket vestover mot tjørnet som ligg 37 moh. Dette avlange partiet med rikmyr er 300 m langt og 50 m brei. Dreneringa gjennom myra går vestover mot Tjongevatnet. Det renn eit stilleflytande bekkedrag gjennom myra, og stadvis finn ein parti med djupt vatn som er små restar av ei tidlegare tjørn. Delar av myra har blitt danna ved attgroing av tjørnet. Karakterplanten brunskjene er vanleg på den midtre delen av myra, og dei tette tuene dekkjer totalt ca. 10 m². Arten veks særleg langs bekkedraget. Her finst òg breiull og fleire andre karakteristiske rikmyrsplantar.

Karakteristiske artar

Brunskjene *Schoenus ferrugineus*, breiull *Eriophorum latifolium*, loppestarr *Carex pulicaris*, kornstarr *C. panicea*, dystarr *C. limosa*, takrøyr *Phragmites australis*, dikesoldogg *Drosera intermedia*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, pors *Myrica gale*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 30.05.2002

Lokalitet 46 Hagardsfjellet nord

Hovudtype Myr

Areal 11 da

Undertype Rikmyr (A05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nord for ryggen med furuskog på Hagardsfjellet ligg det eit lite vassdrag som renn nordaustover til Tjongspollen. Langs bekken i den lille dalen ligg det to små tjørn. I og ved desse tjørna har det blitt danna myr ved attgroing, spesielt i det øvste tjørnet og i vestkanten av det nedste. Myr har òg blitt danna langs bekken der den er stilleflytande. Det avgrensa området med ei utstrekning på 0,5 km har ikkje samanhengende myr, men fleire mindre førekomstar som høyrer til den same hydrologiske eininga. Myrvegetasjonen er ekstremrik med mykje brunskjene, breiull og andre indikatorartar. Fjellplanten svarttopp inngår fleire stader, særleg i dei fuktige siga med grunn torv. Her er vegetasjonen mest lik den ein finn på fastmattene som det er mest av i vassdraget.

Karakteristiske artar

Brunskjene *Schoenus ferrugineus*, breiull *Eriophorum latifolium*, engstarr *Carex hostiana*, blåtopp *Molinia caerulea*, pors *Myrica gale*, rome *Narthecium ossifragum*, myrsaulauk *Triglochin palustris*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 30.05.2002

Lokalitet 47 Hodnavarden

Hovudtype Myr

Areal 0,5 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00): Vestleg førekomst av dvergbjørk

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Hodnavarden (109 m o.h.) er eit høgdedrag midt mellom Grutlefjorden og Sagvatnet. Terrenget er svært berglendt med knausar og brattkantar som grensar til små tjørn og myrar. Dette gir dårleg grunnlag for skog, og furu førekjem difor berre som spreidde tre. I kanten av impedimentet og på overgangen mellom myr og lynghei er det ein førekomst av dvergbjørk, 5 x 5 m i omfang. Plantane er 0,5 m høge, omlag i samme høgde som den grovvaksne røsslyngen i området.

Det er kjent berre ein annan førekomst av dvergbjørk i Bømlo (lokalitet 2). Dvergbjørka har ei austlig utbreiing og er svært sjeldan på ytre Vestlandet. Dei to førekomstane på myr i Bømlo kan vere svært gamle reliktar frå seinglasial tid.

Karakteristiske artar

Dvergbjørk *Betula nana*, pors *Myrica gale*, røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea*, klokkelyng *E. tetralix*, blåtopp *Molinia caerulea*, torvull *Eriophorum vaginatum*, storbjønnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum* rome *Narthecium ossifragum*, heigråmose *Racomitrium lanuginosum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 31.05.2002

Lokalitet 48 Grutle vest

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,4 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vest for Grutle ligg det ei eksponert kystlinje med svaberg som stuper rett i sjøen. Det er lite vegetasjon på berga, men fjørekoll, kystbergknapp og murburkne er karakteristiske. I ein klippevegg, like over nivået som blir påverka av bølgeslag, ca. 20 moh., veks det havburkne. Førekomsten inneheld fire tuer med til saman 15 blad (frondar). Dei veks godt verna under eit 2 m djupt overheng. Plantene er eksponert mot sørvest, og får bra med sol om ettermiddagen.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artar

Murburkne *Asplenium ruta-muraria*, fjørekoll *Armeria maritima*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, blåknapp *Succisa pratensis*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, blåklokke *Campanula rotundifolia*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, rosenrot *Rhodiola rosea*, raudsvingel *Festuca rubra*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 31.05.2002

Lokalitet 49 Stokkvika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,7 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Stokkvika ligg mellom Grutlefjorden og Lyklingfjorden. Heilt ytst i vika, sør for Sørneset, ligg ein omlag 8 m høg berghammar. Framfor ligg det store steinblokker som har rasa ut frå sprekksoner i berget. Utrasninga danna eit omlag 5 m djupt overheng. I sprekker under overhengen veks det ca. 10 tuer med havburkne, til saman ca. 200 bregneblad (frondar). Lokaliteten er svært eksponert, og bølgeslag under kraftige stormar kan nå heilt opp. Det er difor nesten ingen annan vegetasjon i berget.

Registrerte raudlisteartar

Havburkne *Asplenium marinum* (R)

Karakteristiske artarFjørekoll *Armeria maritima*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 26.03.2003

Lokalitet 50 Nappavika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,6 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nappavika ligg på sørsida av Nappen, mellom Lyklingfjorden og Grutlefjorden. Inst går vika inn i ei trang bukt med berg på begge sider. Berget i den sørvende sida er omlag 20 m høgt med ein stor vertikal sprekk. Her veks det havburkne, til saman 12 tuer, men det er få blad (frondar) i kvar tue. Plantene står 10-15 moh., og vert påverka av bølgesprut frå grov sjø. Plantane er imidlertid godt beskytta under overheng. Fordi berget er sørvendt, er lokalklimaet i sprekken gunstig, særleg når sola når heilt inn til plantane. Bergarten ser ut til å vere grønstein, stadvis med kalkutfelling.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Karakteristiske artar**Fjørekoll *Armeria maritima*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, svartburkne *Asplenium trichomanes*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 26.03.2003

Lokalitet 51 Træsvika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,4 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Træsvika ligg på den eksponerte vestkysten av Bømlo, mellom Grutlefjorden og Lyklingfjorden. Når den grove sjøen frå sørvest slår inn i den trange vika, gir det ein svært kraftig verknad langt innover land. Difor er det mykje blankskurt berg i området. Omlag 50 m frå sjøen ligg ein stor berghellar, ca. 10 m høg med eit 8 m djupt overheng. Godt beskytta under overhenget, omlag 10 moh, står det fire tuer med havburkne, til saman ca. 30 bregneblad (frondar). På svaberget framfor berget ligg det svære blokker som har rasa ut. Berget er meir eller mindre grønfarga, noko som indikerer grønstein. I sprekksonene er det kalkutfelling enkelte stader.

Registrerte raudlisteartarHavburkne *Asplenium marinum* (R)**Karakteristiske artar**Rosenrot *Rhodiola rosea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 26.03.2003

Lokalitet 52 Husatjødna

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 5,3 da

Undertype Andre viktige førekomst (H00): Sjeldan, raudlista plantart

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ved Husa ligg eit tjørn like i vegkanten. Tjørnet ligg 38 moh. og måler ca. 80 x 50 m. På nordsida grensar tjørnet inn mot ein bergvegg, men bergknausar eller grove steinmassar finst òg i vasskanten på dei andre sidene. Eit større kratt med øyrevier veks innanfor vestkanten av tjørnet. Ellers er vasskanten tilvokst med sumpplantar. Ein av dei vanlegste artane i tjørnet er toppstarr, som førekjem langs søraust og nordsida. Denne sumpplanten dannar store, grove tuer, og veks anten heilt ute i vasskanten, eller innanfor belte av bukkeblad og elvesnelle som det òg er mykje av på lokaliteten. Elles førekjem sjøsvivaks spreidd.

Dette er den største førekomsten av toppstarr i Bømlo. Den er òg registrert i to andre tjørn (lokalitet 69 og 70), men desse førekomstane er mindre.

Registrerte raudlisteartar

Toppstarr *Carex paniculata* (DC)

Karakteristiske artar

Øyrevier *Salix aurita*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, vassmynte *Mentha aquatica*, myrhatt *Potentilla palustris*, andmat *Lemna minor*, tjønnaks *Potamogeton natans*, sjøsvaks *Schoenoplectus lacustris*, flaskestarr *Carex rostrata*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 07.09.2002

Lokalitet 53 Naustdalen

Hovudtype Skog

Areal 12 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Naustdalen er ein liten dal inst i Lyklingfjorden. Dalen følgjer brattkanten av berga i aust-vest retning. I vest ligg berget like innanfor det gamle havnemiljøet ved sjøen. Berget ligg sørvendt og lunt til, godt beskytta mot nordlege vindretningar. Det har rasa ut lausmasser av stein og grove blokker, og på grunn av den skifrige berggrunnen, finn ein òg finkorna forvittringsjord. På desse lausmassene har det blitt utvikla edellauvskog (i mosaikk med bergveggar) meir eller mindre samanhengende over ca. 500 m. Hassel er det vanlegste treslaget, men ein finn òg ask og lind. Kristtorn førekjem spreidd, og på blokker og i bergveggar er det stadvis mykje bergflette, i tillegg til vivendel og krossved. Den sjeldsynte grasarten bergfaks er funnen på lokaliteten. Skogen har elles ingen spesielt sjeldne artar, men ei rekkje av karakterplantane for edellauvskog i ytre kyststrøk førekjem. Eit spesielt interessant innslag er snylteplanten skjelrot som lokalt opptrer i mengder.

Edellauvskog i ytre kyststrøk er vanlegvis ikkje særleg gammal. Også her ved Lykling har trea truleg etablert seg ein gong på første halvdel av 1900-talet. Før den tid var landskapet truleg nokså snautt, med åker og beitemark der det i dag er edellauvskog. Gamle styvingstre manglar i området, og tradisjon for å hauste lauv av trea synest difor ikkje å ha vore vanleg så langt ut mot havet. Kantsonene av lokaliteten har preg av kulturpåverknad, med gamle slåtte- og beitemarker som er halvt tilgrodde med skog.

Registrerte raudlisteartar

Bergfaks *Bromus ramosus* (DC)

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, kristtorn *Ilex aquifolium*, krossved *Viburnum opulus*, vivendel *Lonicera periclymenum*, bergflette *Hedera helix*, stortveblad *Listera ovata*, skjelrot *Lathraea squamaria*, ramslauk *Allium ursinum*, vårmarihand *Orchis mascula*, kusymre *Primula vulgaris*, kranskonvall *Polygonatum verticillatum*, sanikel *Sanicula europaea*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, fingerstarr *Carex digitata*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 07.09.2002

Lokalitet 54 Lykling vest

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 0,5 da

Undertype Sørvendte berg (B01)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vest for Lykling, ved garden like før enden på den lokale vegen, veks det hjortetunge i ein bergvegg. Veggen ligg i eit kulturlandskap og terrenget er kupert med beitemark omkring. Hjortetunge veks under eit 5 m djupt overheng, noko som gir godt vern. Eksponeringa mot SSV gir eit gunstig lokalklima. Det er ca. 10 tuer av planten med til saman over 100 bregneblad (frondar). Desse veks tett, innanfor eit areal på berre 1 m². Mange blad var nye av året, noko som indikerer at tilstanden er god. Hjortetunge er likevel ein svært sårbar plante hos oss, fordi den veks på grensa av kva den tåler klimatisk. Arten er tidlegare kjend frå to andre lokalitetar ved Lykling. Den eine lokaliteten ligg, i følgje grunneigar, lengre nord i det same kulturlandskapet, men den har ikkje blitt atfunnen dei seinare åra. Den andre lokaliteten ligg ved Lyklingfjorden, men denne skal ha blitt øydelagt under bygging av moloen.

Registrerte raudlisteartar

Hjortetunge *Asplenium scolopendrium* (R), trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, svartburkne *A. trichomanes*, murburkne *A. ruta-muraria*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.05.2002

Lokalitet 55 Risvika

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 1,4 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Risvika er ei vestvendt bukt, omlag 1,5 km nord for Lykling. På nordsida av bukta, heilt ytst mot havet, ligg det eit lite brakkvassområde omlag 20 m frå sjøen, der bølgiene slår inn ved grov sjø. Like over havnivå ligg det to små dammar som er halvt attgrodde med sumpplantar. Eit stort bestand med skruehavgras veks dels neddykka og dels flytande i vassoverflata. Havsvaks står spreidd på tre stader i området, til dels saman med strand- og sumpplantar som sverdlilje, grøftesoleie og fjøresivaks.

Karakteristiske artar

Havsvaks *Schoenoplectus maritimus*, skruehavgras *Ruppia spiralis*, flotgras *Sparganium angustifolium*, sverdlilje *Iris pseudacorus*, mjøduert *Filipendula ulmaria*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, grøftesoleie *Rununculus flammula*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2002

Lokalitet 56 Lykling nord

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 3,6 da

Undertype Andre viktige førekomst (H00): Sjeldan, raudlista planteart

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lite tjørn på 50 x 25 m omlag 600 m nord for havna på Lykling. I eit lite parti med attgroingsmyr som grensar ut mot tjørnet veks det storak. Bestandet er relativt lite, omlag 5 x 2,5 m, og hovudsakelig med sterile blad opptil 1,8 m høge. Det vart berre funne 3 fertile strå i 2002, og desse var 1 m høge, altså mykje kortare enn blada. Innover mot land grensar storak-bestandet til eit 10 m høgt berg. Berget vender mot vest-sørvest, noko som betyr mykje sollys og god magasinering av varme. Eit gunstig lokalklima er avgjerande for at denne varmekjære planten skal kunne vekse på våre kantar. Berget gir òg godt vern mot sterk vind, noko som er viktig for utviklinga av dei høgreste stråa.

Eit lunt lokalklima er ein viktig føresetnad for at storak skal klare seg i Noreg i dag. Planten er ein relik (rest) frå ein varmare periode for fleire tusen år sidan.

Pollenanalytiske studie av Vassnestjørn (lok.30) viser at storak var etablert der for ca. 8.700 år sidan. På denne tida vart planten truleg etablert i fleire andre tjørn, både på Bømlo og elles på Vestlandet. Klimaet var svært gunstig for denne varmekrevjande arten i nokre tusen år framover. Fram mot vår tid går utbreiinga til storak tilbake, dels fordi klimaet blir kjøligare, men òg fordi det skjer ei attgroing av veksestadane. I små tjørn står storak i fare for å bli utkonkurrert når miljøet med tida blir omdanna frå tjørn til myr. På lengre sikt er dette ei aktuell problemstilling for denne lokaliteten ved Lykling. Dette er den sjette storakførestaden som er registrert i Noreg. Frå tidlegare er planten kjent frå to tjørn ved Kristiansand, to på Stord og eitt på Bømlo.

Registrerte raudlisteartar

Storak *Cladium mariscus* (V)

Karakteristiske artar

Trådstarr *Carex lasiocarpa*, dystarr *C. limosa*, nøkkesiv *Juncus stygius*, blåtopp *Molinia caerulea*, pors *Myrica gale*, rund soldogg *Drosera rotundifolia*, gytjeblererot *Utricularia intermedia*, jåblom *Parnassia palustris*

Lynghei:

Purpurlyng *Erica cinerea*, klokkelyng *E. tetralix*, røsslyng *Calluna vulgaris*, kystmyrklegg *Pedicularis sylvatica*, blåknapp *Succisa pratensis*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing til myr er ein naturleg prosess som vil kunne øydelegge forholda for storak ved dette tjørnet. Vasstanden i tjørnet må ikkje endrast.

Aktuelle forvaltningstiltak

Det ligg ein slagghaug like ved tjørnet som viser at storak veks innanfor det gamle gruveområdet. Ved tilrettelegging av gruvane som eit kulturminne, vil storak kunne vere eit interessant tilleggselement. Førekosten kan difor inngå som ein del av forvaltinga av gruvemiljøet på Lykling.

Litteratur

Moe (1994)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2002

Lokalitet 57 Litla Børøya

Hovudtype Skog

Areal 31 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Litla Børøya ligg på sørsippen av Børøya. Berggrunnen er grønstein og grønskifer, og gir grunnlag for eit næringsrikt jordsmonn. Klimaet er lunt og solrikt under den bratte skråninga som kan følgjast nordvestover frå Landsettevika. Våren kjem tidlig her, og dannar grunnlag for ei svært frodig vårblooming. Masseblooming av kusymre er dokumentert av Jan Rabben, og han skriv at "ikkje mange stader veks det så mykje kusymre som på Børøya". Litt seinare på sesongen er skogbotnen dekt av ramslauk. Hassel og eik er dei dominerande treslaga. Det finst òg opne markar som restar av eit gammalt kulturlandskap i området, men desse er i ein atgroingsfase.

Registrerte raudlisteartar

Fagerrogn *Sorbus meinichii* (Ansvarsart)

Karakteristiske artar

Kusymre *Primula vulgaris*, ramslauk *Allium ursinum*, vårmarihand *Orchis mascula*, skogfiol *Viola riviniana*, skogsalat *Mycelis muralis*, jordnøtt *Conopodium majus*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*

Litteratur

Rabben (2002)

Registrert av Jan Rabben

Dato

Lokalitet 58 Fuglatjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 6,5 da

Undertype Rike kulturlandskapsjøar (E08)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lite tjørn på omlag 50 x 60 m. Tjørnet ligg nær sjøen, like innanfor Austre Vågspollen. Fordi Fuglatjørn berre ligg eit par meter over dagens havnivå, kan vi rekne med at det har vore ein del av sjøen for ikkje så svært lang tid tilbake. Tjørnet har blitt avsnørt frå havet ved landheving for rundt tusen år sidan, difor ligg det leire og andre næringsrike, marine avsetjingar på botnen. Tjørnet har høg pH (6,5-7,0). Det er òg eit visst tilsig frå jordbruket i nedslagsfeltet, noko som er med å auke næringsstatusen i vatnet.

Fuglatjørn er rikt på næringskrevjande, nitrofile sumpplantar, og det er ein fin gradient frå kanten av tjørnet og ut mot lausbotn og ope vann. Vegetasjonen er artsrik, men det er ikkje registrert sjeldne artar her.

Tjørnet ligg like ved Olavskulen, og har vore mykje nytta i undervisningssamanheng.

Karakteristiske artar

Sjøsivaks *Schoenoplectus lacustris*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, gråstarr *Carex canescens*, flaskestarr *C. rostrata*, slåttestarr *C. nigra*, myrhatt *Potentilla palustris*, vassmynte *Mentha aquatica*, sumpmaure *Galium uliginosum*, bekkestjerneblom *Stellaria alsine*, vanleg myrklegg *Potentilla palustris*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, sløke *Angelica sylvestris*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, soleihov *Caltha palustris*, hesterumpe *Hippuris vulgaris*, småpiggnopp *Sparganium natans*, gul nøkkerose *Nymphaea alba*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 2001

Lokalitet 59 Hopatjørn

Hovudtype Kyst/havstrand
Undertype Brakkvasspollar (G08)

Areal 14 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Hopatjørn er eit brakkvassområde på omlag 150 x 100 m inst i Melandsvågen. Det står i samband med sjøen gjennom ein 30 m lang tidevasskanal i sørenden. Vegen kryssar kanalen og vidare langs vestsida av tjørnet. På denne sida har fyllmassar frå vegen blitt dumpa i vatnet. Elles er botnen dominert av finkorna materiale og mudder.

Pollsvaks er ein relativt sjeldan plante som er knytt til brakkvassområde, og i dette bassenget dannar den eit 5 m breitt belte langs vest- og nordsida. I nord renn det ein stilleflytande bekk inn i bassenget. Her er det eit frodig sumpområde med strandrøyr, mjødurt og andre høgstauder, i tillegg til pollsvaks. Ein annan brakkvassplante, havgras, veks nedduka i vatnet. Hopatjørn er kanskje det største brakkvassbassenget i Bømlo.

Karakteristiske artar

Pollsvaks *Schoenoplectus tabernaemontanus*, fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, klourt *Lycopus europaeus*, havgras *Ruppia maritima*, gåsemure *Potentilla anserina*, mjødurt *Filipendula ulmaria*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Steinfallingar og vegen gjennom området trekkjer ned heilskapsinntrykket av lokaliteten.

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 08.09.2002

Lokalitet 60 Meland

Hovudtype Ferskvatn/våtmark
Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Areal 5,3 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Tjørn på ca. 80 x 80 m nær vegen i kulturlandskapet ved Meland. Innløpet er ein liten bekk som kjem frå dalen nord for tjørnet. Utløpet ligg på sørvestsida, og herfrå går bekken sørover til Melandsvågen. Tjørnet er omgitt av dyrka mark, og gjødsling i nedbørfeltet fører til eit betydelig av tilsig av næringsstoff, særleg frå nord og vest. Det er tett med vegetasjon i tjørnet, og takrøyr dominerer sterkt. Stråa er svært høge, jamt over 3 m, men dei største er 3,5 m eller kanskje enda høgare. Dette må vere blant dei høgaste takrøyrforekomstane i kommunen.

Elles er floraen i tjørnet ganske triviell, noko som er typisk mange stader med tett takrøyrskog. Slyngsøtvier er imidlertid eit interessant innslag der den slynger seg eit par meter opp i takrøyra. I sør veks det eit tett bestand med øyrevier.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, strandrøyr *Phalaris arundinacea*, slyngsøtvier *Solanum dulcamara*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, stormesle *Urtica dioica*, øyrevier *Salix aurita*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, krypsøleie *Ranunculus repens*, amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, åkersvinerot *Stachys palustris*, myrhatt *Potentilla palustris*, nøkkerose *Nuphar/Nymphaea*, tjønnaks *Potamogeton natans*, andmat *Lemna minor*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.09.2002

Lokalitet 61 Sør for Tomastjørn

Hovudtype Ferskvatn/våtmark
Undertype Rike kulturlandskapssjøar (E08)

Areal 27 da
Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sør for Tomastjørn ligg eit omlag 100 x 400 m stort tjørn som ein del av vassdaget som drenerer sørover mot Kvernavika. Vatnet ligg 10 moh, og på grensa mellom bergartene gabbro som er basisk, og trondhemitt som er sur. Området tilhøyrer eit gammalt kulturlandskap, men jordsmonnet er helst magert og med mykje lyngmark. Lyngmarka er i dag delvis tilgrodd med skog og kratt, særleg furu, bjørk, einer og grovvaksen røsslyng. Takrøyr dekkjer store areal, og førekjem langs heile austsida av tjørnet. Stråa er høge, opp mot 3 m. Det ser ut til at takrøyra er i spreining, slik at dei vil dekkje ein stadig større del av vatnet. Enkeltstrå står utover i det opne vatnet. Dette er kanskje den største forekomsten av takrøyr i Bømlo og kan ha verdi for våtmarksfugl. Vatnet er elles ikkje spesielt rikt på sumpplantar. Som kulturlandskapssjø er lokaliteten atypisk med lyngmark, og ikkje dyrka mark omkring.

Karakteristiske artar

Takrøyr *Phragmites australis*, trådstarr *Carex lasiocarpa*, kysttjønnaks *Potamogeton polygonifolius*, pors *Myrica gale*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, gytjeblererot *Utricularia intermedia*, myrhatt *Potentilla palustris*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 09.09.2002

Lokalitet 62 Finnås prestegard

Hovudtype Skog, Kyst/havstrand

Areal 26 da

Undertype Rik edellauvskog (F01), Kalkrike strandberg (G09)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Finnås prestegard ligg på eit nes ved sjøen i Finnåsvika. Området ligg solrikt til, og særleg lia langs sjøen har eit gunstig og lunt lokalklima. Skogen ved bygningene er ein gammal kulturskog med kjempestore tre av platanlønn og hestekastanje.

Lønnetrea har ein stammediameter på over 2 m. Eit interessant våraspekt i denne skogen er den seminaturlege laukplanten villtulipan (*Tulipa sylvestris*). Dette er ein gammal prydplante som utgjer eit veletablert innslag i prestegardskogen. Elles førekjem korsknapp (*Glechoma hederacea*) og gullstjerne (*Gagea lutea*) i området.

I den bratte lia langs fjorden står rik edellauvskog med mange treslag, først og fremst eik, men òg alm, ask og lind. Trea er helst små (ofte rundt 10 m høge) og krokete fordi det er mykje stein og blokker i området. Terrenget er mange stader berglendt, og ein steil vegg er meir eller mindre framtrekkende gjennom heile skogen. I berget er det stadvis mykje bergflette. Kristtorn førekjem spreidd. Her finst ei rekkje vanlege karakterartar for edellauvskog i Bømlø, slik som ramslauk, vårmarihand og lundgrønaks. I tillegg førekjem den sjeldne bergfaks fleire stader i skogen, spesielt på berghyller. Ved sjøen i sørvest grensar skogen til nokre kalkrike strandberg med mykje blodstorkenebb og i tillegg gjeldkarve, strandlauk og murburkne. Strandberga i dette området er bratte, nesten vertikale.

Fordeling av naturtypar: Rik edellauvskog 95%, kalkrike strandberg 5%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R), bergfaks *Bromus ramosus* (DC)

Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, alm *Ulmus glabra*, kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, skogstarr *Carex sylvatica*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, lundrapp *Poa nemoralis*, hengeaks *Melica nutans*, jordnøtt *Conopodium majus*, skogsalat *Mycelis muralis*, myske *Galium odoratum*, ramslauk *Allium ursinum*, vårmarihand *Orchis mascula*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, svartburkne *A. trichomanes*

Kalkrike strandberg:

Blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, gjeldkarve *Pimpinella saxifraga*, strandlauk *Allium vineale*, blåfjør *Polygala vulgaris*, dunhavre *Avenula pubescens*, hjartegras *Briza media*, vill-lin *Linum catharticum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det har blitt dumpa boss utfor eit stup på lokaliteten.

Aktuelle forvaltningstiltak

Rydde skogen for boss.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 63 Kuhillerdalen

Hovudtype Skog

Areal 6,5 da

Undertype Bekkekløfter (F09)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Kuhillerdalen er ei bekkekløft som munnar ut i Finnåsvatnet. Kløfta startar ved 40 moh. og blir trangare oppover til ca. 150 moh. Lokaliteten har dels karakter av gjel med steile bergveggar og dels av svære blokker. Bekken fangar opp delar av avrenninga frå Siggjo, og vassføringa er sterkt avhengig av nedbøren. Fordi kløfta er sterkt undersolt vil til ei kvar tid vere høg luftfukt her. Dette gir gustige forhold for hinnebregne, som veks i enorme mengder på berg og blokker på lokaliteten.

Den finst til og med som epifytt på trestammar, noko som er uvanleg. Arten vart registrert ved basis av fleire trestammar og på læger. Ingen andre stader i Bømlø er det registrert like mykje hinnebregne, og kanskje er dette den største førekomsten i heile fylket. Plantane er uvanleg store, med mengder av fertile blad, noko som vitnar om høg vitalitet

Ei rekkje oseaniske mosar er òg vanlege på lokaliteten. Blant desse må flaummose *Hyocomium flagellare* reknast som ein nokså sjeldan art. Denne førekjem i mengder i kløfta, oftest nært rennande vatn.

Det er spreidd skog i og ved kløfta, mest bjørkeskog. Det er planta litt gran, særleg i lia nedst ved Finnåsvatnet. På sidene av gjelet er det spreidd furuskog.

Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

Karakteristiske artar

Flaummose *Hyocomium flagellare*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, kysttvebladrose *Scapania gracilis*, storstylte *Bazzania trilobata*, småstylte *B. tricrenata*, heimose *Anastrepta orcadensis*, stripefaldmose *Diplophyllum albicans*, vingemose *Douinia ovata*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, kystkransmose *Rhytidiadelphus loreus*, kysttornemose *Mnium hornum*, småtveblad *Listera cordata*, storfrytle *Luzula sylvatica*, skogburkne *Athyrium filix-femina*, ormetelg *Dryopteris filix-mas*, bjønnekam *Blechnum spicant*, hengeveng *Phegopteris connectilis*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 64 Engjadalen

Hovudtype Skog

Areal 429 da

Undertype Gammal edellauvskog (F02), Kystfuruskog (F12)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Engjadalen ligg på sørsida av fjellmassivet Siggjo. Dalen byrjar ved Finnåsvika, og stig slakt i aust-nord-austleg retning. Etter vel 1,5 km endar den i ei markert dalside. Området er velavgrensa, med ei bratt fjellside langs heile nordsida. Sørsida manglar ei markert dalside, men Håvikshovda og andre høgdedrag utgjer markerte trekk i landskapet. Lokalklimaet i dalen er gunstig, og på varme sommardagar kan temperaturen i dei sørvendte liene bli nokså høge.

Kystfuruskog med purpurlyng er vanleg, men dekkjer ikkje store, samanhengande areal. Typen førekjem lokalt i sørvendte skråningar, men helst på mager jord der det ikkje veks hassel eller andre lauvtre. Lauvskogen er mest utbreidd i dei bratte sørvendte liene. Skogen veks her på rasmateriale. Nedst mot dalbotnen er det mykje blokk og anna grovt materiale, medan det høgare opp i dalsida ligg finare massar. Det veks nokre kjempestore tre av alm og ask med diameter opp til 1,5 m, fleire av dei er ustyva. Gamle, ustyva tre er sjeldne på ytre Vestlandet. Det førekjem òg gamle tre av bjørk og selje i området, og barlind og kristtorn veks spreidd, både som tre og mindre buskar.

Lauvskogen i rasmarka opptre i mosaikk med furuskog. Fleire stader ragar furua høgast, medan hassel og andre lauvtre inngår som eit lågare tresjikt. Høgreiste, grovvaksne furustammar tyder på god vekst, og enkelte tre er truleg over 200 år gamle. Finkorna rasmateriale gir gunstig substrat for rik furuskog med artar som sanikel, breiflangre, myske og lundgrønaks. I den steinete skogbotnen er bergflette karakteristisk, i tillegg til buskar med trollnype.

I dalbotnen er det mykje myr og fuktskog, ofte med svartor som det viktigste treslaget. Svartora står gjerne langs bekkar, og fleire av trea er òg nokså gamle.

Engjadalen er eit intakt dalføre, upåverka av moderne skogbruk og andre tekniske inngrep. Dette er i seg sjølv spesielt for eit såpass stort område med lett tilkomst, og eit interessant utgangspunkt med tanke på forvaltning av større naturområde. Engjadalen har eit variert mangfald av naturtypar, men i staden for å avgrense små enkeltområde, bør dalen sjåast som ein heilskap.

Fordeling av naturtypar: Kystfuruskog 70%, gammal edellauvskog 30%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Alm *Ulmus glabra*, barlind *Taxus baccata*, kristtorn *Ilex aquifolium*, bergflette *Hedera helix*, purpurlyng *Erica cinerea*, blåtopp *Molinia caerulea*, pors *Myrica gale*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, fingerstarr *Carex digitata*, skogfiol *Viola riviniana*, markjordbær *Fragaria vesca*, krossved *Viburnum opulus*, myske *Galium odoratum*, sanikel *Sanicula europaea*, kusymre *Primula vulgaris*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, breiflangre *Epipactis helleborine*, vårmarihand *Orchis mascula*, smørtelg *Oreopteris limbosperma*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 65 Ytre Håvik

Hovudtype Skog

Areal 13 da

Undertype Rik edellauvskog (F01)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Ved Håvikvika i Ytre Håvik ligg det bratte berghamrer like ovanfor vegen. Frå desse har det rast ut grove blokker, noko som gjer at området er tungt framkomeleg. Eksponering mot søraust gir grunnlag for eit relativt varmt sommarklima. Alle dei karakteristiske edellauvtrea i Bømlo førekjem, både ask, alm, hassel, lind og eik. Her er spreidd kristtorn og mykje buskar av krossved. Ask er også vanleg i busksjiktet. På berg og blokker førekjem bergflette i mengder. Typiske artar i feltsjiktet er ramslauk, sanikel, lundgrønaks og skogsvingel. I kantsoner og der skogen ikkje er for tettvokst, finst artar som krev gode lysforhold, som t.d. vestlandsvikke og blodstorkenebb.

Denne skogen har vore meir åpen tidlegare, noko som kan sjåast på førekomsten av einer. Skogen er nok ikkje særleg gammal, truleg 50-60 år. På flate parti er det rester av gammal kulturmark som har grodd til med edellauvskog, særlig av hassel og eik.

Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, alm *Ulmus glabra*, lind *Tilia cordata*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, kristtorn *Ilex aquifolium*, krossved *Viburnum opulus*, bergflette *Hedera helix*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, vårmarihand *Orchis mascula*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, skogsvingel *Festuca altissima*, sanikel *Sanicula europaea*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, skogsalat *Mycelis muralis*, vestlandsvikke *Vicia orobus*, skogvikke *V. sylvatica*, breiflangre *Epipactis helleborine*, liljekonvall *Convallaria majalis*, jordnøtt *Conopodium majus*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, vivendel *Lonicera periclymenum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 66 Steinsland

Hovudtype Skog

Areal 34 da

Undertype Rik edellauvskog (F01), Kystfurskog (F12)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten omfattar liene på begge sider av vegen ved Steinsland i Håvikvågen. Vekstklimaet her er truleg noko av det beste i heile kommunen. Somrane er lune og varme fordi skogen ligg i le av fjellmassivet til Siggjo. Søraustleg eksponering gir god innstråling. Dessutan er berggrunnen kalkhaldig med grønstein, grønskifer og fyllitt. Både rik edellauvskog og rik furskog er representert.

Nedanfor vegen er det mest eikeskog, meir eller mindre innblanda med furu, kristtorn og hassel. Vivendel er karakteristisk mellom berg og blokker. Mykje strø av eikelauv fører til lite vegetasjon i dei lågaste sjikta, men der det er forhold for det førekjem lågurtskog med urter og gras, som sanikel, lundgrønaks og hengeaks.

På oppsida av vegen er det høge almetre som ser ut til å vere relativt gamle, sjølv om dei ikkje viser teikn til å ha blitt styva. Skogbotnen er her sterkt dominert av ramslauk i eit seint våraspekt.

I eit mindre bratt parti lenger opp i lia, ligg det ei beitemark som blir halden i hevd. Her er trollnype og norsk bjørnebær typiske i kantsonene, og elles mange beitemarkplantar som hjartegras, vill-lin og loppestarr.

Furskogen ovanfor beitemarka er rik og inneheld ein del hassel. Snylteplanten skjelrot vart registrert i tilknytning til hasselen. Elles har furskogen mange av dei same artane som lauvskogen, men i tillegg førekjem også blodstorkenebb, kantkonvall, fagerperikum og andre lyskrevende artar.

Fordeling av naturtypar: Rik edellauvskog 70%, kystfurskog 30%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Furu *Pinus sylvestris*, eik *Quercus robur*, alm *Ulmus glabra*, ask *Fraxinus excelsior*, hassel *Corylus avellana*, kristtorn *Ilex aquifolium*, norsk bjørnebær *Rubus nemoralis*, krossved *Viburnum opulus*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, hengeaks *Melica nutans*, fingerstarr *Carex digitata*, sanikel *Sanicula europaea*, akeleie *Aquilegia vulgaris*, breiflangre *Epipactis helleborine*, jordnøtt *Conopodium majus*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, skogfiol *Viola riviniana*, legeveronika *Veronica officinalis*, vivendel *Lonicera periclymenum*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, skjelrot *Lathraea squamaria*, hjartegras *Briza media*, vill-lin *Linum catharticum*, skogfredlaus *Lysimachia nemorum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, kantkonvall *Polygonatum odoratum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 67 Håvikvågen

Hovudtype Kulturlandskap
Undertype Skogsbeite (D06)

Areal 28 da
Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vekstklimate på vestsida av Håvikvågen i indre Håvik er truleg noko av det beste i heile kommunen. Somrane er relativt lune og varme fordi området ligg i le av fjellmassivet Siggjo. Dette er årsaka til at det er mykje eik her. Eik førekjem spreidd i kulturlandskapet og dannar skog, anten i blanding med andre treslag eller som rein eikeskog. Ein relativt stor eikeskog ligg ovanfor vegen i eit gammalt kulturlandskap. Enkelte av trea er grovvalsne med diameter på opp til 60 cm, men dei fleste er langt mindre, ofte rundt 20 cm. Bjørk inngår òg i eikeskogen, noko som indikerer at skogen er relativt ung, og at eika er i etablering. Mykje unge eikeplantar tydar på at treslaget er i spreiding både i beitemarka og i skogen. Med tida vil bjørka bli skugga ut av eika.

I feltsjiktet er det mykje gras, særleg gulaks, engkvein, krattlodnegras og smyle som indikerer beiting og annan kulturpåverknad. Delar av skogen er rydda for einer og andre kvistar. Noko av eineren har ein slank og rett søylefasong. På kollane i skogen er det blåbærikekog. Vegetasjonen er stort sett artsfattig. Rikare parti med lågurtskog og karakteristiske artar som kusymre, ramslauk og knollerteknapp er helst sjeldne.

Lokaliteten er kartlagt som skogsbeite, men det er usikkert kor mykje denne skogen blir beita i dag. Lokaliteten er truleg den største eikeskogen i Bømlo.

Karakteristiske artar

Sommareik *Quercus robur*, krattlodnegras *Holcus mollis*, gulaks *Anthoxanthum odoratum*, hengeaks *Melica nutans*, bleikstarr *Carex pallescens*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, skogfiol *Viola riviniana*, jordnøtt *Conopodium majus*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, kvitveis *Anemone nemorosa*, småmarimjelle *Melampyrum sylvaticum*

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge ut gran som finst spreidd i eikeskogen.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 68 Leirpollen

Hovudtype Kyst/havstrand
Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Areal 46 da
Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Leirpollen er ein lang og trang poll i vestre Røyksundet, sør for Røyksund bru. Lokaliteten er tidlegare omtalt som eit av dei større områda med langgrunn leirbotn i Hordaland (Lundberg 1992). Leire og anna finmateriale gjer stranda svært mudra. Det er mykje skjell i leira. Heile pollen blir tørrlagt ved lavvatn. I hydro- og sublittoral sone finst havgras (*Ruppia maritima*) i store mengder. Også skruhavgras (*Ruppia cirrhosa*) er kjent frå lokaliteten (Lundberg 1992), men kan vere vanskeleg å skilje frå havgras når dei veks blanda.

I 2002 vart ein sjeldan strandplante, salturt, registrert heilt inst i Leirpollen, like aust for ein liten bekk. Planten veks tett i tett innan eit lite areal på 3 x 2 m. Plantane er småvokste og står i ei lita forseinking saman med spreidd saltsiv, fjøresaulauk og strandkryp. Forseinkinga blir oversvømt ved høgvatn. Salturt vart samla i Leirpollen av Selland alt i 1901, men vart ikkje funnen av Lundberg under havstrandregistreringene på 1980-tallet. Som for ettårige plantar flest, er det grunn til å tru at det er store svingingar i populasjonane til salturt frå år til år. Planten er avhengig av å produsere rikelig med spiredyktige frø for å halde populasjonen stabil. Dette kan vere vanskelig på Vestlandet i eit marginalt klima for denne planten. Fordi salturt vart funne på fleire strender ved Moster i 2002, er det grunn til å tru at dette var eit godt år for arten. Gjenfunnet av salturt i Leirpollen, 101 år etter det første funnet, viser at planten har eit godt "fotfeste" i Mosterområdet, sjølv om den enkelte år ser ut til å vere meir eller mindre borte.

Karakteristiske artar

Salturt *Salicornia europaea*, tangmelde *Atriplex prostrata*, havbendel *Spergularia media*, strandstjerne *Aster tripolium*, strandkryp *Glaux maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, strandbalderbrå *Matricaria maritima*, havgras *Ruppia maritima*, ålegras *Zostera marina*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Steinfylling frå vegen. Det går fleire avløpsrør ut i sjøen.

Litteratur

Lundberg (1992)

Registrert av Bjørn Moe

Dato 07.09.2002

Lokalitet 69 Eikelandstjørna

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1,8 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00): Sjeldan, raudlista plantart

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lite tjørn på omlag 50 x 20 m, nord for Eikeland, på austsida av vegen. Tjørnet ligg så tett i vegkanten at ei steinfylling når ut i vatnet. Tjørnet har utløp nordover, men manglar eit tydeleg innløp. Langs nord- og austsida har kanten av tjørnet grodd til med myr. Den sjeldne sumpplanten toppstarr veks her med ca. 10 store tuer. Dette er ein av fire kjende lokalitetar med toppstarr i Bømlo. Fordi lokaliteten ikkje er omtalt i eldre litteratur, kan vi gå ut frå at arten er etablert her i nyare tid, truleg ved spreining frå Sørattjørn (lok. 70) der planten har vore kjent i lang tid.

Registrerte raudlistearter

Toppstarr *Carex paniculata* (DC)

Karakteristiske artar

Flaskestarr *Carex rostrata*, trådstarr *C. lasiocarpa*, dystarr *C. limosa*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, elvesnelle *Equisetum fluviatile*, grøftesoleie *Ranunculus flammula*, myrhatt *Potentilla palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*, kjempepiggnopp *Sparganium erectum*, kvit nøkkerose *Nymphaea alba*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Steinfyllinga ved vegen påverkar heile vestsida av tjørnet, og difor manglar det vegetasjon her.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.05.2002

Lokalitet 70 Sørattjørna

Hovudtype Ferskvatn/våtmark

Areal 1,7 da

Undertype Andre viktige førekomstar (H00): Sjeldan, raudlista plantart

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Tjørn på omlag 40 x 30 m, sør for Eikeland, ved idrettsbanen på austsida av vegen. Tjørnet er omgitt av furuskog, og furutre står spreidd på myrane i vasskanten. Tjørnet er i ferd med å gro att, og denne prosessen har kome lengst på sørsida. Her har det blitt danna eit relativt stort myrområde. På nordaustsida er torvkanten berre eit par meter brei, og her, i matter med torvmose, veks den sjeldne toppstarr. Til saman 15 tuer vart registrert, dei fleste store og kraftige, medan nokre var ganske små. Dei små tuene kan vere unge og indikerer i så fall at planten er i stand til å formere seg i området. Då Knut Fægri besøkte lokaliteten i 1955, fann han berre *ei* tue med toppstarr her (Fægri 1960). I dag er altså tilstanden betre, og må reknast som svært god. Sørattjørn er ein klassisk lokalitet for toppstarr, som har vore kjent heilt sidan Blytt fann planten her i 1884. Toppstarr er kjent frå fire lokalitetar i Bømlo.

Registrerte raudlistearter

Toppstarr *Carex paniculata* (DC)

Karakteristiske artar

Flaskestarr *Carex rostrata*, gråstarr *C. canescens*, sumpsivaks *Eleocharis palustris*, torvull *Eriophorum vaginatum*, duskull *E. angustifolium*, myrhatt *Potentilla palustris*, bukkeblad *Menyanthes trifoliata*, tranebær *Vaccinium oxycoccus*, rome *Narthecium ossifragum*, pors *Myrica gale*, gul nøkkerose *Nuphar lutea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 30.05.2002

Lokalitet 71 Skardholmen

Hovudtype Skog, Kyst/havstrand

Areal 25 da

Undertype Kalkskog (F03), Kalkrike strandberg (G09)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Skardholmen er eit lite nes (omlag 200 x 150 m) ved Vestravågen i ytre Grindheimsvågen. Berggrunnen er kalkstein og det er mange spor etter kalkutvinning, t.d. metallgjenstandar, brot i fjellet, slagghaugar og planerte steinfyllingar for transport av steinmassar. Denne aktiviteten må ha påverka skogen på Skardholmen, og det er grunn til å tru at området har vore bortimot skoglaust tidlegare (til byrjinga på 1900-talet). Mesteparten av furuskogen er truleg første generasjon. Ei rekkje artar som er typiske i kalkskog førekjem, slik som vaniljerot, breiflangre, sanikel og blåstarr. Sjølv om kalkskogen dekkjer ein stor del av området, finst òg parti med fattigere skog på lyngmark, spesielt blåbærfuruskog.

Ut mot sjøen er det stadvis ei sone med kalkrike strandberg, der det inngår artar som krev gode lysforhold, særlig blodstorkenebb, trollnype og musekløver.

På Skardholmen inngår fleire naturtypar på kalkstein som er sjeldne. Floraen er interessant med fleire sjeldne artar.

Fordeling av naturtypar: Kalkskog 90%, kalkrike strandberg 10%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Kalkskog:

Kristtorn *Ilex aquifolium*, steinnype *Rosa canina*, krossved *Viburnum opulus*, bergskrinneblom *Arabis hirsuta*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, breiflangre *Epipactis helleborine*, vaniljerot *Monotropa hypopitys*, nikkevintergrøn *Orthilia secunda*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, purpurling *Erica cinerea*, knerot *Goodyera repens*, svartburkne *Asplenium trichomanes*, murburkne *A. ruta-muraria*, blåstarr *Carex flacca*, sanikel *Sanicula europaea*, teiebær *Rubus saxatilis*, kusymre *Primula vulgaris*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*

Kalkrike strandberg:

Trollnype *Rosa pimpinellifolia*, musekløver *Trifolium dubium*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, hjartegras *Briza media*, prikkperikum *Hypericum perforatum*, småengkall *Rhinanthus minor*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Mange spor etter kalkutvinning.

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 29.07.2002

Lokalitet 72 Store Trettholmen

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 10 da

Undertype Kalkrike strandberg (G09)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Store Trettholmen er ei liten øy av kalkstein i den beskytta skjærgarden på vestsida av Moster. Namnet på øya kjem truleg av konflikta om retten til drive ut kalk. Kalkdrift har vore ein viktig næringsveg i Mosterområdet. Store Trettholmen er sterkt påverka av kalkutvinning, og det ligg slagghauger rundt heile øya. Berre den sentrale delen har fast fjell intakt, og her står det nokre få furutre, særlig innanfor femmeters koten.

Dei kalkrike berga som må har vore her tidlegare, er langt på veg borte og erstatta med grus og andre lausmassar. Det er likevel grunn til å tru at dette ikkje har endra artssamansetjinga i vegetasjonen i særlig grad. Blodstorkenebb dominerer sterkt saman med andre kalkplantar som hjartegras, rundskolm og vill-lin. Jordlaget er tynnt og difor tørkar vegetasjonen lett ut sommarstid, særleg i tørre år.

På nordsida av Store Trettholmen veks det salturt i strandgrus. Materialet er forholdsvis grovt med stein og grus, men det førekjem òg litt sand. Lokaliteten dekkjer eit areal på ca. 10 m². Det ligg litt innskylt blæretang i nivået over lokaliteten, noko som indikerer at salturplantane blir neddukka ved høgvatn. Salturt er svært sjeldan på Vestlandet, men finst på tre lokalitetar i Mosterområdet.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Salturt *Salicornia europaea*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, vill-lin *Linum catharticum*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, fuglevikke *Vicia cracca*, teiebær *Rubus saxatilis*, vårmarihand *Orchis mascula*, kattefot *Antennaria dioica*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, taggbregne *Polystichum lonchitis*, småengcall *Rhinanthus minor*, bergskrinneblom *Arabis hirsuta*, bakkeveronika *Veronica arvensis*, hjartegras *Briza media*, fingerstarr *Carex digitata*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 29.07.2002

Lokalitet 73 Lille Trettholmen

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 2,8 da

Undertype Kalkrike strandberg (G09)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lille Trettholmen er ein liten rund holme, med ein diameter på ca. 50 m. Holmen tilhører den samme kalksona som Store Trettholmen (lok. 72). Halve holmen (austsida) består av kalkbrot. Vegetasjonen er mykje den samme som på Store Trettholmen, men furutre manglar. Midt på holmen er det litt rogn. Sandarve er ein typisk tørrbergsart som vart registrert her. Den er sjeldan i Bømlo som på ytre Vestlandet elles.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Steinnype *Rosa canina*, strandkvann *Angelica archangelica* ssp. *litoralis*, strandløk *Allium vineale*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, rundskolm *Anthyllis vulneraria*, sylarve *Sagina subulata*, vill-lin *Linum catharticum*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, sandarve *Arenaria serpyllifolia*, småengcall *Rhinanthus minor*, strandsmelle *Silene uniflora*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 29.07.2002

Lokalitet 74 Rutsøya

Hovudtype Skog

Areal 1442 da

Undertype Kystfuruskog (F12), Kalkskog (F03), Rikmyr (A05)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Rutsøya er den største av øyane i skjærgarden vest for Moster. Øya vart registrert under arbeidet med verneplan for barskog i 1986, men vart ikkje teken med i det vidare verneplanarbeidet. Ein viktig grunn for å registrere Rutsøya den gong, var å sikre ei intakt øy uten tekniske inngrep. I dag går det ei kraftlinje over øya, noko som har redusert verneverdien.

Det er furuskogen ytst mot dei nakne strandberga som inneheld mest purpurlyng, særleg i området vest for Svinavika, på sørsida av øya. Her er det òg mykje røsslyng, og elles noko mjølbær, krypvier og heistarr.

Heile Rutsøya er meir eller mindre dekt av furuskog. Det er registrert tre som er over 200 år gamle, men hovudgenerasjonen er rundt 120-130 år. Dei skoglause areala er for det meste torvmark med myrvegetasjon, ofte med spreidd furu på myra. Mindre parti med rikmyr og fuktige drag finst på kalksteinsområdet på austsida av øya. Her er breiull, loppestarr, blåstarr og dvergjamne karakteristiske artar.

I naturtypesamanheng er det registrert eit interessant område på austsida av Rutsøya, Limomnsneset (fra "lime" som betyr kalk). På kalkgrunnen her veks det furuskog med kravstore artar som loppestarr, blåstarr, murburkne, hjartegras, fingerstarr og vill-lin. Ein stor førekomst av den sjeldne vaniljerot er av særleg stor verdi.

I 2002 vart kun Limomnsneset synfart.

Fordeling av naturtypar: Kystfuruskog 80%, kalkskog 15%, rikmyr 5%.

Karakteristiske artar

Purpurlyng *Erica cinerea*, mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*, krypvier *Salix repens*, vaniljerot *Monotropa hypopitys*, breiull *Eriophorum latifolium*, heistarr *Carex binervis*, fingerstarr *Carex digitata*, loppestarr *C. pulicaris*, blåstarr *C. flacca*, hjartegras *Briza media*, vanleg blåfjør *Polygala vulgaris*, nikkevintergrøn *Orthilia secunda*, vill-lin *Linum catharticum*, sanikel *Sanicula europaea*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Ei kraftlinje kryssar nordlege del av øya. Hogst og mindre felt med granplanting er registrert på høgbonitet ved Skatmulsvika og vest for Svinavika.

Aktuelle forvaltningstiltak

Hogge ut granskogen.

Litteratur

Moe (2001)

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 29.07.2002

Lokalitet 75 Totland

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 26 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

I kulturlandskapet ved Totland, sørvest for Moster er det registrert ein svært rik lokalitet for beitemarksopp. Forekomsten ligg på innmarka til "Gudmundsarane", i bakkane mot vest, ovanfor Totlandstjørna. Særleg talet på vokssoppantar er høgt, og to av dei er raudlista. Totalt er det funne 10 raudlista soppar på denne beitemarka. Den sjeldnaste er *Hygrocybe calyptraeformis* som berre er funnen ein gong tidlegare i Noreg.

Registrerte raudlisteartar

Hygrocybe calyptraeformis (berre to funn i Noreg), sauevokssopp *Hygrocybe ovina* (E), raudskivevokssopp *H. quieta* (DC), russelærvokssopp *H. russocoriacea* (DC), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (V), vrangjordtunge *Geoglossum atropurpureum* (DC), skjelljordtunge *G. fallax* (DC), sleip jordtunge *G. glutinosum* (DC), brunsvart jordtunge *G. umbratile* (DC), kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (DC)

Karakteristiske artar

Kvit køllesopp *Clavaria falcata*, kamfingersopp *Clavulina cristata*, raudgul småkøllesopp *Clavulinopsis laeticolor*, gul småfingersopp *C. corniculata*, gul småkøllesopp *C. helvola*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum*, silkeraud skivesopp *E. sericellum*, klokkehatt *Gelerina* sp., seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, skjørvokssopp *H. ceracea*, gul vokssopp *H. chlorophana*, møyjevokssopp *H. coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, sleip vokssopp *H. irrigata*, liten møyjevokssopp *H. miniata*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, honningvokssopp *H. reidii*, snøkvit vokssopp, *H. virginea*, vanleg laksesopp *Laccaria laccata*, elfenbenshette *Mycena flavoalba*, prakthette *M. floridula*, slank flekkskivesopp *Panaeolus acuminatus*, kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei*, sitronkragesopp *Stropharia semiglobata*

Registrert av Asbjørn Knutsen

Dato 2001-2003

Lokalitet 76 Båvågen

Hovudtype Kyst/havstrand, Rasmark, berg og kantkratt

Areal 6,3 da

Undertype Brakkvasspollar (G08), Sørvendte berg (B01)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Båvågen ligg innanfor Grindheimsneset. Vågen går inn i ei trang, beskytta bukt. Like over havnivået ligg det eit avlangt vatn (brakkvasspoll) som står i samband med sjøen gjennom ein tidevasskanal. Botnen består av finkorna leire. Ein karakteristisk art er skruehavgras.

Det går ei bratt bergskråning lang nordaustsida av pollen. Her er det lune forhold med mykje bergflette. I bergskårene er det registrert kransmynte og kyståkermåne, som begge er sjeldne artar i Bømlo.

Fordeling av naturtypar: Brakkvasspollar 70%, sørvendte berg 30%.

Karakteristiske artar

Sørvendt berg:

Bergflette *Hedera helix*, kristtorn *Ilex aquifolium*, kyståkermåne *Agrimonia procera*, kransmynte *Clinopodium vulgare*, myske *Galium odoratum*

Brakkvasspoll:

Skruehavgras *Ruppia spiralis*

Registrert av Asbjørn Knutsen

Dato 2002

Lokalitet 77 Vestra Grønås

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 1,8 da

Undertype Naturbeitemark (D04) 50%, Kalkkrik eng (D08) 50%

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Vestra Grønås ligg nord for Moster, i eit område der restar av eit gammalt kulturlandskap førekjem fragmentarisk. Her er det spreidde areal med beitemark blant gårdsbruk, bustadhus og lauvskog. Beitemarka er restar av eit større beiteland som har vore halden i hevd gjennom generasjonar. I dag er det spreidd sauebeiting på nokre av markane. Det blir særleg beita om våren (mai) og hausten (august-september).

Omlag 150 m sør for Grønåsvågen, på vestsida av ein lokal veg, ligg restene av ei gammal beitemark. Her er det til dels eit djupt, næringsrikt jordsmonn, men òg grunnlendte parti, inkludert ein større bergknaus nord i området. Ein god bestand med solblom tel nokre hundre individ, og det ser ut til at planten klarar seg best mellom knausar der jordsmonnet er grunnlendt. Førekost av solblom, som har gått sterkt tilbake i kulturlandskapet, vitnar om lang kontinuitet med beite. Det same er tilfelle for nokre sjeldne artar beitemarksopp.

Vegetasjonen inneheld fleire artar frå tradisjonell beitemark, inkludert orkidéar som brudespore, nattfiol og flekkmariland. Fordeling av naturtypane: Naturbeitemark 50%, kalkkrik eng 50%.

Registrerte raudlisteartar

Solblom *Arnica montana* (DC), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC), silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R), hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R)

Karakteristiske artar

Nattfiol *Platanthera bifolia*, grov nattfiol *P. chlorantha*, brudespore *Gymnadenia conopsea*, flekkmariland *Dactylorhiza maculata*, vill-lin *Linum catharticum*, svartknoppurt *Centaurea nigra*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, blåklukke *Campanula rotundifolia*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, øyentraust *Euphrasia* sp., kattefot *Antennaria dioica*, skogbingel *Mercurialis perennis*, firkantperikum *Hypericum maculatum*, fagerperikum *H. pulchrum*, blåknapp *Succisa pratensis*, jåblom *Parnassia palustris*, jordnøtt *Conopodium majus*, kornstarr *Carex panicea*, hjartegras *Briza media*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Lavt beitetrykk fører til attgroing med bjørk og eik. Ein kan forvente ei utvikling mot eikeskog som eit klimaksstadium.

Registrert av Asbjørn Knutsen og Bjørn Moe

Dato 31.07.2002

Lokalitet 78 Grønåsvågen

Hovudtype Kyst/havstrand

Areal 3,1 da

Undertype Strandeng og strandsump (G05)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Nord for Moster er Grønåsvågen den vestlegste av ein serie vågar i nord-sør retning. Inst i den 500 m lange vågen er det registrert to interessante strandsumpar. Lausmassane er av finkorna materiale og med evjeaktig, leirhaldig botn. Begge sumpene ligg beskytta inne i små vikar og holmen like utanfor vika på austsida av vågen gir ekstra ly her. Salturt veks i begge vikene. Førekosten på austsida er størst og dekker eit areal på 50 x 20 m. Plantene står tett i tett i det ytre beltet av strandsumpen og blir neddukka ved høgvatn. Salturt er avhengig av å vekse langt nede i tidevassona for ikkje å bli utkonkurrert av annan vegetasjon. I tillegg kan sauebeiting vere ein positiv faktor. Beiting vår og sommar reduserer faren for attgroing. Stranda grensar til kulturmark som både blir beita og slått.

Grønåsvågen er den største av tre kjende lokalitetar med salturt i Bømlo (alle ligg i Mosterområdet). Planten er knapt registrert andre stader i fylket i nyare tid. I følge Lundberg (1989) er salturt ein akutt truga plante som er i kraftig tilbakegang. Funna i Bømlo i 2002 viser likevel at det finst livskraftige bestandar igjen. Som for eittårige plantar flest, er det grunn til å tru at det er svingingar i populasjonene frå år til år. Grønåsvågen vart inspisert av Asbjørn Knutsen i 2003, og han rapporterer om salturtplantar i tusental på austsida av vågen.

Karakteristiske artar

Salturt *Salicornia europaea*, strandkryp *Glaux maritima*, strandkjempe *Plantago maritima*, saltbendel *Spergularia salina*, fjøresaulauk *Triglochin maritima*, saltsiv *Juncus gerardii*, paddesiv *J. bufonius*, krypkvein *Agrostis stolonifera*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing ved opphøyr av beiting. Steinfylling på vestsida av vågen.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitetrykket på stranda.

Litteratur

Lundberg (1989)

Registrert av Asbjørn Knutsen og Bjørn Moe

Dato 31.07.2002

Lokalitet 79 Kobbavika

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 42 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Kobbavika ligg mellom to nes (Vestneset og Midtneset) nord for Moster. Området tilhører eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemark og kystlynghei med mykje grunnlendt jord og fjell i dagen. Beitemarka er restar av eit større beiteland som har blitt halde i hevd gjennom generasjonar. Langvarig hevd har gitt grunnlag for ein rik flora av beitemarksopp, med mange sjeldne artar. Blant jordtunger og vokssopp er det registrert fleire raudlisteartar.

Strandberga på Midtneset inneheld ein stor førekomst av pusleblom.

I dag er dette kulturlandskapet fragmentert, og det er berre enkelte område som blir haldne i hevd ved beiting. Dette har ført til atgroing med lauvskog.

Registrerte raudlisteartar

Pusleblom *Anagallis minima* (DC), vrangjordtunge *Geoglossum atropurpureum* (DC), sleip jordtunge *G. glutinosum* (DC), brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* (DC), gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC), musserongvokssopp *H. fornicata* (DC), raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (V), skifervokssopp *H. lacmus* (DC), raudskivevokssopp *H. quieta* (DC), russelærvokssopp *H. russocoriacea* (DC), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (V)

Karakteristiske artar

Eittårsknavel *Scleranthus annuus*, sjampinjong *Agaricus* sp., raud flugesopp *Amanita muscaria*, raudnande flugesopp *A. rubescens*, *Arrhenia acerosa*, grå fingersopp *Clavulina cinerea*, gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, *C. luteoalba*, horngrå flathatt *Collybia asema*, bleik flathatt *C. dryophola*, raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, raudbelteslørsopp *Cortinarius armillatus*, raspslørsopp *C. trivialis*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum*, klokkehatt *Galerina* sp., vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*, reddiksopp *Hebeloma* sp. bleik piggsopp *Hydnum repandum*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mønjevokssopp *H. coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, sleip vokssopp *H. irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, honningvokssopp *H. reidii*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, vanleg lakssopp *Laccaria laccata*, svartriske *Laccaria necator*, røyksopp *Lycoperdon* sp., stripehette *Mycena filipes*, *M. leucogala*, spiss fleinsopp *Psilocybe semilanceata*, gul potettrøksopp *Scleroderma citrinum*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Det går ein lokal veg gjennom området. Attgroing ved redusert beitetrykk kan føre til at sjeldne soppartar går ut.

Aktuelle forvaltingstiltak

Oppretthalde beitetrykket

Registrert av Asbjørn Knutsen

Dato 2002

Lokalitet 80 Særklau

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 33 da

Undertype Naturbeitemark (D04), Kalkrik eng (D08)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Området er ein rest av eit gammalt kulturlandskap med nokre bakkar som kvart år blir meir eller mindre nedbeita av sauer. Pr. 29. juni 2001 var marka urørt av beiting, og vegetasjonen bestod av eit svært velutvikla tidleg sommaraspekt. Det er først og fremst ulike gras- og starrartar som dominerer, med ei rekkje av dei vanlege artane som gulaks, smyle, geitsvingel, harestarr, bråtestarr, stjernestarr m.fl., men òg dei meir sjeldne kamgras og hjartegras. Dei to sistnemnde er saman med blåstarr, engstarr og loppestarr, indikatorar på kalkhaldig jord.

På forsommaren stod jordnøtt i fin bløming som eit kvitt slør over marka. Lokaliteten har elles eit høgt tal beitemarksplantar som er meir eller mindre vanlege på Bømlo, t.d. marinøkkel, kystmaure, kystgrisøre, tiriltunge, blåkoll, smalkjempe, blåknapp, markfrytle, ryllik, følblom, heiblåfjør og kystmyrklegg. På bergknausar med tynt jorddekke er særleg dvergsmyle, kattedot og kystbergknapp karakteristiske artar.

Vegetasjonen på Serklau er forma etter lang tids tradisjonell kulturpåverknad med beiting og truleg også slått i tidlegare tider. Det relativt høge mangfaldet av planteartar tyder på at marka ikkje har blitt tilført kunstgjødning. Denne typen vegetasjon førekjem òg andre stader på Bømlø, men er i tilbakegang pga. gjødning eller attgroing som følgje av opphøyr av beite og slått.

Særklau er ein svært interessant og verdfull lokalitet for beitemarksopp. Ei rekkje sjeldne og raudlista artar av jordtunger og vokssopp er registrert.

Fordeling av naturtypepane: Naturbeitemark 60%, kalkrik eng 40%.

Registrerte raudlisteartar

Gulbrun narrevokssopp *Camarophyllopsis schulzeri* (DC), vrangjordtunge *Geoglossum atropurpureum* (DC), skjelljordtunge *G. fallax* (DC), sleip jordtunge *G. glutinosum* (DC), brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* (DC), gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (DC), musserongvokssopp *H. fornicata* (DC), raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (V), skifervokssopp *H. lacmus* (DC), sauevokssopp *H. ovina* (E), raudskivevokssopp *H. quieta* (DC), russelærvokssopp *H. russocoriacea* (DC), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (V), gul slimvokssopp *H. vitellina* (V), beitehette *Mycena pelliculosa* (DC)

Karakteristiske artar

Sjampinjong *Agaricus* sp., stilkmosekantarell *Arrhenia acerosa*, gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, *C. luteoalba*, raud åmeklubbe *Cordygeps militaris*, okergul grynhatt *Cystoderma amianthinum*, stjernespora raudskivesopp *Entoloma conferendum*, klokkehatt *Galerina* sp., vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*, reddikopp *Hebeloma* sp., gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, mønjevokssopp *H. coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, sleip vokssopp *H. irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, grøn vokssopp *H. psittacina*, skarlagenvokssopp *H. punicea*, honningvokssopp *H. reidii*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, vanleg lakssopp *Laccaria laccata*, stripehette *Mycena filopes*, *M. pelliculosa*, flekkskivesopp *Panaeolus shinctrinus*, blågrøn kragesopp *Stropharia cyanea*, sitronkragesopp *S. semiglobata*.

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Lokaliteten ligg innanfor eit område som er regulert til industriområde. Ei motorcross-/trialbane er lagt like ved lokaliteten. Lokaliteten er truga av attgroing.

Aktuelle forvaltningstiltak

Oppretthalde beitetrykket. Det kan sjå ut til at beitinga tok slutt i 2000, og dersom dette ikkje blir tatt opp att, vil den rike og spesielle soppfloraen forsvinne.

Registrert av Asbjørn Knutsen og Bjørn Moe

Dato 29.06.2001

Lokalitet 81 Austneshamn

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 2,2 da

Undertype Naturbeitemark (D04)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg innanfor Prestneset, mellom Austneshamn og Kuholmane i Hallvardsvika. Området høyrer til eit gammalt kulturlandskap med naturbeitemark og kystlynghei med mykje grunnlendt jord og bergknausar. Beitemarka er restar av eit større beiteland som har blitt halde i hevd gjennom generasjonar. Langvarig hevd har gitt grunnlag for ein rik flora av beitemarksopp, med mange sjeldne artar. Blant jordtunger og vokssopp er det registrert fleire raudlisteartar. Området er i ein attgroingsfase med grovvokst lyng, einer og bjørk.

Registrerte raudlisteartar

Pusleblom *Anagallis minima* (DC), skjelljordtunge *Geoglossum fallax* (DC), sleip jordtunge *G. glutinosum* (DC), russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea* (DC), raud honningvokssopp *H. splendidissima* (V)

Karakteristiske artar

Salturt *Salicornia europaea*, skjoldblad *Hydrocotyle vulgaris*

Gul småkølle *Clavulinopsis helvola*, vanleg jordtunge *Geoglossum starbaeckii*, mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *H. conica*, liten vokssopp *H. insipida*, seig vokssopp *H. laeta*, engvokssopp *H. pratensis*, snøkvit vokssopp *H. virginea*, stripehette *Mycena filopes*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroinga av det gamle kulturlandskapet er eit direkte trugsmål mot beitemarksoppene.

Aktuelle forvaltningstiltak

Halde området ope ved beiting og evt. hogst og brenning.

Registrert av Asbjørn Knutsen og Bjørn Moe

Dato 31.07.2002

Lokalitet 82 Hamnahammaren

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 8 da

Undertype Sørvendte berg (B01), Kantkratt (B02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Sør for Mosterhamn ligg Hamnahammaren som ei bratt skråning mot sjøen. Berget ligg eksponert mot sør og søraust. Det er ikkje forhold for skog her, men det er mykje kratt i dei mange sprekkene i berget. Det er mykje eikekratt som viser eika si evne til å breie seg ut over berga. Her er òg mykje bergflette og vivendel og små buskar med trollnype. Mellom kratta er det fragment av ein urterik vegetasjon med mange engplantar. Særleg erteplantar kjem inn som pionerar på dei meir eller mindre eksponerte knausane.

Fordeling av naturtypene: Sørvendt berg 80%, kantkratt 20%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Eik *Quercus robur*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, gulskolm *L. pratensis*, gjerdevikke *Vicia sepium*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, kusymre *Primula vulgaris*, kystbergknapp *Sedum anglicum*, smørbukk *S. telephium*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*, jordnøtt *Conopodium majus*, fjørekoll *Armeria maritima*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.05.2002

Lokalitet 83 Stora Televika

Hovudtype Rasmark, berg og kantkratt

Areal 4,8 da

Undertype Sørvendte berg (B01), Kantkratt (B02)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Stora Televika er ei trang bukt sør for Mosterhamn. På austsida av vika går ein bratt bergvegg med eit par små rasmarker under. Rasmarkene har blitt til ved utrasning av store blokker frå berget ovanfor. Materialet er stadvis såpass grovt at det blir danna mange opningar i skog og krattvegetasjonen. Dette gir rom for mange kantsoner der kratt blir etablerte under gunstige lysforhold, t.d. ved sjøen, under berg og i kanten av rasmark. Hassel dannar mindre parti med skog. I skogen finst klatrande bergflette, både på trestammar og på berg og blokker. Artar som blodstorkenebb og vestlandsvikke krev gode lysforhold og dannar kantsamfunn i dei opne partia der det ikkje er skog og kratt.

Fordeling av naturtypene: Sørvendt berg 70%, kantkratt 30%.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, hagtorn *Crataegus monogyna*, bergflette *Hedera helix*, vivendel *Lonicera periclymenum*, krossved *Viburnum opulus*, murburkne *Asplenium ruta-muraria*, svartburkne *A. trichomanes*, hengeaks *Melica nutans*, vårmarihand *Orchis mascula*, ramslauk *Allium ursinum*, blåfjør *Polygala vulgaris*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, vestlandsvikke *Vicia orobus*, tiriltunge *Lotus corniculatus*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, fagerperikum *Hypericum pulchrum*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.05.2002

Lokalitet 84 Televika nord

Hovudtype Skog

Areal 8 da

Undertype Rikare sumpskog (F06)

Verdi C - lokalt viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg sørvest for Mosterhamn, i ein liten dal som munnar ut i Stora Televika. Lausmassane er finkorna, medan fast fjell førekjem i form av knausar med kalkstein. Terrenget er flatt eller slakt hellande mot sjøen, med ein stilleflytande bekk som buktar seg gjennom dalen. Meir eller mindre knytt til bekken finst ein rikare sumpskog. Svartor dominerer men det er innslag av kristtorn og hegg. Mjødurtdominerer sterkt i busksjiktet, og her er elles mykje skogbingel, samt to artar av maigull, både kystmaigull og vanleg maigull.

Lokaliteten ligg i eit gammalt kulturlandskap og det var truleg mykje mindre skog her før i tida, då markane vart haldne i hevd. I alle fall delar av skogen har kome opp som eit resultat av attgroing.

Karakteristiske artar

Svartor *Alnus glutinosa*, hegg *Prunus padus*, kristtorn *Ilex aquifolium*, krossved *Viburnum opulus*, mjødurt *Filipendula ulmaria*, stormesle *Urtica dioica*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, vendelrot *Valeriana sambucifolia*, enghumleblom *Geum rivale*, maigull *Chrysosplenium alternifolium*, kystmaigull *C. oppositifolium*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, skogbingel *Mercurialis perennis*, vårkål *Ranunculus ficaria*, grøftesoleie *R. flammula*, soleihov *Caltha palustris*, skogkarse *Cardamine pratensis*, havstarr *Carex paleacea*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 25.05.2002

Lokalitet 85 Litlesynken

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 2,9 da

Undertype Skrotemark (D15)

Verdi A - svært viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

Litlesynken er eit av fleire nedlagte kalkbrot i Mosterområdet. Drifta opphøyrd truleg for minst 50 år sidan, men det ligg framleis ein del skrapjern att. Dette er eit av dei mindre brota, med eit areal på ca. 60 x 60 m. Det er opptil 10 m høge vertikale skjeringer i berget. I den flate botnen av brotet er dreneringa dårleg, og det samlar det seg ein del vatn. Truleg tørkar vatnet meir eller mindre bort i tørre periodar utover sommaren. Det har blitt danna torv oppå lausmassene av kalkgrus og sand. Her er det fragment av rikmyr med artar som gulsildre, jåblom og blåstarr, og dessutan engmarihand, ein sjeldan orkidé kjend frå berre nokre få lokalitetar i Bømlo. Fordi torva er flekkvis fordelt, er det òg open jord, inkludert nokre små vasspyttar. I desse vart det registrert ein kransalge.

I den tørre kantsona av sjøve brotet veks den sjeldne og raudlista lodnefølblom. Denne kulturplanten er svært utsatt for attgroing av beite og slåttemark, men ser ut til å ha funne ei nisje her ved kalkbrota.

Registrerte raudlisteartar

Lodnefølblom *Leontodon hispidus* (DC)

Karakteristiske artar

Engmarihand *Dactylorhiza incarnata*, myrsaulauk *Triglochin palustris*, gulsildre *Saxifraga aizoides*, jåblom *Parnassia palustris*, hanekam *Lychnis flos-cuculi*, småblærerot *Utricularia minor*, tvebustarr *Carex dioica*, slåttestarr *C. nigra*, blåstarr *C. flacca*, kransalge *Chara* sp.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 86 Notlandsvågen

Hovudtype Kulturlandskap

Areal 7,4 da

Undertype Skrotemark (D15)

Verdi B - viktig

Områdeskildring og grunngeving for verdivurdering

På nordaustsida av Notlandsvågen ligg eit av områda der det har blitt vunne ut kalk i Mosterområdet. Sjølve brotet er ca. 100 x 70 m og strekker seg frå sjøen og opp ei sørvestvendt skråning. Grensene for lokaliteten er trekte noko lenger mot aust og nord, for å inkludere nokre kalkberg med karstformasjonar. Som naturtype har området fellestrekk med kalkrike strandberg. Dei veldrenerte berga har ein vegetasjon med mange tørketolande og kalkkrevende plantar, som t.d. blodstorkenebb og brudespore. Det vart òg funne flatrapp, som er ein sjeldan art i kommunen.

Registrerte raudlisteartar

Trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Rundskolm *Anthyllis vulneraria*, bergskrinneblom *Arabis hirsuta*, skogvikke *Vicia sylvatica*, knollerteknapp *Lathyrus linifolius*, blåfjør *Polygala vulgaris*, brudespore *Gymnadenia conopsea*, skogbingel *Mercurialis perennis*, kystgrisøre *Hypochoeris radicata*, vill-lin *Linum catharticum*, blodstorkenebb *Geranium sanguineum*, hårsveve *Hieracium pilosella*, kattefot *Antennaria dioica*, fingerstarr *Carex digitata*, blåstarr *C. flacca*, flatrapp *Poa compressa*, hjartegras *Briza media*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

Attgroing med buskar og tre, særleg einer, bjørk, furu og ask.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 28.05.2002

Lokalitet 87 Skimmeldalsdalen

Hovudtype	Skog	Areal	35 da
Undertype	Rik edellauvskog (F01)	Verdi	A - svært viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Skimmeldalsdalen ligg i dalen som går i nord-sør-retning frå Grønåsvågen til Notlandsvågen. Dalsidene er til dels godt markerte med berg og bratte skråningar, fleire stader med lauvskog på eit næringsrikt jordsmonn. Den rikaste lauvskogen, med mange treslag, ligg i den sørvestvendte dalsida frå Notlandsvågen og ca. 500 m innover dalen. Her veks det fleire grove almetre, og tre med høge stammar på 20-25 m. Også ask og hassel inngår i tresjiktet her. Lind og eik er karakteristisk i øvre del av skråninga i kulturlandskapet ved Notland. Eik med stammediameter på over 1 m vart registrert. Heile Skimmeldalsdalen består av gamle slåtte- og beitemarker, men det kan sjå ut til at i alle fall delar av skogen har stått her trass i ein sterk kulturfase. Skogen er eldst i sør, og yngre i den nordlege delen. Den yngre skogen har ofte mykje ask med stammediameter på opp til 10 cm.

Våraspektet er dominert av ramslauk, men før den kjem i bløming, er skjelrot, kusymre, nyresoleie, kystmaigull og vårmarihand dei karakteristiske, tidlege vårplantane i denne skogen. I sommaraspektet opptre skogbingel i mengder. I bergveggene er det stadvis mykje bergflette. Blant bergflette, på hyller i øvre del, er storfrytle ein dominerende art, ofte i eikeskog. Det sjeldne graset bergfaks førekjem spreidd der det er berglendt.

Lokaliteten er ei velutvikla oseanisk utforming av ein rik edellauvskog.

I kulturlandskapet ved Notland, ovanfor edellauvskogen, er det registrert beitemarksoppar, deriblant fleire raudlisteartar.

Registrerte raudlisteartar

Bergfaks *Bromus ramosus* (DC), silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R), hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R), kolskorpe *Ustulina deusta* (DC)

Karakteristiske artar

Alm *Ulmus glabra*, ask *Fraxinus excelsior*, eik *Quercus robur*, lind *Tilia cordata*, bergflette *Hedera helix*, ramslauk *Allium ursinum*, kusymre *Primula vulgaris*, gjerdevikke *Vicia sepium*, vårmarihand *Orchis mascula*, kystmaigull *Chrysosplenium oppositifolium*, skjelrot *Lathraea squamaria*, nyresoleie *Ranunculus auricomus*, løkurt *Alliaria petiolata*, skogbingel *Mercurialis perennis*, sanikel *Sanicula europaea*, småborre *Arctium minus*, klengemaure *Galium aparine*, hundekjeks *Anthriscus sylvestris*, storfrytle *Luzula sylvatica*, lundgrønaks *Brachypodium sylvaticum*, lundrapp *Poa nemoralis*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*

Registrert av Bjørn Moe og Asbjørn Knutsen

Dato 28.05.2002

Lokalitet 88 Vetahaugen

Hovudtype	Skog, Rasmark, berg og kantkratt	Areal	22 da
Undertype	Rik edellauvskog (F01), Kantkratt (B02)	Verdi	B - viktig

Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vetahaugen ligg like ved Moster gamle kyrkje og har tidlegare vore omtalt i samband med vern av edellauvskog (Korsmo 1975, Øvstedal og Sæthre 1988). Skogen ligg i skråningar med ulike eksponeringar frå sør til nord. Hassel er det dominerende treslaget, medan ask og lind førekjem spreidd. Alm manglar. Korsmo (1975) omtaler toppen av Vetahaugen som eit "hull i tresjiktet". Denne skoglause delen er ei tidlegare slåttemark som har vore under attgroing med buskar og tre. Feltsjiktet i hasselskogen er artsrikt med fleire artar som gir skogen karakter av oseanisk edellauvskog, slik som ramslauk, skogbingel og bergflette. Skogen har interessante kantsoner med vegetasjon knytt til kulturpåverknaden. Trollnype og slåpetorn inngår blant buskane, medan lodnefølblom, brudespore og vestlandsvikke er lyskrevjande artar knytte til parti med grunnlendt kalkjord, særlig i kanten av kalkbrot. Slike opne parti er i ferd med å gro att.

Fordeling av naturtypane: Rik edellauvskog 90%, kantkratt 10%.

Registrerte raudlisteartar

Lodnefølblom *Leontodon hispidus* (DC), trollnype *Rosa pimpinellifolia* (R)

Karakteristiske artar

Hassel *Corylus avellana*, slåpetorn *Prunus spinosa*, bergflette *Hedera helix*, ramslauk *Allium ursinum*, skogbingel *Mercurialis perennis*, stortveblad *Listera ovata*, storklokke *Campanula latifolia*, blankburkne *Asplenium adiantum-nigrum*, murburkne *A. ruta-muraria*, vestlandsvikke *Vicia orobus*, skogkløver *Trifolium medium*, jordnøtt *Conopodium majus*, brudespore *Gymnadenia conopsea*

Eksisterande inngrep og aktuelle trugsmål

